

Marit Sæter Lediard

Skaparglede

Ei undersøking i eit undervisningsopplegg i saum



Universitetet i Sørøst-Noreg
Fakultet for humaniora, idretts- og utdanningsvitenskap
Institutt for Estetiske fag
Postboks 235
3603-Kongsberg

<http://www.usn.no>

© 2019 Marit Sæter Lediard

Denne avhandlinga representerer 60 studiepoeng

Samandrag

Overordnet del av læreplanverket – verdier og prinsipper for grunnskuleopplæringa (Utdanningsdirektoratet, 2017) og andre styringsdokument er utgangspunkt for mi avhandling. Der eg har valt to omgrep frå Overordna del, som eg har tatt med inn i undersøkinga. Omgrepa er berekraftig utvikling og skaparglede. Berekraftig utvikling blir ein viktig del i skulen framover og er i denne avhandlinga ein rammefaktor for undervisninga mot elevane. Skaparglede er eit omgrep som ofte blir bruka, utan nokon særleg forklaring for kva omgrepet betyr for elevar og undervisning. Dette har eg søkt svar på gjennom undersøkinga og mi problemstilling;

«Korleis kan eit prosjekt i saum, med berekraft som ein rammefaktor, for elevar i grunnskulen, 1.-7. trinn, resultere i skaparglede?»

Eg har undersøkt korleis elevane uttrykkjer skaparglede, kva det er som gir dei skaparglede. Eg har og undersøkt om elevane heilt ned i 1.trinn kan meistre ei saumoppgåve og om dei ville oppleve skaparglede i prosessen. Eg har og sett på korleis det å arbeide med gjenbruksmateriale har påverka elevane si oppleving av skaparglede eller manglande skaparglede.

I mitt eige skapande arbeid har eg gjennomført eit saumprosjekt der eg sydde eit plagg eg aldri før har laga. Eg har gjennomført dette prosjektet med tilnærma like rammefaktorar som elevane. Eg bruke mitt eige skapande arbeid som eit grunnlag for å forstå elevane sin prosess og oppleving av skaparglede eller manglande skaparglede.

Elevane si oppleving av skaparglede kjem til uttrykk både verbalt, gjennom mimikk og kroppsspråk. Elevane opplever skaparglede eller manglande skaparglede på ulikt vis. Elevar som lærer seg saum med symaskin opplever skaparglede i dei prosessorienterte områda og da spesielt i det å bruke symaskina. Dei eldre elevane, som har større kunnskap, opplever i aukande grad skaparglede i meir produktorienterte område. Undersøkinga viser og at elevar i 1.trinn fint meistrar ei oppgåve i saum med symaskiner.

Med avhandlinga ønskjer eg å vise kva som gir elevane skaparglede og korleis elevane viser dette. Eg ønsker og å påverke bruken av symaskiner i tidlegare alder i skulen.

Abstract

Overordnet del av læreplanverket – verdier og prinsipper for grunnskuleopplæringen (Utdanningsdirektoratet, 2017), and other steering documents are the base for my thesis. I have chosen two concepts to take into my study. Sustainable development and creative joy. Sustainable development will be an important part of education in the future and in this thesis this will be one of the framework factors for the teaching of the students. Creative joy is a concept often used without any explanation for what this means for the students or for teaching. This is the answer for which I have searched for in my study and through my topic question;

“How can a project in sewing, with sustainability as a framework factor, for elementary school students, in 1st - 7th year, result in creative joy?”

I have studied how the students' express creative joy, what it is that gives them creative joy and if students all the way down to the 1st year can master a sewing task and if they experience creative joy in the process. I have also looked at how working with recycled materials effects the students' experience of creative joy.

In my own creative work, I have completed a sewing project with approximate equal framework factors as the students. I used my creative work as a way to understand the students' process and their experience of creative joy or lack thereof.

The students' experience of creative joy is expressed verbally, through facial expression and body language. The students experience creative joy or lack thereof in different ways. Students learning sewing with sewing machines experience creative joy in process-oriented areas and in particular with the use of the sewing machine. While the older students, with more knowledge, in increasing degrees, experience creative joy in a more product-oriented area. The study shows that students in the 1st year can master a task in sewing with sewing machines.

With this thesis, I wish to show what gives the students creative joy and how students express this. I also wish to influence the use of sewing machines at an earlier age in school.

«Det som er artig er å sy.»

(sitat frå gut i 4.trinn)

Forord

Denne masteren har vært interessant, lærerik og til dels hardt arbeid å gjennomføre. Temaet for avhandlinga har lenge vært ei utfordring og no gleder eg meg til å kunne gi elevane skaparglede.

Takk til gode kollegaer som har støtta meg gjennom dette, ikkje minst for at eg har fått tatt fri når det har vore behov. Takk til alle snille elevar som har deltatt og foreldra som har gitt meg lov til å forske på barna deira.

Takk til kollokviegruppa "Fuglekassa" for god hjelp og støtte.

Takk til sponsorar som hjelpte til med midlar til symaskiner og systua for gode råd.

Spesiell takk til mor for god inspirasjon og for å ha lært meg å sy min barndom. Min mann som har støtta meg og har laga mat til familien og til mine to barn som har oppført seg eksemplarisk og verkeleg har måtte levd med ei litt fråverande mor i det siste. Det skal bli godt å få tid til dere igjen. Takk til alle som har hørt på meg, lufta idear og som har leste, kommentert, støtta og dytta.

Sist men ikkje minst, ein stor takk til min fantastiske veileदारar som har vore med meg i opp- og nedturar.

Utan alle dere hadde dette aldri gått.

Surnadal 10.mai 2019

Marit Sæter Lediard

Til Far

Innhold

1	Innleiing	11
1.1	Bakgrunn for oppgåva	11
1.2	Didaktisk forforståing	12
1.3	Problemområdet og problemstilling	13
1.4	Avgrensingar	17
1.5	Definisjon av viktige omgrep.....	19
1.5.1	Saum.....	19
1.5.2	Skaparglede.....	20
1.5.3	Berekraftig utvikling	20
1.5.4	Aldersblanda undervisning.....	20
1.6	Disposisjon	21
2	Teori.....	23
2.1	Skaparglede.....	23
2.2	Flow	25
2.3	Kreativitet.....	26
2.4	Kommunikasjon	27
2.5	Rammefaktorar.....	28
2.5.1	Når starte med symaskiner	28
2.5.2	Aldersblanda undervisning.....	28
2.5.3	Samarbeid	29
3	Metode	31
3.1	Klasseromforskning	31
3.2	Kvalitativ forskning	32
3.3	Presentasjon av skuleundersøkinga	33
3.3.1	Utval av forskingssubjekt	33
3.3.2	Datainnsamling gjennom videoopptak.....	34
3.3.3	Arbeid med datamaterialet.....	34
3.3.4	Rammefaktorar.....	36
3.3.5	Gruppesamansetning	42
3.3.6	Oppgåve til elevane	43

3.4	Validitet	45
4	Eige skapande arbeid	47
4.1	Hatt	47
4.2	Skjorte.....	49
4.2.1	Min prosess	51
4.3	Oppsummering av funn	59
4.3.1	Skaparglede.....	59
4.3.2	Uttrykkje skaparglede	60
4.3.3	Kva gir skaparglede	61
4.3.4	Refleksjon over prosessen	62
5	Presentasjon av funn	65
5.1	Skaparglede	65
5.1.1	Forventing	65
5.1.2	Inspirasjon	67
5.1.3	Tekniske reiskap	68
5.1.4	Vise fram kunnskap.....	73
5.1.5	Lage.....	75
5.1.6	Vise fram det dei har laga.....	82
5.1.7	Forståing.....	85
5.1.8	Meistring	86
5.1.9	Være ferdig.....	87
5.1.10	Resultat.....	89
5.2	Manglande skaparglede	90
5.2.1	Manglande forventning	90
5.2.2	Manglande forståing.....	91
5.2.3	Manglande meistring.....	94
5.2.4	Manglande glede i å lage.....	94
5.2.5	Feil	96
5.2.6	Ting blir borte.....	97
5.2.7	Prosess.....	98
5.2.8	Manglande interesse for handverket	99
5.2.9	Produktanalyse av elevarbeid	99

5.2.10	Oppsummering av funn.....	101
6	Drøfting.....	105
6.1	Uttrykke skaparglede.....	105
6.1.1	Verbalt.....	105
6.1.2	Mimikk.....	106
6.1.3	Kroppsspråk	107
6.2	Kva gir skaparglede.....	108
6.3	Saum frå 1.trinn	112
6.4	Berekraft som rammefaktor	113
7	Avsluttande refleksjonar	115
7.1	Metodekritisk blikk	115
7.2	Didaktiske implikasjonar	116
7.3	Vidare forskning.....	117
7.4	Avsluttande kommentar	117
8	Kjeldeliste	118
9	Bidliste	123
10	Figurliste	125
11	Vedlegg.....	126
11.1	Vedlegg 1: Transkripsjonsskjema.....	126
11.2	Vedlegg 2: Samanfating Funn	127
11.3	Vedlegg 3: Samanfating funn ESA.....	136
11.4	Vedlegg 4: Produktanalyse.....	142
11.5	Vedlegg 5: Svar frå NSD.....	159
11.6	Vedlegg 6: Brev til foreldre	161
11.7	Vedlegg 7: Informasjon til foreldre.....	162
11.8	Vedlegg 8: Brev til foreldre	163

1 Innleiing

1.1 Bakgrunn for oppgåva

Min faglege bakgrunn er ei utdanning som faglærer i kunst og handverk. Eg arbeider som kontaktlærer på ein fådelt skule og har arbeid som lærar i omtrent 10 år.

Eg har alltid vore fasinert av det å lage ting sjølv. Eg har vokse opp med mor og bestemor som sydde og reparerte klede til seg sjølv og til oss barna. Sy og reparere klede var vanleg då eg var liten, men no er det vanleg at vi kjøper alle klede vi treng. Dei kleda eg har sydd meg opp gjennom tida er ofte klede for spesielle anledningar. Kjolar til skuleball og bukser med snitt som eg ikkje kunne finne i butikken. Eg har alltid kjent på stor glede i det å kunne sy. I det å kunne lage meg mine egne klede, hjelpe andre med klede dei trong å få ordna på, reparere klede som har gått i stykke, men og gleda i det å skape. Sjølve prosessen det er å lage eit produkt kan gjere at eg opplever mestring og ei oppleving av at tid og sted forsvinner og at eg er i eitt med arbeidet eg utfører.

Det å lære seg å sy kan ha ein direkte innverknad på forbruket vårt fordi vi ikkje treng å kjøpe nye klede kvar gong noko går i stykke. I tillegg til dette kan saum av egne klede ha ein innverknad på korleis ein oppfattar kleda sine. Klesdesigner, Mari Melilot, sa i eit foredrag under Design by Me hausten 2018, at ved å sy klede sjølve kan ein redusere forbruk fordi ein får eit anna forhold til klede ein sjølv har sydd. Samtidig som ein får større respekt for andre som syr klede i industrien. Ho meiner og at sying kan gi meistringsfølelse og at det kan være sosialt (Melilot, M. personleg kommunikasjon, 22. september 2018).

Dagens læreplan er under revidering og vi har allereie fått fastsatt Overordnet del av læreplanverket – verdier og prinsipper for grunnskuleopplæringen (Utdanningsdirektoratet, 2017), som eg i følgjande kallar Overordna del. Ut ifrå Overordna del har eg valt ut to omgrep som er relevante for faget Kunst og handverk og som eg vil sjå nærmare på. Dette er berekraftig utvikling og skaparglede. Desse omgrepa vil eg ta med vidare inn i mitt prosjekt og ut til elevane. Berekraftig utvikling har fått eit

eige avsnitt under dei tre tverrfaglege tema som skal gå igjen i alle fag (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.14). Berekraftig utvikling handlar mykje om å lære elevane gode holdningar, kunnskap om handlingar og ferdigheiter for å kunne ta berekraftige val i kvardagen.

Skaparglede er eit omgrep som ofte blir brukt, også i Overordna del, men som sjeldan blir forklart kva det omfattar. Under eit kurs for lærarar i kunst og handverk, forhørte eg meg med kurshaldar om omgrepet skaparglede. Eva Lutnæs, professor i fagdidaktikk ved OsloMet¹, lektor i kunst og handverk ved Ener ungdomskule og som sitter i læreplangruppa² for kunst og handverk, tolkar bruken av omgrepet skaparglede Overordna del slik: «Overordnet del gir lærerne ansvar for å tilrettelegge slik at alle elever skal kunne oppleve skaperglede.» (Lutnæs, E. personleg kommunikasjon, 26. april 2019). Eg har ei oppfatning, i forkant av dette prosjektet, at skaparglede for personar med erfaring i eit handverk kan oppfattast å være annleis enn for elevar som nett har begynt å lære handverket. Så for å kunne gi elevane i grunnskulen opplevinga av skaparglede må vi ha ei forståing om kva det er som gir elevane skaparglede og korleis dei uttrykkjer det.

Ved gi elevane ei oppgåve i saum, med berekraftig utvikling som ein rammefaktor, der elevane kan oppleve glede i å skape, håpar eg å bidra til å nærme oss ambisjonane om berekraftig utvikling og skaparglede i Overordna del.

1.2 Didaktisk forforståing

Som grunnlag for didaktisk forforståing legg eg til grunn mi erfaring av liknande oppgåver frå tidlegare arbeid i kunst og handverk. Saum som handverk i ei elevoppgåve har vore gjennomført tidlegare på same skule av meg. Det har vore eit saumprosjekt der elevane i 5. – 7. trinn. skulle lage seg puter. Altså har dei som no går i 6. og 7. trinn sydd på skulen tidlegare. Erfaringa frå tidlegare oppgåve er at rammefaktorane spelar ein rolle for opplevinga av prosessen. Problem med gamle symaskiner var skuld i mykje av den negative opplevinga eg og elevane hadde. Symaskinene sydde ujamt, sydde berre i retur

¹ OsloMet, står for Oslo Metropolitan University, Storbyuniversitetet(OsloMet, u.å).

² Læreplangruppa for kunst og handverk er dei som arbeider med å utvikle den nye læreplana.

eller virka ikkje i det heile tatt. Det ende opp med at eg tok med mi eiga symaskin til skulen for å kunne avslutte saumprosjektet. Dei fleste rammefaktorane på skulen har, i denne undersøkinga, vore tilsvarande i saumprosjektet som tidlegare prosjekt. Det som var annleis i dette prosjektet, var investering i tre nye symaskiner, tilrettelegging for handtering av stoffavfall og sjølve produktet som elevane skulle lage.

I gjeldande læreplan, Læreplanverket for Kunnskapsløftet LK06, som eg i følgjande kallar LK06, står bruken av symaskin spesifikk som eit reiskap elevane skal kunne bruke, men det er kompetansemål først etter 7. årstrinn (Utdanningsdirektoratet, 2006). Eg vil utfordre tanken om at yngre elevar og har nytte og glede av å bruke symaskina. Dette kjem eg tilbake til når eg presenterer utval av elevmasse til undersøkinga og i drøfting/resultat.

Kompetansemål etter 2. årstrinn, som kan rettast mot stoff, er å kunne tvinne, klippe, lime, rive, flette stoff og papir for å lage enkle bruksgjenstandar (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 4). Her vil materiallære om stoff og kompetanse i å klippe kunne kome inn. Etter 4. årstrinn er det kompetansemål som seier at elevane skal kunne sy, men også kompetansemål som seier at elevane skal kunne bruke handreiskap som er hensiktsmessig for å arbeide med stoff (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 5). Eg tolkar dette til at elevane skal kunne bruke handsaum med nål og tråd for å sy og ikkje at dei skal bruke symaskin. I kompetansemåla etter 7. årstrinn står det at elevane skal kunne «bruke symaskin og enkelt elektrisk håndverktøy i en formgivningsprosess» (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 6). I kompetansemålet for 7.trinn er det spesifisert at elevar skal lære å bruke ei symaskin. Dette er dagens gjeldande kompetansemål, seinare presenterer eg kompetansemåla som er ute på høring i skrivande stund.

1.3 Problemområdet og problemstilling

Mi oppleving er at saum er på tur inn i dagens handverksbilde, slik som strikking har vore no i mange år. Det tyder på at det er aukande interesse for å skulle sy eigne klede. Fleire skriv bøker, gir ut mønster og sel stoff. Nettstader dukkar stadig opp med nye videoar og

idear. Instruksjonsvideoar er ikkje særleg vanskeleg å finne på YouTube og andre stader på internett. Måtar å tileigne seg kunnskap på er stor. Likevel er eg redd for at kunnskapen om å sy blir borte for folk flest.

Dagens motebilde skiftar i raskt aukande grad. Klede blir produsert, brukt og kasta i stadig større omløp enn før. I følgje World economic forum, har innkjøp av klede på verdsbasis auka med 60% frå 2000 til 2014 og forbrukarane brukar klede berre halvparten så lenge (Drew, D. & Reichart, E. 2019). Dei estimerer og at det blir kasta klede i verda tilsvarende volumet av ein søppelbil kvart sekund (Drew, D. & Reichart, E. 2019). Problemet med dette er at det er svært stor innverknad på miljøet å produsere nye tekstiler til klede. Som døme treng ein så mykje som 2700 liter vatn for å lage ei bomullst-skjorte. Produksjonen av ei dongeribukse slepp ut cirka like mykje drivhusgassar som ein 13 mils biltur og klede som ikkje er biologisk nedbrytbare kan bruke 200 år før dei er borte frå søppelplassane (Drew, D. & Reichart, E. 2019). Mange arbeider med dette, verda over, og sjølv om det er mange måtar å endre dette, er det ikkje ein måte som endrar alt. Eg meiner alle bør bidra til endring av forbruket av klede. Det vi kan gjere i skulen er til dømes å lære elevar å sy og dermed vil elevane kunne reparere og sy om dei klede dei alt har. Dette vil kunne hjelpe elevane til å auke levealderen på sine klede.

I Overordna del er omgrepet berekraftig utvikling sterkt til stade. Berekraftig utvikling er når ein tar vare på dagens behov for menneske i dag, men og vernar om livet på jorda, utan at det går ut over framtidens generasjonars grunnlag for å dekkje sine behov (FN-sambandet, 2019). Dette synet blir difor teke med som rammefaktor for undervisningsopplegget, men og som ein argumentasjon for kvifor det er viktig å lære elevar å sy i skulen.

Omgrepet skaparglede blir og brukt i Overordna del. I kapittel 1 Opplæringens verdigrunnlag, avsnitt 1.4 Skaparglede, engasjement og utforskartrøng står det at «skolen skal la elevane utfolde skaparglede, engasjement og utforskertrøng, og la dem få erfaring med å se muligheter og omsette ideer til handling» (Utdanningsdirektoratet, 2017. s. 7-8). Kva skaparglede er eller korleis det kan kome til uttrykk står det lite om. Eg vil med mi

avhandling forsøkje å gå nærmare inn på korleis skaparglede uttrykkjast av elevane, kva det er som gir elevane skaparglede og sjå på eventuelle forskjellar mellom dei ulike trinna.

I Stortingsmelding 28 –Fag- fordypning – forståelse- en fornyelse av kunnskapsløftet, som eg i følgande kallar St. meld 28, er omgrepet dybdelæring framheva som svært viktig i alle fag (kunnskapsdepartementet, 2016, s. 14). I St. meld 28 definerer dei dybdelæring som «at elevane gradvis og over tid utvikler sin forståelse av begreper og sammenhenger innenfor et fag» (kunnskapsdepartementet, 2016, s. 14). I St. meld 28 manar dei til at vi skal bruke nok tid på emne slik at elevane skal sjå samanhengar og korleis dei mindre delane i faget heng saman i ein heilheit. I Overordna del har dybdelæring vorte til at elevane skal utvikle forståing av sentrale element og samanhengar i faga (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.11). Dette for at elevane skal kunne bruke sin kompetanse i kjente og ukjente samanhengar. For å få dette til må det prioriterast kva som er viktigast i faget. Bjørn Bolstad, rektor ved Ringstadbekk skole i Bærum stiller seg kritisk til denne definisjonen av omgrepet dybdelæring og er redd for at dette vil føre til eit meir teoriretta kunst og handverk (Bolstad, 2019, s. 25). Han siktar til at elevane skal utvikle forståing av omgrep og at dette fører til testing av omgrepsforståing. Ut frå eit samfunnsmessig syn tør eg å påstå at å lære elevane kunnskap som kan være til stor hjelp i kvardagen og nyttig i eit berekraftig syn er viktig, her oppfatta som at saum går inn under dette. Det er derfor viktig å gi elevane oppgåver i saum som strekkjer seg over tid slik at dei kan sitje at med nyttig kompetanse.

Fram til no har bruken av symaskin vore spesifikt nemnt som eit av reiskapane som skal brukast i kunst og handverk frå læreplana (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 6). Symaskin er faktisk det einaste elektriske reiskap som står eksplisitt i læreplana for grunnskulen. Den nye læreplana (Utdanningsdirektoratet, 2019) som kjem om få år er det ikkje sikkert at dette blir spesifisert. Kompetansemåla som er ute på høring viser, slik eg tolkar det, at kva for reiskap skulane kan velje å bruke er mindre spesifikt. Her er dei kompetansemåla, slik eg tolkar dei, som kan brukast opp mot saum;

Etter 2 trinn:

- *Utforske håndverksteknikker og håndverktøy i utforming av tre, leire og tekstile materialer på en miljøbevisst og trygg måte.*

- *Utforske egenskaper ved materialer og dele sanseerfaringer.*

Etter 4. trinn:

- *Bruke håndverktøy og sammenføyningsteknikker i tre, leire og tekstil på en miljøbevisst og trygg måte.*
- *Gjennomføre kunst- og designprosesser ved å søke inspirasjon, utforske muligheter, ta valg og lage egne produkter.*
- *Prøve ut ulike ideer og muligheter i gjenbrusmaterialer og formidle til andre hvordan man i egen hverdag kan bidra til å ivareta natur og miljø.*

Etter 7. trinn:

- *Bruke ulike teknikker, elektriske verktøy og håndverktøy i reparasjon, bearbeidelse og sammenføyninger av harde, plastiske og myke materialer på en trygg og miljøbevisst måte.*
- *Undersøke materialers egenskaper og funksjon i ulike gjenstander og vurdere materialers holdbarhet og mulighet for reparasjon og gjenbruk.*
- *Bruke ulike strategier for ideutvikling og problemløsning.*

(Utdanningsdirektoratet, 2019, s. 5-7)

Ut i frå dei foreløpige kompetansemåla som er på høring er det mange av dei som kan brukast som mål til å lære handverket saum med symaskin, men læreplana held på inndelinga med handverktøy i 1.-4.trinn, for så å innføre elektriske verktøy i 5.-7.trinn. Endringa frå LK06 og til læreplana som er på høring, slik eg tolkar teksta, er at ingen elektriske verktøy er eksplisitt nemnt i høringsforlaget. Dette kjem eg tilbake til seinare i avhandlinga.

Med å bevisst velje å fokusere på bruken av symaskiner inn i undervisning og opplæring av elevane i saum, vil eg teste om saum kan være ei ramme for å arbeide med skaparglede og for å oppnå læringsutbytte på dette området etter Overordna del sine ambisjonar.

Problemstillinga lyder slik:

«Korleis kan eit prosjekt i saum, med berekraft som ein rammefaktor, for elevar i grunnskulen, 1.-7. trinn, resultere i skaparglede?»

Forskarspørsmål:

«Korleis uttrykkjer elevane glede i ein skapande prosess?»

«Kva er det i ein saumprosess som gir skaparglede?»

«Kan elevar heilt ned i 1. trinn bruke symaskin og oppleve skaparglede i eit saumprosjekt?»

1.4 Avgrensingar

Her vil eg klargjere kva for avgrensingar eg har satt for avhandlinga sitt undersøkingsområde. Denne avhandlinga vektar sterkt det didaktiske, då eg undersøker eit undervisningsopplegg i grunnskulen, 1.-7.trinn og mitt eige skapande arbeid er brukt som grunnlag for forståing av funn i elevundersøkinga.

I arbeid med Overordna del, der eg har skreve ned stikkord og forsøkt å trekkje ut essensen av dei tre kapitla Opplæringens verdigrunnlag, Prinsipper for læring, utvikling og danning og Prinsipper for skolens praksis (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 5-19). Ut av desse stikkorda er det to omgrep som særleg har fanga mi merksemd. Dette er omgrepa skaparglede og berekraftig utvikling. Desse omgrepa meiner eg er viktige for faget Kunst og handverk, men og at dei er viktige for ei oppgåve i handverket saum. Å oppleve skaparglede gjennom faget kunst og handverk er viktig for elevane, fordi dette kan gi dei motivasjon og den utholdinga dei treng i ein skapande prosess. Når dei kjenner skaparglede, sjølv på små områder, kan det hjelpe dei vidare når dei står fast. Berekraftig utvikling er avgjerande for å i vare ta verda vår. Å lære elevane eit handverk som dei kan ha nytte av i kvardagen og i eit berekraftig samfunn er difor relevant.

I eit kunst og handverkprosjekt er det svært mange områder ein kan undersøkje og eg har valt saum med symaskin som område. Dette har eg valt ut av eigen interesse, at det er eit relevant felt innan faget og fordi eg meiner det er eit område innan kunst og handverk som er viktig for dagens pressande miljøproblem. Eg har igjen avgrensa undersøkinga til saum av eit berereiskap, som kan brukast i staden for plastposar. Vi har i tidlegare undervisning hatt fokus på kva plast, og da særleg på kva plastsøppel gjer for naturen, i samband med strandryddedagar og liknande prosjekt i skulen. Temaet berekraftig utvikling er difor kjent for elevane frå tidlegare undervisning.

Sjølv i handverket saum er det igjen mange områder å velje mellom. Eg har forsøkt i figur 1, å visualisere kva ein saumprosess kan innebære, sjølv ikkje dette i endeleg omfang. Ringane representerer ulike område innafor ein saumprosess og dei gule ringane er dei områda eg har valt å undersøkje og da særskilt dei mørke gule, berekraftig utvikling og skaparglede.



Figur 1: Visualisering av undervisning av ein saumprosess.

I skulen er det læreplana som ligg som grunn for å undervise i saum. I ein saumprosess er det og dybdelæring og progresjon i det at elevane må lære det grunnleggjande i saum før dei kan gå inn i større prosjekt som entreprenørskap og designutvikling av produkt. I denne avhandlinga vil berekraftig utvikling være grunn til tilrettelegging for

berekraftige handlingar i sløydsalen. Punktet eg vel å gå nærmare inn på i undersøkinga med elevane er skaparglede i saumprosessen.

1.5 Definisjon av viktige omgrep

I dette kapittelet definerer eg omgrep som er relevante for avhandlinga. Eg vil og avgrense og klargjere kva eg legg i omgrepa.

1.5.1 Saum

I følge Store norske leksikon er saum definert som «alle typer nålearbeid, utført enten for hånd eller maskinelt» (Kjellberg, 2009). Omgrepet saum blir brukt for både broderi og nyttesaum. Nyttesaum blir brukt for å samanføye to eller fleire lag med stoff. Ut frå dette ser eg på saum i denne avhandlinga som nyttesaum da elevane skal lære seg å sy enkle saumar på symaskin for å kunne bruke saum som reiskap i kvardagen seinare.

Melilot har skreve boka «Alle kan sy» (Merlilot, 2017). I boka har ho eit eige kapittel som ho kallar «Sy». Her presenterer ho ulike typar saumar, slik som, rettsaum, sikksakksaum, saummon med meir (Merlilot, 2017, s. 18-19). Ho skriv og kort om kva for reiskap som trengs å brukast før ein kan sy. Slik som stoffsaks, knappenåler, måleband, strykejern og sprettekniv³ (Merlilot, 2017, s.11). Melilot presenterer i kapitelet kva ein må kunne for å sy. Altså det elevane må lære seg.

Eg støtter meg til definisjonen som Store Norske Leksikon kjem med. For at elevane skal kunne å sy seg eit produkt er det mange andre ting dei og må kunne meistre, som Melilot beskriv i boka si.

³ Eg tar med dei reiskap som elevane har brukt, mens Melilot nemner fleire reiskap.


1.5.2 Skaparglede

Skaparglede er, av Det Norske akademis ordbok, definert som «glede over å skape noko» (Skaperglede). Å forstå at ordet skaparglede betyr gleder over å skape noko ligg naturlegvis i ordet. Det er sjølvforklarande, men å forstå kva skaparglede betyr for elevar og i kva grad og korleis ein skal kunne observere uttrykt skaparglede er ikkje så enkelt. Dette kjem eg tilbake til seinare i teksta.

1.5.3 Berekraftig utvikling

Berekraftig utvikling definerast ifølgje FN-sambandet som ei utvikling som tilfredsstillar dagens behov utan å øydelegge framtidige generasjonars muligheiter til å tilfredsstille sine behov (FN-sambandet, 2019).

Det er samanhengen mellom desse tre dimensjonane, miljø, sosiale forhold og økonomi, som avgjør om noko er berekraftig ifølgje FN-sambandet.




Figur 2: FN-sambandets tre dimensjonar for berekraft (FN-sambandet, 2019).

1.5.4 Aldersblanda undervisning

Som ein måte å organisere undervisninga på, og som er naturleg i ein fådelt skule, slik som den prosjektet blir gjennomført på, er det det å ha aldersblanda undervisning nyttig. Aldersblanding som ein pedagogisk metode er å ha ulike årstrinn inn i undervisninga og å bruke dei elevane med meir kompetanse som hjelpelærarar opp mot dei elevane som treng støtte og veilleiing for å komme seg vidare med oppgåvene dei har (Melheim, 2009, s. 45).

1.6 Disposisjon

Avhandlinga si oppbygging er vist i modellen under. Overordna del og andre styringsdokument gir grunnlag for undervisningsopplegget og organisering av undervisning. Undervisningsopplegget, i tillegg til organisering av klasserom og elevar er grunnlaget for undervisninga. Dokumentasjon av undervisninga er gjennomført med videoopptak, både oversikt og handhelde kamera er bruka. Desse opptaka er grunnlaget for funn, tolking og drøfting opp mot teori. Eige skapande arbeid, som eg i det følgjande kallar ESA, blir brukt for å forstå elevane sin prosess og min prosess blir tatt med inn i drøftinga og for å finne svar på problemstilling. Til slutt kjem eg med avsluttande refleksjonar.



Figur 3: Modell over avhandling.

Her vises korleis oppgåva gå vidare.

Kapittel 2 Teori

Her presenterer eg teori som er relevant for avhandlinga si drøfting.

Kapittel 3 Metode

Presenterer eg korleis eg har gått fram i undersøkinga og kva for metode som er brukt, eg vurderer og validiteten på min metode.

Kapittel 4 Eige skapande arbeid

I dette kapitlet presenterer eg min prosess og oppleving av skaparglede.

Kapittel 5 Presentasjon av funn

Her presenterer eg funn på skaparglede ut frå transkribering av undervisninga, sortert i kategoriar. Kategoriane blir forklart i kvar del.

Kapittel 6 Drøfting

I drøftingskapitlet drøftar eg elevane sin skaparglede opp mot ESA og teori.

Kapittel 7 Avsluttande refleksjonar

Avslutningsvis kjem eg inn på metodekritisk blikk, didaktiske implikasjonar, forslag til vidare forskning og avsluttande kommentar.

2 Teori

I dette kapittelet vil eg presentere teori som er relevant for å drøfte funn og finne svar på mi problemstilling.

2.1 Skaparglede

I Opplæringslova sin formålsparagraf står det at elevane «[...] skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng» (Opplæringslova, 2016, § 1-1). I overordna del er det eit eige avsnitt som omhandlar dette, «1.4 Skaperglede, engasjement og utforkertrøng». Der står det at «skolen skal la elevane utfolde skaperglede, engasjement og utforkertrøng, og la dem få erfaring med å se muligheter og omsette ideer til handling» (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 7). Det står vidare lite om kva skaparglede er eller korleis dette kjem til uttrykk. Dei skriv derimot i Overordna del at barn ønsker å skape og at skulen skal gi barna ulike måtar å skape på og at dei skal utvikle seg «gjennom sansing og tenking, estetiske uttrykksformer og praktiske aktiviteter» (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 7). Det står og at elevanes lyst til å vite og kraft til å skape skal gjennom skulen verdsettast og stimulerast og at elevane skal gjennom heile grunnskuleopplæringa få bruke sine skapande krefter (Utdanningsdirektoratet, 2018, s. 8). For å sjå litt nærmare på dette vil eg sjå på verbet utfalde. I språkrådets nynorskordbok blir verbet utfalde forklart med synonyma «la kome til uttrykk, utvikle, bruke, frigjere» (Utfalde, u.å). Ut frå forklaringa på verbet utfalde tolkar eg at Overordna del meiner at skaparglede er noko som kan kome til uttrykk og som kan utviklast og brukast. Altså meinast det, ut frå mi tolking, at skaparglede er noko som blir uttrykt av dei som opplever gleda over å skape. Skaparglede kan utviklast i undervisning og noko som kan brukast for å få elevane til å få lyst til å skape.

I følgje Norsk institutt for kreativitet er «kreativitet [...] det som gir skaperglede eller tilfredsstillelsen ved å ha løst en oppgave.» (Norsk institutt for kreativitet, u.å). Dette er eit resultat av studiar på kreativitet og dei skriv at omgrepet skaparglede ofte blir brukt om den kreative opplevinga i ein skapande prosess. Dei skriv og at «den kreative prosessen ofte medførte bestemte stemningar eller sinnstilstander». Norsk institutt for

kreativitet understreker og at ein som har prøvd noko mange gonger ikkje føler på same skaparglede som ein som prøver noko for første gong.

Det engelske omgrepet Creative joy er det nærmaste vi kjem skaparglede på norsk.

Marianne Elliott, menneskerettighetsadvokat, skribent og yogalærer definerer Creative joy slik:

“[...] Connecting with my essential creative practices for the pure joy of them. Asking ‘What does my whole being need right now?’ rather than ‘What’s next on the list?’” (Elliot 2013).

Slik eg forstår dette sitatet meiner Elliot at skaparglede noko ein opplever når ein har ein kreativ prosess som ein sjølv har gått inn i av eigen glede til prosjektet. Å inngå i ein skapande prosess for å tilfredstille egne behov i standen for å gjere nødvendige kvardagslege oppgåver.

I følge den svenske utredninga om innovative prosesser «Sverige Utredning om innovativa processer» (Sou 2003:90, s. 112), viser dei til Joseph A. Schumpeters forklaring til kvifor entrepenørar går inn i problem som er i eit innovativt initiativ. I følge utreiinga meiner Schumpeter det er motivasjon om å skape noko nytt, noko som ein sjølv har laga. Han seier og at det styrast av viljen til å bevise seg sjølv betre enn andre, for suksess, ikkje berre for sjølve frukta suksessen bring, men suksess i seg sjølv og til slutt beskriv han motivasjon ut frå skaparglede. «There is a joy of creating, of getting things done, or simply of exercising one`s energy and ingenuity” (Sou 2003:90, s. 112). Vidare skriv dei at drivkrafta ser ut til å komme av ein intern karakter.

Ut frå dette støttar eg Schumpeters tankar om motivasjon til å lage noko sjølv og at skaparglede kan komme av å få ting gjort, men for å utøve eins energi og oppfinnsemd meiner eg at ein må ha ein viss kompetanse innan eit handverk før dette resulterer i skaparglede. Forklaringane på omgrepet skaparglede har til felles er at dei meiner skaparglede er noko ein opplever i ein skapande prosess. Skaparglede, om ein skal tru Elliot og Schumpeter, har utspring frå eit ønske om å tilfredstille ein indre skapartrøng.


Skaparglede er forstått som ei oppleving som kjem til uttrykk i ytre glede. Eg er einig i at skaparglede blir uttrykt i glede, men eg er ikkje overtydd om at elevanes skaparglede alltid kjem av ein indre trong til å skape. Dette blir skaparglede på eit høgare nivå enn når ein elev først skal lære seg eit handverk.

Ut i frå desse definisjonane på skaparglede vel eg i denne avhandling å tolke skaparglede som ein indre glede, ofte spontan, som kjem til uttrykk på ulikt vis og kjem av ulik art i ein skapande prosess og motsett vil opplevinga av manglande skaparglede vise seg ved misnøye.

2.2 Flow

Fordi definisjonen av omgrepet Skaparglede er gleden over å skape noko er det naturleg å kome inn på omgrepet, glede. Mihaly Csikszentmihalyi, ein ungarsk-amerikansk psykolog har kome opp med omgrepet «Flow» (Olafsson & Gulliksen, 2019, s. 260). Flow er på norsk flyt, og som eg i følgjande kallar flyt. I følgje Csikszentmihalyi er det når ein person som arbeider med ei oppgåve finn seg mellom stor utfordring og høge ferdigheiter, at ein opplever flyt, og opplever ein flyt, opplever ein og glede over det ein gjer (Olafsson & Gulliksen, 2019, s. 260). Oppgåva må ikkje være for utfordrande eller for enkel for personens kunnskap. Det må opplevast som oppnåeleg. Eg tolkar «stor utfordring og høge ferdigheiter» til å tyde store utfordringar sett med utgangspunkt i personen sine ferdigheiter. Altså vil alle kunne oppnå flyt ut frå sitt utgangspunkt. Dermed må utfordringane auke etter kvart som ferdigheitene til personen aukar. Dersom utfordringane ikkje aukar i takt med ferdigheitene vil oppgåvene opplevast som kjedelege og personen vil ikkje oppleve flyt.

Csikszentmihalyi meiner at flyt kan oppstå i alle slags situasjonar, ikkje berre kunstnariske, men og når nokon stryk klede eller kjører ein bil. Det er dei subjektive utfordringane og ferdigheiter som avgjer om ein person opplever flyt (Snyder & Lopez. 2009. s. 196). Figur 4 illustrere i kva for område ein som utøver ei oppgåva opplever flyt.



Figur 4: Csikszentmihalyi illustrasjon av "Flow" (Mulder, P. 2012)

I følgje Brynjar Olafsson og Marte s. Gulliksen er omgrepet flyt ein mental tilstand som gjer at personane som opplever flyt er oppslukt i aktiviteten. Personane som opplever flyt har full fokus på oppgåva dei held på med og opplever både glede og ein god følelse. For å oppnå flyt må oppgåva finnast eit sted mellom utfordring og ferdighet (Olafsson & Gulliksen, 2019, s. 260).

2.3 Kreativitet

Store norske leksikon definerer kreativitet til «skapende evne eller virksomhet, idévirksomhet» (Kreativitet, 2009). Kreative personar har, ut frå definisjonen, evne til å lage noko, så kjem nivåinndeling av kreativitet inn for å avgjere kor kreativ personen er. Olafsson og Gulliksen (2019) presenterer i sitt kapittel *Kreativitet i begynneropplæringen*, i boka *Den viktige begynneropplæringen -en forskingsbasert tilnærming*, kva kreativitet er og korleis kreativitet kan delast inn i ulike nivå. Dei definerar kreativitet som noko som er nytt og formålstenleg. Dette vil seie at den kreative handlinga må være ny for den som utfører handlinga eller for feltet og at den kreative handlinga tener sitt formål.

For å forklare nivå av kreativitet går Olafsson og Gulliksen særskilt inn på 4-c modellen. 4-c modellen deler inn kreativitet på følgjande måte: Big-c, der det kreative bidraget går

inn i historia vår og hugsa som revolusjonerande innan sitt felt (felt her forstått som område innan kunst, vitskap og liknande). Pro-c, er bidrag som hjelper å utvide og endre eit felt. Little-c er kreative bidrag som endrar og løyser kvardagsproblem på ein betre måte og til slutt mini-c er det som gir meining for enkeltindivid i ein utviklingsprosess og er det «øyeblikket ny innsikt oppstår» (Olafsson & Gulliksen, 2019, s. 252). I denne avhandlinga vil det kreative være relatert til mini-c nivå, men med kompetansen som kan kome av å lære seg handverket saum kan elevane i seinare situasjonar oppleve eit little-c nivå eller kanskje høgare nivå. I slike augeblikk med ny innsikt meiner eg det ofte oppstår skaparglede.

2.4 Kommunikasjon

I følgje Store norske leksikon er kommunikasjon eit ønske om å dele informasjon med andre. Dette kan være gjennom språk, ikkje-språklege lyder, som sukking og gester og fakter, som nikking (Allott, 2018).

I følge Dan Sperber (Brockman, J & Matson, K. 1995) er måten vi kommuniserer på avhengig av å ha eit felles språk og måten vi kan kommunisere ut frå eit felles språk er på måten vi dekodar ytringar frå andre og igjen kodar dette ut frå vår forståing av situasjonen og intonasjon av den som seier noko. Vi kan skjønne kva andre meiner, sjølv om det som blir sagt blir sagt med få ord, ut frå konteksten den personen som snakkar er i. Han seier og at for å kunne kommunisere er den som ytrar avhengig av at den som mottar kan antyde meininga med ytringa.

Ut frå dette meier eg at ut frå elevane sin kommunikasjon kan eg, med mi forståing av situasjonen som elevane er i, tolke kva deira meining med verbale ytringar, mimikk og kroppsspråk er.

2.5 Rammefaktorar

Den didaktiske relasjonsmodell viser ein måte å planleggje, gjennomføre og evaluere undervisning (Baltzersen, 2014). Rammefaktorar er ein del av den didaktiske relasjonsmodellen. Undervisninga har mulegheiter eller avgrensingar ut frå kva rammefaktorar skulen har. Døme på rammefaktorar er dei fysiske rammene undervisninga går føre seg i, slik som klasserom, reiskap og anna utstyr, men det er og lærarens kompetanse, fagets timar og læreplaner og forskrifter (Baltzersen, 2014).

2.5.1 Når starte med symaskiner

Maria Forsström og Maria Larsson har skreve om «Slöjd⁴ från år 1 –önskedröm eller möjlighet?» (Forsström & Larsson, 2008). I deira oppgåve fekk pedagogar på to ulike skular uttala seg om fordelar og ulemper med å begynne med kunst og handverk alt frå 1. trinn (Forsström & Larsson, 2008). Argumenta for og imot kan koplast opp mot bruken av symaskiner. Argumenta Forsström og Larsson fant for å begynne med kunst og handverk tidlegare var oppøving av motorikk og at elevar som syns skulen er for teoretisk, får noko praktisk å ta tak i. Mens det som peika mot tidleg oppstart var sjansane for ulykker og at konsentrasjonen til dei yngre er lågare (Forsström & Larsson, 2008. s. 29-30). I følgje svensk læreplan skal elevane i årskurs 4-6 kunne bruke handreiskap, reiskap og maskiner på ein sikker måte (Skoleverket, u.å) og i finsk grunnleggjande læreplan er tilsvarende kompetansemål alt i årskurs 3-6 (Studieinfo, 2014).

2.5.2 Aldersblanda undervisning

Skulen som prosjektet er gjennomført på er ein fådelt skule der 1.-4. trinn og 5.-7. trinn har felles undervisning. Teori om aldersblanda undervisning er difor relevant inn i avhandlinga.

Arve Åsheim skriv i boka, Nærmiljøpedagogikk, om «Aldersblanding som idé, prinsipp og metode i nærmiljøskulen» at ved aldersblanda undervisning der elevar blir brukt som

⁴ I Sverige kallar dei handverksdelen i kunst og handverk for slöjd.

hjelpelærer og ressurs, der den eldste eleven skal lære bort til yngre elever viser det seg at det er både faglege og sosiale gevinstar. «Dei eldste elevane får prøve det å være ressurspersonen og oppnår auke i sjølvmedvit og personleg tryggleik. Dei får fagleg repetisjon ved å undervise andre, stille spørsmål og gjennomgå for dei yngste, som på si side får ein «lærer» som ligg nær dei i alder og er lett å identifisere seg med» (Melheim, 2009 s 45). I følge Brite Kandals kapittel Nærmiljøskolen – god arbeidsplass for vaksne og læringsarena for barn, i boka Nærmiljøpedagogikk, er utfordringa «å sette saman gode grupper slik at elever kan trekke kvarandre oppover» (Melheim, 2009, s.76).

2.5.3 Samarbeid

I følge Ellen Høeg og Egil Hjertaker sitt kapittel «Å lykkes med kreativt arbeid i samarbeidssituasjoner», i boka Skaperglede, engasjement og utforkertrang, er samarbeid ein struktur i gode læringsprosessar. Samarbeidsstrukturen er god for å nå både faglege og sosiale mål på same tid, samtidig som samarbeid gir personleg utvikling. Elevar arbeider då i små heterogene grupper mot eit felles, forpliktande mål der alle i gruppa har ansvar for læringsresultat og samspel. I ein slik samarbeidsstruktur er det ikkje læraren som er ressursen, men medelevane som er ressurspersonar for kvarandre (Karlsen og Bjørnstad, 2019, s.105).

I motsetning til samarbeidslæring, der elevane arbeider saman i grupper om eit felles mål, har eg i denne avhandlinga avgrensa samarbeid i grupper til å omhandle elevanes ansvar for å hjelpe kvarandre til å oppnå resultat i kvar sitt mål. Dei arbeider saman, men ikkje om felles mål i forståing av felles produkt.

3 Metode

For å kunne finne svar på problemstillinga «*Korleis kan eit prosjekt i saum, med berekraft som ein rammefaktor, for elevar i grunnskulen, 1.-7. trinn, resultere i skaparglede?*» har eg tatt enkelte val i metode for å få dette til. Eg har gjennomført undersøkinga i to deler. Den eine delen har vore i undervisningssituasjon med elevar i 1.-7. trinn på ein fådelt skule og den andre delen har vore mitt eige skapande arbeid.

I metodekapittelet vil eg først presentere vitskapleg ståsted for undersøkinga eg har gjennomført i mi avhandling. Så presenterer eg skuleundersøkinga og til sist stiller eg spørsmål ved oppgåvas validitet.

3.1 Klasseromforskning

Eg har valt å bruke klasseromforskning for å belyse mi problemstilling «*Korleis kan eit prosjekt i saum, med berekraft som ein rammefaktor, for elevar i grunnskulen, 1.-7. trinn, resultere i skaparglede?*». Her har eg take videoopptak av undervisninga, både for 1.-4. trinn og 5.-7. trinn og eige skapande arbeid, der eg ser på prosessen og hendingar som gir innhald til problemstillinga. Prosjektet er meldt til og godtatt av Norsk senter for forskningsdata, NSD, da elevane er identifiserbare i videoopptaka (vedlegg 5). Det er videoopptaka av elevane som er grunnlaget for observasjon og funn. Eg vil bruke mitt eige skapande arbeid som eit reiskap for å forstå elevane sitt ståsted når det gjeld skaparglede.

Peder Haug har skreve, på oppdrag av Kunnskapsdepartementet, eit notat om «kunnskapsstatus innen klasseromforskning og vurdering av konsekvenser for lærerrolle og lærerutdanning.» (Haug, 2011, s. 4). Der skriv han først generelt om kva klasseromforskning er og i følgje han er det «forskning på pedagogisk praksis, eller prosessane i undervisning og læring der dei måtte gå føre seg» (Haug, 2011s. 4). Han påpeikar at det ikkje er begrensa til undervisning i vanleg klasserom, men der undervisning og læring skjer i regi av skulen.

I klasseromforskning søker ein å finne svar på korleis undervisning og læringsaktivitetar kan bidra til elevars læring. Der dei før har i stor del bruka kvantitative og statistiske samanhengar har dei i seinare tid gått over til ei kvalitativt orientert forskning. Haug (2011, s.5) omtalar dette som det humanistiske sporet i klasseromforskning. I mi avhandling vil det være den kvalitative forskinga som gjeld.

Som metodologisk tilnærming til klasseromforskning er det gjerne brukt ulike måtar for observasjon, som og kan kombinerast med andre data som spørjeundersøkingar og dokumentanalyser (Haug, 2011, s. 5). Klasseromforskning er ofte utført i naturlege rammer, altså observasjon i klasserom utan spesiell tilrettelegging (Haug, s. 4). Haug (2011, s.6) skriv og at «for å unngå bias i høve til kategoriar og personar har fleire gått over til lyd og bildeopptak av undervisninga og aktivitetane». I mitt prosjekt har eg ikkje lagt særskilt til rette for observasjon i undervisninga, anna enn at eg har satt opp kamera som fangar situasjonane slik dei oppstår. Eg har ikkje kombinert undersøkinga mi med anna gjennomførte undersøkingar, men eg har samla inn produkta som elevane laga for å kunne vurdere elevane sin prosess betre og svare på spørsmålet om det kan gjennomførast saumsprosjekt med symaskin heilt ned i 1. trinn.

3.2 Kvalitativ forskning

Kvalitativ forskning har som mål å forstå individ si oppfatning av si livsverd og forskaren er ofte både den som samlar data og som analyserer datamateriale (Krumsvik, 2014, s. 15). Kontekst og informantane har stor plass i kvalitativ forskning (Krumsvik, 2014, s. 17). Med ein kvalitativ studie kan ein avdekkje teikn på korleis elevane opplever situasjonane dei er i, slik som eg vil gjere i mi avhandling. Eg har, ut frå teori, forhandskategorisert tema for undersøkinga å omhandle omgrepet skaparglede. Vidare kategorisering av funn kjem fram under gjennomgang av datamateriale og går på kontekst, handlingar, hendingar og anna. Kvalitativ forskning og forskingsdesign er ofte prega av at forskaren har eit nært samhald med feltet som blir studert (Krumsvik, 2014, s. 117). Dette er tilfelle her, då eg som forskar har god kjennskap til elevane. Eg har valt deltakande observasjon som forskingsmetode. Dette gjort med å delta i undervisning som lærar og i etterkant observert hendingar ut frå videoopptak av undervisning. I følgje Krumsvik er observasjon

eit fint tillegg til anna forskingsmetode som til døme intervju (Krumsvik, 2014, s. 142). Eg har valt å berre sjå på funn ut frå observasjonane frå videoopptaka gjort av undervisning, då dette var mest praktisk gjennomførleg.

3.3 Presentasjon av skuleundersøkinga

Her vil eg gi ein presentasjon av undersøkinga i skulen i undervisningssituasjon. Eg forklarar korleis og kvifor eg har gjort utval av forskingssubjekt. Korleis eg har samla inn datamaterial og korleis eg har arbeid med materialet i etterkant av innsamlinga. Kva for rammefaktorar eg har undersøkt under og korleis eg har presentert oppgåva til elevane.

3.3.1 Utval av forskingssubjekt

Eg har valt å gjennomføre mi undersøking på ein fådelt skule. Dette fordi eg ønskjer å sjå på korleis elevar heilt frå 1. trinn og opp til 7. trinn i ein saumprosess uttrykkjer skaparglede. Utvalet i ein fådelt skule gjer at det er få elevar som grunnlag for å undersøkje, men det gir meg i gjengjeld sjansen til å undersøkje elevar på alle trinna. Ut ifrå LK06 er det først etter 7.trinn at kompetansemålet er å kunne sy (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 6). I norsk skule, slik eg har erfart det, er det vanleg at elevane begynner med handsaum, som broderi og enkle samansydde figurar, i yngre trinn, for så å ta i bruk symaskiner frå 5. trinn. Som nemnt tidlegare, vil eg utfordre tanken om at alle elevane, frå 1. -7. trinn kan ha nytte og glede av å bruke symaskin. I følge Forsström og Larsson (2008) er motorikk og motstykke til det teoretiske argument for å starte tidlegare med kunst og handverk i skulen, men dette blir i utgangspunktet alt blir dekt i Norsk skule, då elevane startar med faget alt i 1.trinn. Om ein ser på det å ha kunst og handverk som eit motiverande fag for dei som slit med det teoretiske, så meiner eg at elevar som og har vanskar med det motoriske og stamina kan få større utbytte av å bruke ei symaskin fordi dei kan nytte seg av teknologisk reiskap for å fullføre ei oppgåve og ha glede av å bruke symaskiner. Dei argumenta som Forsström og Larsson (2008) fant for å ikkje sette i gang med kunst og handverk i yngre alder, som var fare for skadar og lågare konsentrasjon, meiner eg at med ordentleg utstyr, slik som symaskiner med ei

tryggleiksbøyel framfor nåla er tilstrekkeleg for å forhindre uhell og gjer oppgåva meir fasinerande og konsentrasjonen kan og da bli meir retta mot oppgåva.

3.3.2 Datainnsamling gjennom videoopptak

I forkant av prosjektet informerte eg elevane og foreldra om mitt arbeid og ønske om å involvere elevar inn i mi undersøking. Dei vart informert om videoopptak av undervisning og alle foreldre stilte seg positiv til prosjektet. Elevane ville og være med, men hadde reservasjonar angående videoopptaka. Enkelte såg for seg at desse skulle brukast på YouTube og andre sosiale kanalar. Eg forsikra dei om at videoopptaka ikkje skulle være tilgjengeleg for andre enn meg og dei av elevane eller foreldre som ønska å sjå opptaka. Dei slo seg til ro med det. Det at alle var positive til prosjektet forenkla situasjonen og eg trengte ikkje ta omsyn til at nokon ikkje ville være med i undervisninga.

3.3.3 Arbeid med datamaterialet

Eg har opptak av 26 elevar som gir grunnlag for datamaterialet mitt. Eg er deltakande i undervisninga og observerer i etterkant kva som kjem fram av opptaka. Her har eg tatt opptak av eit prosjekt som frå starten av skulle gå over fire veker, men prosjektet strekte seg over 10 veker før alle var ferdige med produkta sine. Fire veker var nok ei svært optimistisk tidsramme. Etter avslutta undervisning tok eg fatt på datamaterialet. Eg starta med å transkribere undervisninga, der eg skreiv ned situasjonar eg tolkar til å være teikn på skaparglede. Dette har eg gjort for å kunne vidare sjå på kva det er som gjer at elevane uttrykkjer skaparglede eller mangel på skaparglede og korleis dei uttrykkjer dette. Hendingane har eg skreve inn i transkripsjonsskjema (sjå vedlegg 1) med informasjon om kva for tid og opptak identifikasjon hendinga tok sted. Kategori «Kven» står for kva for gruppe elevar, eller enkeltelev transkripsjonen handlar om. Neste kolonne omhandlar kva kontekst hendinga skjer i. «Kva skjer» og «kva blir sagt» er dei kolonnane som har mest innhald. I kolonne «kva skjer» beskriv eg det som skjer rundt sjølve hendinga, med dei elevane det gjeld og i kolonne «kva blir sagt» skriv eg inn eventuell dialog som dei involverte har seg imellom eller med vaksne. Siste kolonne «kategori», er der eg har skreve inn kva for kategori eg har tolka hendinga til å komme inn under. Transkriberinga

vart gruppert i dei gruppene elevane var satt i og arbeide i dei aktuelle timane. Eg valde å kode alle deltakarane, både elevar, assistentar og lærarar som var innom undervisninga. Elevane har nr 1-5, 8-19 og 22-30. Dei tala imellom er tildelt assistentar og lærarar. Assistentane har fått ein A framfor talet sitt og lærarane har ein L før sitt tal. Tala vart delt ut etter kvart som personane kom inn i transkriberinga,

Deretter vart dei ulike hendingane koda etter kategoriar som har kome fram etter gjennomgang av datamaterialet. Kategoriane vart sortert etter fargekode og dei hendingane der elevane tydeleg gir uttrykk for skaparglede vart trekt ut og satt i eige skjema (sjå vedlegg 2). Eg val å gå vidare med dette utvalet for å svare på problemstillinga i avhandlinga.




Figur 5: Fargekoding av transkripsjon.

Kategoriane er mykje godt like mellom 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og min ESA, men med nokre få kategoriar som er ulike. Dette kjem fram av kategoriane og fargekodinga. Kategoriane for skaparglede er som følgande; Inspirasjon, forventning til det elevane skal skape, teknisk verktøy, forståing, meistring, vise fram/lære bort det dei kan, vise det dei har skapa, forventning til produktet dei skal skape og kva dei syns er fint, være ferdig og resultat. Det motsette til skaparglede er manglande skaparglede eller misnøye og dei fleste kategoriane for skaparglede kan òg koplast opp mot manglande skaparglede.

Derimot er det nokre kategoriar som ikkje er med på skaparglede, men som er kategoriar for teikn på manglande skaparglede. Kategoriar som skil seg frå skaparglede er som følgande; feil, ting (som stoff eller dekor) er borte, forståing av prosess og manglande interesseressse for oppgåva/handverket. Dei kategoriane som er i både skaparglede og i manglande skaparglede har same fargekoding. Ei meir utfyllande beskriving av kvar kode kjem for kvar presentasjon av funn i kapittel 5.

Parallelt med elevane sitt prosjekt gjennomførte eg mitt ESA. Mitt ESA blir presentert i kapittel 4. Det er gjennomført med tanke på å ha eit forståingsgrunnlag for å tolke og drøfte elevane si oppleving av skaparglede og manglande skaparglede. Elevane si oppleving av skaparglede, sett ut frå mi tolking av data, blir drøfta i saman med mitt ESA og teori.



Figur 6: Modell over drøfting.

3.3.4 Rammefaktorar

På skulen er det eit rom som bli brukt til alt i Kunst og handverk. Alt frå sløyd til perlearbeid. Det er eit forholdsvis stort rom, med store vindauge, godt lys og grei plass til

alle elevane. Kunst og handverksrommet er utstyrt med ulike typar bord og stolar. Enkelte av borda er sløydbenkar som dobblar opp som bord. I rommet er alt av utstyr som skulen har til faget.

Klasserommet hadde eg satt opp med gruppebord, der elevane arbeider i grupper. Ut i prosjektet vart det satt opp ein stasjon med to større bord som dei kunne bruke til å klippe på. Fremst i klasserommet brukte vi kateteret til å legge fram alle stoffa vi hadde tilgjengeleg. Stoffa låg framme under heile prosjektet og det var fritt for elevane å velje seg stoff gjennom heile prosjektet. Ved vindauga satt eg opp symaskinstasjonar. Plasseringa var med tanke på godt lys frå vindauga og at det ikkje skulle være gjennomgangstrafikk ved symaskinene. Tre bord med kvar si symaskin på. Desse gjekk på omgang og elevane måtte sette seg på syliste på tavla for at vi skulle halde orden på kven sin tur det var på symaskina. Ved kvar systasjon var det satt ut søppeldunkar som berre skulle brukast til stoffrestar og trådar. Stoffbitar som var av litt størrelse vart lagt tilbake i utval av stoff på kateteret. Stoffrestane og trådane, som vart kasta, leverast inn til resirkulasjon når prosjektet er ferdige. Fremst i klasserommet låg alt av reiskap elevane kunne ha bruk for, slik som stoff- og papirsaker, kritt, målband, knappenåler og sprettekniv.



Bilde 1: Organisering av klasserom.

For å få til eit prosjekt, med berekraftig utvikling som eit bakteppe for undervisninga, var det eit poeng det at vi ikkje skulle kjøpe inn stoff for at elevane skulle kunne sy. Det vart difor etterlyst stoff av alle slag frå foreldra. Dei tok oppgåva på alvor og det kom inn mykje forskjellig stoff. Både klede og anna, som sengetøy og juledukar. Eg valde å legge kleda til side, fordi eg ville at elevane skulle sjå på tekstila som eit stykke stoff og ikkje eit klesplagg som skulle syast om, da dette ikkje skulle være ei oppgåve i redesign, tradisjonelt sett. Kleda fant vi ut at vi kan bruke til rollespel og anna utkleiding i andre samanhengar på skulen.

Det å ha berekraftig utvikling som ein rammefaktor i undervisninga gir elevane ei autentisk oppgåve dei skulle løyse. Dette gir elevane og ei avgrensing for kva elevane kan gjere. I følgje ei finsk forskning på designprosess gjort i 2013 på design av lamper i grunnskulen, gir avgrensingar hjelp for elevane til å fokusere på det som er relevant for oppgåveløysinga (Kangas, Seitamaa-Hakkarainen og Hakkarinen, 2013, s.39). Elevane vil derfor fokusere på kva som er nyttig for å løyse oppgåva. I denne oppgåva var avgrensingane val av stoff og at stoffa skulle brukast på ein berekraftig måte, altså å nytte seg av dei gjenbrukstoffa vi hadde til rådte og å klippe til stoffa slik at mest muleg av restane skulle kunne være nyttige til andre. Berekraftig utvikling og dermed berekraftig bruk av materiala er altså ikkje eit forskingsmål i prosjektet, men ein grunn for å undervise i dei rammene som er gitt i oppgåva.



Bilde 2: Innsamla stoff frå foreldra.

Elevane i 6. og 7. trinn har tidlegare hatt undervisning i saum, men det var med stor frustrasjon over maskinene som vi hadde. Difor gjekk eg inn i ein avtale med den lokale 4H⁵ gruppa og vi samla inn pengar for å kjøpe symaskiner. Vi fekk til slutt tak i tre symaskiner, skulen kjøpte ei og to vart kjøpt med pengar innsamla frå lokale bedrifter. Dette er symaskiner som eg syns dekkjer krav til trygg undervisning for elevane. Dei er enkle i bruk og dei har ei anordning med ei bøyel over saumfoten, slik at elevane ikkje får fingrane sine så lett under nåla. Dette er symaskiner som er anbefalt av den lokale systua og som er spesielt egna for undervisning, i følgje leverandør (Janome, 2019). Symaskinene heiter Janome Decor 4030. Symaskinene er elektroniske⁶, men har eit enkelt brukarsnitt. Dei ulike stingtypane er begrensa på denne maskina, men den har det som trengs til nyttesaum, og litt til. Sjå bilde under.



Bilde 3: Foto av symaskin Janome DC 4030


⁵ 4H er ein nasjonal barne- og ungdomsorganisasjon som arbeider med å utvikle aktive og samfunnsengasjert ungdom (4H Møre og Romsdal, u.å)

⁶ Elektronisk symaskin vil seie at val av sting, lengde og bredde blir stilt inn med hjelp av knappar og valt stingtype visast i eit display

Som konkretiseringsmateriale for elevane laga eg modellar som eg viste fram til dei og som dei kunne sjå på når dei måtte trenge det under prosessen. Modellane kom i fleire bitar og i ulik grad av ferdigstilling. Det var handtak (Bilde 4), ferdig klipt, handtak ferdig sydd for å vise korleis dei kan vrenge handtaka og eit handtak som var vrent og ei veske som viser korleis dei skal sy sjølve veska, med rettsaum og sikksakk og nedbrett(bilde 6). Veska viste og korleis handtaka skal syast på og korleis dei skulle ferdigstille nedbrett i opninga til veska (bilde 5). Eg valde å vise visuelt til dei yngste med ei munnleg forklaring.

Tanken bak bruken av konkretiseringsmaterial, slik som modellen av veska, er at elevane får, i tillegg til munnleg gjennomgang av meg, sjå på eit døme som viser det eg snakkar om i forklaringa av korleis dei skal lage ei veske. Det kan i enkelte tilfelle være enklare å sjå korleis noko er, enn å få det forklart. Det kan og være enklare å vise fram korleis den ferdige saumen eller handtaket skal sjå ut, i tillegg til å forklare. Bruken av konkretiseringsmaterial er vist til å auke elevers forståing av teamet som undervises, men at det er helt avhengig av at lærar kan å formidle kvifor og korleis elevane skal kunne bruke konkretiseringsmaterialet (Bergström & Hallenberg, 2014, s. 2).

Til elevane i 5.-7. trinn valde eg å lage ei oppskrift der eg punktvis skreiv ned korleis elevane skulle gå fram for å lage veske eller gympose. Elevane valde kva for produkt dei ville lage og fekk den oppskrifta som var til produktet. Dette gjorde eg fordi elevane kunne velje å lese seg fram til kva dei skulle gjere og det i tillegg til å kunne spørje medelevar på gruppa og elles i klassen som kunne hjelpe dei vidare i prosjektet. Dette skulle og hjelpe til for at ikkje alle skulle stå i kø for å få hjelp av lærar eller assistent.



Bilde 4: Handtak i ulik grad av ferdigstilling.

Bilde 5: Handtak delvis ferdig festa(nederst) og ferdig festa (øvers).



Bilde 6: Konkretiseringsmateriale veske, med og utan ferdig handtak.

I undervisninga med 1.-4. trinn hadde eg med ein assistent inne i timane. Dette er likt som i andre timar med kunst og handverk. Grunnen til at det er med assistent er at det er 17 elevar i denne klassen. Assistenten vart satt til å hjelpe til når elevane spurte om hjelp.

3.3.5 Gruppesamansetning

Erik Lerdahl skriv i si bok, *Slagkraft Håndbok i idéutvikling*, om kva ei gruppe som skal arbeide kreativt bør innehalde (2011). Han meiner at gruppa må bestå av personar som er fantasifulle, systematisk anlagt, personar som føler og tenkjer mykje, personar som forventar raske resultat og dei som er organiserte. Dette er med tanke på større grupper som skal arbeide med idéutvikling, men deler av dette kan takast inn i denne avhandlinga. Han skriv vidare at det i ein designoppgåve naturleg nok må ha personar med designkompetanse, teknisk kompetanse og markedsføringskompetanse. «Hva slags kompetanse som treng, avhenger av type prosjekt. Dersom en gruppe mangler kompetanse eller tilgang til kompetanse på et område. Vil arbeidet fort stoppe opp eller bli ufullstendig» (Lerdahl. 2011, s. 46). Mi oppgave til elevane er ikkje på same nivå som ei idéutviklingsgruppe, men eg tar med meg tanken om at ulike personlege evner kan tilføre ei gruppe nyttig innsikt i ein kreativ prosess.

Framfor dette prosjektet valde eg å sette saman grupper på 2-3 elevar, på tvers av trinn. Desse gruppene vart instruerte til å arbeide med kvart sitt produkt, men at dei skulle hjelpe kvarandre med prosessen i gruppa. Det kunne være å halde for kvarandre, finne ut saman kva dei skulle gjere neste eller å spørje den/dei andre på gruppa om det var noko dei ikkje visste eller kunne. Dette gjorde eg for å utnytte ressursane det er i ein fådelt skule med aldersblanda klasser, slik Åsheim meiner aldersblanda klasser kan nyttast (Melheim, 2009, s.45). Dei eldre, eller dei med meir kompetanse, kunne hjelpe dei yngre, eller dei med mindre kompetanse, til å få til det dei ikkje kunne få til på eige hand. Gruppene vart samansett ut frå kven eg meinte kunne arbeide godt saman og som kunne utfylle kvarandre med ulik kompetanse. Gruppesamansetningane var i enkelte timar ulik frå dei opphavlege grupper av naturlege årsakar, slik som fråvær av elevar og klassar.

3.3.6 Oppgåve til elevane

Introduksjon til oppgåva går føre seg munnleg. Det gjorde eg for å til ein dialog med elevane og for ikkje berre gi dei ei oppskrift i første omgang. Teksta under er det eg har skreve for meg sjølv som planlegging av opplegget før undervisning.

Sy ein saum!

-Skaparglede i eit saumprosjekt med berekraftig utvikling som bakteppe.

Bakgrunnen for undervisninga er i utgangspunktet det at eg held på med avsluttande år i Master Kunst og handverk. Saum er eit tema som eg har interessert meg for i lang tid, noko eg syns er artig å lære bort og som eg ser nytten av at elevane lærer seg. Saum kan være handsaum og maskinsaum. I dette undervisningsopplegget vil det være lagt opp til å bruke symaskin for å sy. Å lære seg å sy kan være nyttig på mange måtar. Elevanes utvikling av individet, motoriske ferdigheiter, gode haldningar til berekraftig utvikling for å nemne nokre. Skulen i Noreg har lange tradisjonar med å sy.

Målet med oppgåva er å gi elevane kunnskap i det saumtekniske og evner til å bruke kunnskapen seinare i livet. Dei skal og få kunnskap om korleis ein kan tenkje berekraftig i ein saumprosess. Alle elevane skal får den same oppgåva, men kan ut frå kva trinn og førekunnskap dei har, løyse oppgåva på ulikt vis. Dei skal få lære seg å sy ei veske eller ein gympose. Desse produkta kan dekorerast ut frå elevens ønskje og dugleik.

Elevane skal kunne arbeide med dei forskjellige oppgåvene parallelt for at elevane ikkje skal måtte ha andre «pause» oppgåver innimellom. Oppgåva kjem til å gå over ein lengre periode då oppgåva er omfattande. Oppgåva sitt omfang vil gjere det mogleg med tilpassa undervisning då elevane sitt val av kompleksitet på dekor og teknikkar vert basert på elevanes føresetnad. Her vil førekunnskapen være ulik ut frå tidlegare erfaring og ulike trinn/alder. Der må undersøkast litt kva for erfaring elevane har med saum frå før. Det vil bli gjort munnleg. Oppgåvas natur er slik at den kan lett tilpassast dei ulike elevane sine føresetnad til å lykkast. Dei elevane som har lite erfaring med handverket kan få enklare krav til gjennomføring og dei som har mykje erfaring kan få større krav. Dei som er raske kan få høgare krav til utføring og dekor enn dei som treng lengre tid.

Dei yngste elevane, eller dei som har behov for det, får alternativet til å bruke ein mal for å klippe til stoffet for veska/gymposen. Dekoren må elevane sjølv bestemme og gjennomføre.

Symaskin: Vi har gått til innkjøp av tre nye symaskiner, av merke Janome 4030, som er egna til bruk i skulen. Dei er enkle å betene og dei er utstyrt med ei bøyel som tryggjar fingrane til elevane.

På førehand av prosjektet har vi samla inn ulike stoff som kan brukast til utføring av produkta. Dette er brukte stoff, som dukar, sengetøy og anna stoff.

Undervisningsopplegget blir laga med Overordna del som utgangspunkt. Ut i frå den Overordna del, som vil tre i kraft samtidig med den nye læreplana for grunnskulen, har eg trekt ut viktige verdiar og punkt som eg vil bruke til å vurdere denne prosessen. Den overordna delen er delt inn i tre hovuddelar. Det er opplæringas verdigrunnlag, prinsipp for læring, utvikling og danning og prinsipp for skulens praksis (Utdanningsdirektoratet, 2017). Desse har eg gått inn i for å finne grunnlag for undervisningsopplegget. Eg har sett etter stikkord som er samanfallande for alle tre delane og stikkord som er gjeldande for oppgåva. I Opplæringas verdigrunnlag står det om skaparglede, engasjement og utforkartrang (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.7), i prinsipp for læring, utvikling og danning står det om meistring (Utdanningsdirektoratet, 2017, s.12) og i prinsipp for skulens praksis skriv dei om skaping av lærelyst (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 15). Ut frå dette vil eg ta med skaparglede som eit omgrep som kan hjelpe til med lærelyst og som kan komme av meistring. Skaparglede blir hovudfokus for avhandlinga. Berekraftig utvikling er og eit gjennomgåande tema for overordna del og som står høgt på dagsorden. Dette kjem inn i oppgåva som berekraftig rammefaktor for undervisning.

Elevane får opplæring i bruken av symaskin og alle elevane skal sy ein prøvelapp kvar. Her blir det ulik opplæring, da dei med minst erfaring får opplæring i korleis dei syr og dei med meir erfaring får opplæring i korleis dei trer maskina og spolar undertråd. Det blir og

behov for opplæring i korleis ein klipper i stoff, med tanke på plassering og nyttegjering av stoffa og korleis ein sett knappenåler.

Elevane skal skissere idear og tankar om produktet. Klippe til stoff, forberede stoffet til saum og sy. Elevane skal finne ut kva for dekor og produkt dei skal lage. Produktet skal syast med rettsaum, sikksakk og retursaum. Det skal være dobbel nedbrett i opning og handtak skal festast i nedbretten. Handtak skal vrangsyast. Gympose skal ha snor i løpegangen/nedbretten.

I gruppesamansetninga i 5.-7.trinn ser eg ikkje nødvendigvis på alder, men på kompetanse. Så det vil være naturleg at det er dei meir kompetente elevane som viser til dei med mindre kompetanse. Gruppeinndelinga i 1.-4. trinn er derimot satt saman med tanke på alder. Ingen av klassane har erfaring frå skulen i saum, så her har eg antatt at dei eldre vil kunne hjelpe dei yngre, sjølv om dei startar med omtrentleg same utgangspunkt. I oppstartinga av prosjektet spurte eg om kven som har sydd noko frå før, eller prøvd symaskin og det var det fleire som hadde, men i kva grad er uvisst.

3.4 Validitet

I følgje Haug (2011, s6) er det vanskeleg å generalisere klasseromforskning fordi forskinga ofte er gjennomført med få forskingsobjekt. Dette gjeld og mi forskning da det er få elevar som er i mitt datamateriale, men eg kan seie noko om kva eg ser som teikn på skaparglede ut frå observasjon av elevane. Vidare forskning på området kan gi svar på om dette er teikn på skaparglede som kan generaliserast i ein større samanheng. Ved å gjennomføre undersøkinga med videoopptak av undervisninga, i staden for andre måtar å undersøke på, slik som intervju eller observasjonsskjema i klasserommet, meiner eg at det er større sjanse for å kunne observere fleire hendingar der skaparglede uttrykkast. Dette grunnjev eg med argument for at eit intervjuksjema ville vært vanskeleg å kunne formgi slik at elevar i både 1. trinn og opp til 7. trinn ville kunne gi svar som stemte med realiteten. Eg har erfaring av at yngre elevar, og opp til 7. trinn, har vanskeleg for å sette ord på opplevingar som har med undervisning å gjere. Observasjon i undervisningssituasjon ville og ha vært vanskeleg å gjennomføre da det var eg som underviste og fordi det da er

mindre sjanse for å observere mange hendingar som skjer på same tid. Det sagt, så er det heller ikkje slik at eg kan seie for sikkert at eg har observert alle hendingane med teikn på skaparglede, sjølv med videoopptak. Det som eventuelt ikkje kjem fram er til døme oppleving av skaparglede for elevar som ikkje uttrykkjer det verbalt eller fysisk. Det kan være elevar som opplever skaparglede, men som ikkje uttrykkjer det slik at det blir observerbart. Det er mi tolking av hendingane som blir lagt til grunn for funn og det er godt muleg at eg har observert og tolka hendingane feil. På tross av dette meiner eg at videoopptak er den mest rette måten å observere og som gir best resultat i denne situasjonen. Innsamlinga av datamaterialet kunne med fordel vært supplert med samtalar med elevane i etterkant av undervisninga og kan være eit tilløp til seinare forskning på området.

Ved å gjennomføre undersøkinga i klassar der eg kjenner elevane vil dette kunne påverke mi oppfatning av hendingar. Dette kan gjere at eg har større grunnlag for å tolke hendingar i «rette» tyding, men det kan og gjere at eg legg for stor tillit i mi kjennskap til elevane og at tolkinga blir ukorrekt eller misvisande.

Det at eg er deltakande i undervisning som lærar og som forskar, kan være problematisk og kan påverke korleis eg legg til rett for å få ønska resultat. I følgje Synnøve Matre (2000) er det viktig å være bevisst sin eigen subjektivitet. Når ein er både forskar og deltakar kan det gi grunnlag for å forstå situasjonane betre, men det kan og være problematisk med tanke på tillit til resultata. Dette kan reduserast ved å nøye forklare korleis ein har gått fram og vise at ein er bevisst si eiga rolle (Matre, 2000, s. 59).

4 Eige skapande arbeid

Her presenterer eg mitt eige skapande arbeid som er delt i to forskjellige prosjekt. Det eine er ei forundersøking som var gjennomført tidleg hausten 2018 og det andre prosjektet er grundigare gjennomført med observasjon seint same haust. Eg presenterer kva eg har laga, kvifor eg har laga det og korleis prosessen var.

4.1 Hatt

Som ei forundersøking til min ESA har eg laga ein hatt. Dette er noko som eg gjorde av eigen lyst til å skape. Eg har ikkje tatt opptak av denne delen av prosessen, så her beskriv eg kva eg gjorde og kva eg sitt att med av opplevingar frå saum av hatt. Prosessen med dette var noko nytt og spanande for meg. Eg har aldri laga ein hatt før og har heller ikkje før lasta ned mønster frå nett for å bruke i eit saumprosjekt. Mønsterert fant eg på Etsy.com. Dette er ein Cloche som er inspirert av 1920-tallets mote, den heiter Penny og kjem frå ElsewhenMillinery (2019). Hatten har brem, er fora og har dekor i form av eit «løv» i overkant av bremmen.



Bilde 7: Mønster "Penny".

For å lage hatten brukte eg ei gamal bukse frå min son som eg likte mønsteret i tekstenen



Bilde 8: Bukse til gjenbruk.

på. Buksa var vokse ut av og slitt. Buksa var klar for resirkulering. Eg brukte det eg kunne av stoffet, som reine stoffstykke og brukte ikkje detaljar av buksa. Resten av buksa gjekk til gjenvinning. Mønsterdelane var enkle, men samansyinga var ikkje like enkel å forstå. Korleis eg skulle sy sjølve hattedelane saman i toppen var utfordrande og eit lite hinder i prosessen, men opplevinga av prosessen var at det var eit artig og utfordrande prosjekt som gav oppleving av meistring, skaparglede og stoltheit.

Mi oppleving av skaparglede!

Når eg var «ferdig» med hatten oppdaga eg at hatten satt alt for langt ned i ansiktet mitt (bilde 9). Eg forstod at eg hadde gjort ein feil med saummonet når eg sydde på bremmen. Eg måtte difor sprette av bremmen igjen for så å sette den på litt lengre oppe på sjølve hatten. Eg tok mål på kor bremmen cirka skulle sitte før eg spretta den av og markerte punkt framme og bak med knappnål. Når bremmen vart sydd på igjen vart hatten meir passende og eg vart meir fornøyd med resultatet. Sjå bilde under.



Bilde 9: Hatt, for stor.



Bilde 10: Bilder av ferdig hatt.

Sjølv om eg hadde gjort ein feil med hatten var det ikkje så tungt å finne motivasjon for å rette på feilen. Dette meiner eg er fordi eg var motivert og opplevde meistring i det eg alt hadde gjort. Motivasjonen for å få til eit produkt eg kunne bruke var og stor. Hatten måtte være brukande, altså formålstenleg.

Under prosjektet merka eg at eg hadde arbeid i lang tid utan å tenkje på anna og heller ikkje oppfatte kor lang tid eg hadde brukt. Tida berre gjekk. Eg opplevde flyt. Dette

stemmer overeins med Csikszentmihalyi sin teori om flyt, da eg arbeider mellom stor utfordring og høg ferdigheit, og følte på glede under prosessen.

4.2 Skjorte

Seinare i mitt eige skapande prosjekt har eg, med tilsvarande same rammefaktorar som elevane, arbeidet med saum av stoff som alt er kjøpt inn. Eg har gjennomført prosjektet på skulen i same klasserom som elevane, brukt dei verkøya som elevane brukte og sydde på same symaskin.

Eg har valt meg ei inspirasjonskjelde som er 1940-tallet. Denne tida har eg valt ut frå to grunnar. Den eine grunnen er at det er ein stil eg syns er utroleg stilig og sjarmerande, men også på grunn av at dette var ei tid med knappe resursar og folk brukte det dei hadde tilgjengeleg. Det var klede sydd om til å passe dei som trengde nye klede og det var utnytting av utradisjonelle stoff dei kom over, slik som sukkersekkar og fallskjermar. Dei brukte det dei hadde. Denne kjelda til inspirasjon passar godt til baktankane til oppgåva mi, der elevane skal sy av stoffa dei har fått innsamla frå sine foreldre. Eg har i mitt skapande arbeid valt å ta inn stoff som eg har fått frå mi mor opp gjennom tida. Det er stoff som har vore kjøpt med tanke på eit prosjekt, men som det ikkje har vorte noko av. Grunnen til at eg har valt å ta inn anna stoff enn det som er igjen etter elevane, er fordi elevane viser stor interesse for å fortsette å sy, sjølv etter at dei er ferdige med oppgåva som eg gav dei. Dette forsvarar eg med bakgrunn i at stoffa som elevane brukte og var heile stoff og ikkje klede som skulle syast om.

For å sette avgrensingar for meg sjølv, slik at mitt ESP blir så likt elevane sitt som muleg, har eg valt å sy eit plagg som eg aldri før har prøvd å sy. Eg har og valt å finne mønster til plagget i gamle mønsterblad som eg har fått frå mor og bestemor. Det eg har sydd er ei skjorte av eit gammalt bomullsstoff. Mønsteret fant eg i eit Burda frå april 1978. Sjå bilde neste side.



Bilde 11: Burda monsterblad fra 1978(Burda)

Skjorta har litt dei same trekka som 1940 -talls skjorter, med lomme og sma puffarmar.



Bilde 12: Bilde av skjorta vist i Burda 4 april 1978 (s.48).



Bilde 13: 1940-talls mote (Baylay, u.a.).

Som ein del av ESA og som analyseverktoy har eg gjennomfort denne saumprosessen for a kunne sette meg inn i det som kan vare vanskeleg og som kan ha utslag for elevanes oppleving av deira prosess, eller det som kan paverke opplevinga av skaparglede. For a sette meg inn i det som kan vare vanskeleg for elevane har eg satt enkelte kriteria for kva eg skal gjere. Slik som a lage noko som eg aldri har laga for, sette naler og klippe med venstrehanda og unnga metodar, som eg har erfaring med som forenkler prosessen, som a bruke rullekniv i staden for saks til a klippe ut delane til skjorta.

Eg har tatt opptak av heile min prosess med saum av skjorta, transkribert og systematisert funn. Utgangspunktet for systematiseringa er dei same som for elevane sin prosess, altså; -Skaparglede. Dette kjem eg tilbake til seinare i avhandlinga.

4.2.1 Min prosess

Eg hadde ei helg på meg for å finne mønster, teikne/klippe mønster, klippe stoff og sy saman skjorta. Eg har som sagt aldri sydd ei skjorte før, men eg har sydd mykje anna. Så utfordringa låg i dei delane som er annleis enn på andre plagg, slik som krage, belegg og knappelhol.

Det første eg gjer er å finn eit mønster ut av ein bunke med mønsterbladet Burda. Dette tar lang tid fordi eg vil finne ei skjorte som passar til mi førestilling av korleis den skal sjå ut. Etter å ha leita litt kjem det eit fornøyd: «Mmmmm, Her va sa armanj e likt, dem e likså, ikkje rett ned, det e ikkje puffarma, men litt meir puff enn ikkje puff.» Eg ser fornøyd ut og smiler av artigheita «puff». Eg klappar på bilde og held hendene over bladet og seier: «Men e lika kos den ser ut... mmm... Trur den kan bli eee... Trur den er svaret!» og viser ei forventning for korleis skjorta skal bli. Eg rettar meg opp og ser letta ut. Under vises kroppsholdning før og etter val av mønster (bilde 14 og 15).



Bilde 14: Før val av mønster.



Bilde 15: Etter val av mønster.

Denne delen av prosessen, utveljing av mønster, tek lang tid og tek mykje energi. Eg føler meg sliten alt før eg begynner med sjølve skjorta, men når valet er tatt kjenner eg på forventning til å sette i gang med det praktiske og seier: «E e spent på kos ta her bli. Heee. Kjenne me letta. Litt sånn... glad i kroppen. Godt fornøyd.»


Beskrivingane i bladet, Burda, var ikkje lett forståeleg. Bladet er frå 1978, det året eg vart fødd, og eg sitt igjen med opplevinga av at det er laga for eit publikum som har eit anna kompetansegrunnlag og ei forståing enn meg av saumprosessen. Forventinga til lesaren, som ein med eit visst erfaringsgrunnlag var tydeleg. Dette er og ei utfordring når ein skal lære bort eit handverk, som ein kan godt, til elevane. Det å finne den rette forklaringa til ein med mindre kompetanse og forståing av det som blir forklart. Det er lett å gjere den feilen at ein forklarar med ei oppfatning av at eleven har større forforståing enn eleven faktisk har. Det blir då hol i forklaringar og forståinga kan ikkje bli komplett.

Forståing av mønsteret vart ei klar utfordring for meg som eg løyste med ulike strategiar. Eg las deler av teksta og såg på bilde av skjorta mange gonger. Her opplever eg ikkje skaparglede og uttrykkjer dette verbalt ved fleire anledningar, slik som: « Dette skjønnte eg ikkje nå tå... » og « Herregud, ta her forstår e ikkje. » Eg viser misnøye også ved å leggje trykk på enkelte ord i setningar når eg snakkar til kameraet:

Sy lukkningskantenens tilklippede belegg...
Oj, no altså
SY LUKKNINGSKANTENES TILKLIPT BELEGG ned
på halsutringingskanten til sømtall 4.

(sitat frå transkriberinga)


Når beskrivinga i mønsterbladet ikkje gav meir forståing begynte eg med å klippte ut mønsteret i papir for å sjå om eg da ville skjønne meir av oppskrifta til skjorta og for å sjå



Bilde 16: Forklaring av skjortemønster og samansying (Burda 4. 1978, s 49)

om det gav meir forståing å sjå sjølve bitane som skulle syast saman. Dette hjalp litt, men for å fortsette prosessen tok eg fatt på å klippe ut stoffbitane og merke av alle punkt på mønsteret som er nødvendige for å få stoffbitane til å passe saman.

For å få ei forståing av elevane sine eventuelle vanskar i prosessen med å klippe i stoff valde eg å bruke «feil» hand når eg skulle klippe. Altså klipte eg med venstre handa.



Bilde 17: Klipping med venstre hand. Uvandt handling.

Bilde 18: Klipping med venstre hand. Tommel i stressposisjon.

Dette vart ei klar utfordring. Det var tungt å klippe med venstre handa. Teknikken var vanskeleg og eg fekk vondt i handa. Det tok meg over fem minutt å klippe første biten. Eg bruker mange negative uttrykk når eg beskriv korleis det er å klippe og mangel på meistring. Slik som; Knøle, kjemperart, vanskeleg, dritekkelt. Det er tydeleg at dette er misnøye som kjem til uttrykk. Derimot, når eg er ferdig med å klippe bitane, då jublar eg og er fornøyd:

En bit att! Juhu!


Da e e ferdigkløpt!

Ahhh.... Gud så godt å varra ferdigkløft!

(sitat frå transkriberinga)

Gleda over å være ferdig med ein del av prosessen som er vanskeleg har eg sett på som skaparglede. Ikkje berre fordi eg er glad for å ha fullført noko, men og fordi eg er glad for at eg meistra oppgåva til slutt.

Etter at eg har klipt ut alle bitane var eg godt fornøyd med resultatet og tok bilde av delane. Her opplevde eg skaparglede over resultat av skapande arbeid.



Bilde 19: Mønsterdelane til skjorta ferdig klipt ut.

Vidare begynner eg å sy saman lomma på skjorta. Eg opplever skaparglede over meistring når eg ser at eg har sydd saman lommen på rett måte og at den ser fin ut. Eg skjønner ikkje kvifor eg skal sy den først, men vel å følgje oppskrifta. Her skiftar eg frå skaparglede fordi eg meistrar noko eg ikkje før har gjort, til ikkje skaparglede fordi ting ikkje fungerer slik som dei skal. Til igjen å føle skaparglede av forståing og meistring når eg har sydd på lomma og forstått kvifor eg skulle sy den på først før rynking av framstykke.

Når eg skal sy på bakstykke på skjorta skal ryggdelen rynkast saman mot bærestykke. I det eg er ferdig med saumen ser eg at rynkinga ikkje er jamt fordelt over ryggen og føler på misnøye. Som vises i ansiktsuttrykket på neste side (bilde 20).



Bilde 20: Saum av bakstykke. Rynkinga blir ikkje bra.

Etter at eg har rekt opp igjen saumen og begynt på nytt er misnøye snudd til pågangsmot (bilde 21) og som igjen gir skaparglede når resultatet blir betre etter andre forsøk. Sjå neste side.



Bilde 21: Nytt forsøk med betre resultat.

Skaparglede gjer og at eg fortsetter å arbeide sjølv etter at eg har tenkt å ta ein pause. Eg føler meg sliten etter å ha arbeid ei god stund, men når eg syr ferdig belegg på framdelen av skjorta, noko som eg har streva med å forstå korleis eg skal gjere, så kjenner eg på motivasjon og ekstra energi til å fortsette.

Det største problemet med å sy kragen var at eg ikkje forsto mønsterforklaringa. I mønsterbladet er det fleire typar kragar, så forklaring av kragesaum er i eit eige kapittel. Difor visste eg ikkje heilt kva for forklaring eg skulle bruke da mønsteret ikkje viste referanse til kragekapittelet. Eg løyst dette med å bruke førkunnskap og å sjå litt på ei skjorte eg hadde med meg som modell. Eg kjente på manglande glede fordi eg ikkje

forstod mønsteret. Når eg seinare prøver på meg skjorta vurderer eg kragen til å være bra og føler glede over resultatet.

Seinare når eg skal sy belegg på framsida av skjorta forstår eg ikkje mønsteret og blir nødt til å ringje mor for litt hjelp. Imens eg les for mor kva som står forstår eg plutselig kva som står og seier med smil om munnen: «No trur e faktisk e skjønt ka e ska gjer.» Dette gir meg glede ved å forstå.

Når eg skulle finne ut korleis eg skulle sy splitt med belegg i erme valde eg å prøve ut på prøvelapp først. Når eg forstår og har laga ein prøvelapp på dette og seier eg fornøyd til meg sjølv: «Yay, e skjønt det te slutt. Ta, ta! Nååå, ta vart fint. Ta bli bra. Tudelu.» Tydeleg fornøyd med å få dette til. Det at eg vel å lage prøvelappar på dei områda eg er usikker gjer at når eg skal utføre det same arbeidet på sjølve skjorta kjenner eg meg meir sikker på meg sjølv og at eg meistrar oppgåva.

Å sy knapphol er nytt for meg og her må eg lære meg eit nytt verktøy, knappholsfoten. Dette har eg kvidd meg på fordi eg hadde lite forståing for korleis knappholsfoten fungerte. Eg valde å lage ein prøvelapp før eg lagde knapphol i sjølve skjorta (bilde 22). Dette gjorde prosessen mindre skummel og når eg fekk til å bruke knappholsfoten følte eg på meistring.

Utveljing av knappar gir ei glede eg ikkje har hatt tidlegare i prosjektet. Ein fascinasjon over knappar som gir assosiasjon til godteri. Det er noko unikt og spesielt med knappar som eg ikkje kan forklare, men det kan være det at noko så lite kan gjere så mykje for eit klesplagg. Det gir meg glede over å lage noko som blir særeigen og berre mitt.



Bilde 22: Sying av prøvelapp for knapphol.

Siste dagen skal eg sy inn armane og resultatet blir bra ved første forsøk på første erme, her ler eg og føler på glede. Det har vært mykje motgang dei to føreståande dagane og det var godt å meistre noko på første forsøk. Andre erm går ikkje like bra og her greier eg å sy inn stoff som ikkje skal med. Eg refererer dette til ein typisk nybegynnarfeil som eg kan relatere til elevane sin prosess. Når denne feilen er retta på og begge armane er sydd i, prøver eg på skjorta og er godt fornøyd med resultatet.

Det siste eg gjer er å prøver på skjorta og vurderer resultatet. Eg poserer framfor videokameraet og ser godt fornøyd ut. Eg gjennomgår skjorta, del for del og seier fornøyd: «Rysjene ble kule, åpninga vart bra. Kraganj vart bra. Ehh. Fornøyd e. K. K. (klikkelyd med munnen). Ryggen vart bra den å.» og avslutter det heile med «Nei, prosjekt ferdig. YES. Hehe.» Så her viser eg tydeleg at eg er glad for resultatet på skjorta og at eg er glad for å være ferdig.




Bilde 23: Ferdig skjorte.

4.3 Oppsummering av funn

Her presenterer eg ei oppsummering av funn i ESA ovanfor. Eg vil først presentere kategoriane for skaparglede og manglande skaparglede, ut frå funn i ESA og summerer resultatane. Dette blir teke med vidare inn i drøftingskapittelet. Deretter presenterer eg vidare arbeid med funn opp mot forskarspørsmåla. Og til slutt kjem ein refleksjon over prosessen med ESA.

4.3.1 Skaparglede


Kategoriane eg har arbeid meg fram til i mitt ESA for skaparglede er inspirasjon, forventning, forståing, meistring, å lage, være ferdig, resultat og vise fram. Desse kategoriane har eg komme fram til etter å ha gjennomgått datamaterialet og transkribert videoopptaka.



Figur 7: Graf over skaparglede ESA.

Det eg ser ut av funn på skaparglede i ESA er at eg har flest treff på glede når eg vurderer resultatet av det eg har laga. Dei neste kategoriane er meistring og forståing. Desse tre kategoriane står for hovuddel av mine treff på skaparglede. Gleda over å lage har fått under gjennomsnittet av treff og forventning til prosjektet og inspirasjon fekk få treff. Det å være ferdig og å vise fram resultatet fekk minst treff.

På manglande skaparglede er mangel på forståing som mest treff, tett etterfølgt av manglande oppleving av meistring og mismot når eg gjer feil. Manglande skaparglede over det å lage og når eg vurderer resultat har fått minst treff. Sjå figur under.



Figur 8: Graf over manglande skaparglede ESA.

Eg har samla alle funn i eit skjema der eg har sett inn kva slags reaksjon som er observert og kva som utløyste reaksjonen (vedlegg 3). Observasjonane er fargekoda etter kva som viser teikn til skaparglede. Eg har delt dei inn i verbale utsegn, mimikk og kroppsspråk.

4.3.2 Uttrykkje skaparglede

Eg uttrykkjer skaparglede på ulikt vis med det eg seier, ansiktsuttrykk og kroppsholdning. I opptaka av min prosess er det mykje monolog. Eg snakkar til kamera omtrent heile tida for å forklare kva eg gjer, men innimellom kjem det uttrykk og talemåtar som viser at eg opplever situasjonen positivt og uttrykkjer glede. Det kan være kva eg seier, slik som «Yay!», «Gøyt. Yes» eller «Ta (dette) blir knallbra det.» eller det kan være måten eg seier det i tonefall, som når eg seier «Mmmmm» på ein bekreftande måte eller når eg overraske seier «Åj, her e det perlemorknappa, fancy.» Dette er verbale uttrykk som viser glede over prosessen å skape. Manglande skaparglede blir og uttrykt verbalt, med uttrykk

som, «Arghhh», «Herregud» og «Øhh», men og med lengre ytringar slik som, «Kjem alder te å sy ei skjort nånj gong igjen.» og «det tar 40 år.»

Observasjonar over ansiktsuttrykk viser og korleis eg uttrykkjer skaparglede. Dette viser seg ofte som smil, men og at eg ser fornøgd og letta ut, sjølv utan å smile. Manglande skaparglede viser eg med å rynke panna, ser oppgitt, lei og frustrert ut.


Kroppsspråk kan og vise kva eg opplever i prosessen. Her vises glede i kroppsholdningar som at eg rettar meg opp i ryggen, er lett og rask i kroppen og viser at eg er ivrig om har nytt pågangsmot. Det vises og med handlingar eg utfører slik som å klappe fornøyd på mønsteret, sjekkar utklipte stoffbitar lettare utfører arbeidsoppgåver som å klippe med feil hand. Manglande skaparglede kjem til uttrykk med ei oppgitt holdning, rister på hovudet eller at eg sett meg opp og stryk håret glatt bakover.

Det er mange måtar å vise både skaparglede og manglande skaparglede på. Dette kjem eg meir inn på i drøftinga og samanliknar ESA og elevane sine uttrykk.

4.3.3 Kva gir skaparglede

Ulike delar av ein saumprosessen gir skaparglede. Under er dette vist som eit diagram. Det er tydeleg å sjå at resultat, meistring og forståing er dei kategoriane som gir størst oppleving av skaparglede. Om ein ser kategoriane i ein større samanheng kan ein seie at fleire av desse kategoriane går på produktet eg lagar og dei andre går på prosessen i seg sjølv. Inspirasjon, resultat, vise fram, lage og forventing kan seiast å gå på produktet og forståing, meistring og være ferdig går på prosessen.

KATEGORIER PÅ SKAPARGLEDE ESA



Figur 9: Skaparglede i mitt ESA.

4.3.4 Refleksjon over prosessen

Det eg ser er at eg har ein indre motivasjon til å gjennomføre saumprosjektet. Sjølv om det ikkje er av glede til sjølve produktet, slik som når eg sydde hatten, så har eg ein driv for å fullføre fordi eg skal bruke det som vurderingsverktøy. Eg ser nytten i å gjennomføre. Det sagt, så er ikkje gjennomføringa særleg lystbetont. Eg har press på meg for å fullføre, eg har utfordringar med det som er nytt for meg og gleda går opp og ned. Det som gjer at eg ikkje føler glede er at eg ikkje meistrar, ikkje forstår, gjer feil og når noko er vanskeleg å handtera, slik som til døme å klippe med «feil» hand. Gleda kjem når eg meistrer og når eg forstår det eg skal gjere. Den er der når eg er fornøyd med resultatet. Dette uttrykkjer eg med kroppsspråk og ord.

Det kan være fordi denne prosessen handla mest om å gjennomføre eit saumprosjekt tilnærma likt som elevane for å ha eit samanlikningsgrunnlag i vidare arbeid med avhandlinga. Saumprosessen har ikkje vore heilt ut av eget ønske om å sy denne skjorta og samanliknar eg denne prosessen med andre saumprosjekt eg har hatt, slik som hatten

eg sydde tidlegar, er det stor forskjell på skaparglede i å lage plagget. fordi det var begrensa med materiale eg kunne velje frå og at dette skulle være eit analyseverktøy.

5 Presentasjon av funn

Her vil eg presentere ei fortetting av datamaterialet for å vise funn på teikn til skaparglede for 1.-4. trinn og 5.-7. trinn. Eg presenterer kategoriane og forklarar kort kva eg har lagt som føringar for kategoriane. Etter kvar kategori vil eg samanfatte det eg har av funn. Fordi eg kjenner elevane meiner eg at eg kan seie / tolke kva dei legg i det dei uttrykkjer. Under presentasjon av funn vil eg skrive ut frå skjema og om nødvendig gå tilbake til video for å undersøkje meir rundt situasjonane. Under vises eit utsnitt av skjema for transkribering.

Tid id	kven	kontekst	Kva skjer	Kva blir sagt	kategori	analyse
1a 01:00	9	Introduksjon	9 oppdagar at vi skal sy. Ivrig etter å komme i gang.	L7: men vesst vi ska sy nå no da? 9: ska vi sy no?? 1: ser du ikkje det? L7: det bli ikkje me en gong.. i kor, jo, jo, j o	Glede i det å sy/prøve noko nytt.	
18:27	3	skissefase		3: går for å finne blyantar, går bort til ei symaskin for å sjå litt på den. Viser interesse.	Interesse for det tekniske	
Dag 2, 3-4 +6, time 2.						
3a 02:20			Alle har fått sydd prøvelapp. Oppstart 2. time for dagen med ekstrahjelp av 6. trinn	L7:Hei, var det artig å sy eller? Alle; JA....	Frampressa respons	
Dag 3, 1-4						
4c 03:23	9		9 har lyst til å vise 16 korleis ein syr. 9 spør meg om ho kan få sy no. 7 seier ho skal sette seg igjen. 11 og 12 får prøve istede.	9: (spør om å få sy, hører ikkje akkurat kva ho seier) 10: Kan vi? 7: hysj 7: 11 huska du kos du gjer det? 11: Ja 7: da kan de ga på den neste. 9: Kan vi prøv etter dei? 7: ja de ska få, all ska få prøv i dag no.	Ønske om å vise det ho akkurat har lært, vidare til nestemann.	
4c 09:30	8, 14, 16		Mange som sitt passive og venter på kva dei skal gjere. 14, 16, 8. Venter heilt til eg skal vise noko til heile klassen.		Usikkerhet?	

Figur 10: Skjema for koding av Skaparglede.

5.1 Skaparglede

Kategoriane for skaparglede er inndelt i forventning, inspirasjon, teknisk reiskap, vise fram, lage, vise fram kunnskap, forståing, meistring, være ferdig og resultat.

5.1.1 Forventning

I kategorien «Forventning» har eg satt saman dei situasjonane der eg har tolka, ut frå datamaterialet, at elevane viste glede over dei forventningane dei hadde til kva dei skulle

få prøve og oppleve i oppgåva deira. Hendingar er merka med **cerise** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Nå elevane oppdagar at prosjektet går ut på å sy blir dei ivrige. Ei ropar ut: -Skal vi sy no?? Eg svarar at det blir ikkje med ein gong, men da ropar «alle» i kor: -Jo, jo, jo! Seinare, på dag fem, i opptaka dukkar det to elevar frå 1. klasse opp framfor kameraet, dette er sist på ein time og alle andre har gått ut til friminutt. Dei står framfor ei symaskin og ser på knappane og ein av dei latar som om han trykkjer på knappane og lagar seg ein liten song: «-sy, sy, sy, sy, sy...»

Begge desse situasjonane der elevar viser glede i forventning er det før dei har kome så langt i prosessen at dei har begynt å sy. For meg verkar det som om det er det å få lov til å bruke symaskin i eit prosjekt som gjer at elevane viser glede og forventning. Ikkje nødvendigvis oppgåva eller produktet dei skal lage. Det at elevane kan ha forventingar til noko dei skal få gjere kan være grunn til at dei blir meir ivrige til å ta fatt med prosjektet.

5.-7.

I starten av første time gjennomgår vi kva som kan være eit berereiskap. Dette gjer vi som ein introduksjon til saumprosjektet. Da går det opp for ein annan av elevane at vi skal sy eit berereiskap. Ho går da frå å liggje fram på pulsten til å sitte opp og ivrig forklarar kva ho vil lage. «Da vil e sy ei rompetaske, som e ska ha med meg på ...»(HI⁷), seier ho. To av elevane sitt på bakarste rad og snakkar ivrig seg imellom. Eg veit ikkje kva dei seier, men dei er svært engasjerte i samtalen og eg har skjont at dei diskuterer mulege berereiskap. Eg spør om dei har idear og elev 29 svarar: «Bamse..? Med lomme.» Dette seier ho med eit smil om munnen. Eg trur ho meiner ein sekk eller liknande som ser ut som ein bamse. Det kjem og mange, litt mindre saklege forslag, som traktor, jakke og fotball.

For elevane i 5.-7. trinn er forventingane heller retta mot produktet dei skal lage enn for elevane i 1.-4. trinn som hadde store forventningar til å få sy med symaskin.

⁷ HI står for at lyden ikkje er god nok til å høyre kva som blir sagt på opptaket. Dette kan skyldast at elev snakkar for lågt, eller at det er for mykje anna lyd i rommet.

5.1.2 Inspirasjon

Elevane finn glede i inspirasjon på fleire forskjellige vis. Det kan være stoff som gir inspirasjon til produkt eller elevar som tenkjer utanom boksen og finn andre løysingar på berereiskap. Andre hendingar er retta mot inspirasjon som går på tvers av oppgåveteksten og som leiar til andre kreative prosessar seinare i prosjektet.

Hendingar er merka med **lilla** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Eg har ingen observasjonar som går på inspirasjon for 1.-4. trinn.

5.-7. trinn

Tidleg i prosjektet er det to elevar som vel å løyse oppgåva med berereiskap på ein annan måte enn den eg har presentert for elevane. Elev 25 vel å ha berre eit handtak, fordi han har teke inspirasjon til å lage ei veske som bamsane hans skal være i. Veska skal hengje på senga og treng da berre eit handtak. Elev 24 går heilt vekk frå veske/gympose og vel å lage seg eit snekkarbelte. Han har da teke inspirasjon av det som interesserer han og lager noko han ser han kan få bruk for. I løpet av utviklinga av snekkarbeltet finn han fram verktøy for å sjå korleis han skal få laga innretningar som festar verktøyet til snekkarbeltet.

Elev 29 finn inspirasjon i stoff som ho finn og liker. Når ho finn stoffet kjem det eit høgt: «Åjjjjiii!». Ho tek det med for å lage handtak til veska si. Seinare vil elev 29 lage seg lomme og ut frå det tenkjer at ho vil finne stoff som passar til dei stoffa ho alt har.

Undervegs i prosessen og når enkelte av elevane er ferdige med sitt berereiskap leiker dei med ulike stoff. Elev 26 og elev 29 tar stoffbitar og «prøver» dei på som deler av imaginere klede. Elev 29 uttrykkjer med glede at: «Ta her ligna litt på en kjole.» Det er tydeleg at dei finn glede i å sjå for seg kva dei kan lage av stoffa dei finn. Seinare er det elev 24 som finn seg eit dynetrekk som han blir inspirert av for å lage seg ein hettegenser, men som etter mange rundar saman med andre elevar og meg blir til ein onepiece. Dette kjem eg tilbake til i kapittelet som handlar om glede over å lage.

Ut ifrå observasjonane er det tydeleg å sjå at elevane i 5.-7. trinn finn inspirasjon av egne idear for bruk av berereiskapet og av stoffa som elevane har til rådde.

5.1.3 Tekniske reiskap

Med interesse for det tekniske meiner eg i hovudsak når elevar viser interesse for å sy med symaskin og å bruke strykejern for å glatte ut stoffa sine. Elevane uttrykkjer glede over å få lov til å bruke teknologiske reiskap, som dei ikkje har mykje erfaring med frå før av. Hendingar er merka med blå i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

I starten på prosjektet med elevane skulle elevane lage idéskisser for korleis dei kunne tenkje seg at veska/gymposen skulle sjå ut. Under denne prosessen gjekk ein av elevane bort til symaskina og sette seg ned for å sjå litt på den. Han viste interesse for symaskina og var tydeleg ivrig etter å få prøve symaskina. Det same viser seg i situasjonen der to elevar står framfor symaskina og latar som dei syr og den eine lagar ein song. Dei snakkar samtidig om dei ulike saumane som er muleg å sy med symaskina. Andre viser stor konsentrasjon når dei blir vist korleis dei skal sy, men og seinare når dei syr sjølvstendig. Dette er og tilfelle for elevar som vanlegvis ikkje er så konsentrert på andre oppgåver. Interessa for å få sy kan og gå framfor det å planleggje og gjere forarbeidet med stoffa elevane skal bruke til veska/ gymposen. Slik som i denne situasjonen med ein elev frå 2. trinn. Eleven står med stoffa i hendene:

Elev 19: «skal eg sy?»

L7: «Nei, du må klippe og bruke nåler og slikt først.»

19: «Å, ja...»

L7: «Så skal du få sy.»

Elev 19: «Yay!»

Her viser ikkje eleven forståing for kva som må til av førebuing for å sy, men ho viser tydeleg at ho har lyst til å sy.

Andre tilfelle viser ein elev, i tredje trinn, som går frå symaskin til symaskin og spør dei som syr om dei snart er ferdige. Ho skal vise ein annan elev på gruppa si korleis symaskina verkar. Ho spør fire gonger før ho oppdagar ei symaskin som blir ledig. Når symaskina er

vel sikra av henne ropar ho ivrig til vedkommande ho skal lære opp. Ho er og svært ivrig under opplæringa av medeleven. Ho forklarar, viser og går ikkje vekk frå symaskina under opplæringa.

Seinare er same elev, i tredje trinn, klar for å begynne å sy saman veska si. Ho konstaterer at ho skal sy, «eg må sy.» og forsikrar seg om at det er det ho skal med å spørje lærar, «skal eg berre gå å sy?». Så går ho med stort smil bort til ei symaskin og sett i stikkontakt og ordnar pedalen til symaskina. Ho blir vist av lærar kvar det er ho skal begynne å sy og etter det arbeider ho konsentrert og sjølvstendig. Litt seinare i prosjektet må ho sy sikkaksaum rundt kantane på veska. Da spør ho: «Korleis skal vi gjer det? Skal vi sy igjen?». Som eg svarar med eit bekræftande: «mmmm». Svarar ho: «Yeahhh!». Her viser ho at ho ikkje nødvendigvis forstår gongen i saumprosessen, men at det gleder ho at ho skal sy igjen.

Enkelte gonger kan det at elevar ikkje få sy være grunn til at dei ikkje er fornøyde, som det viser seg i ein enkelt situasjon der ein elev har sydd litt feil og får hjelp av assistent til å komme på rett veg igjen. Assistenten sy på handtaka til eleven med argumentasjon om at det er for vanskeleg stoff for eleven å sy i. Eleven viser tydeleg misnøye med at ho ikkje får sy sjølv, men misnøya endrar seg i det ho får sy igjen. Assistent: « Da elev 9, da kan du få sy.» Elev 9: «Yes!»

Når elev 19 er klar for å sy går eg bort til ho for å sjekke at ho veit kva ho skal gjere. Elev 19 går i andre klasse. «Kva skal du gjere no 19?» spør eg. Ho svarar: «eg skal sy.» Eg spør: «Men veit du kvar du skal sy? Skal du sy ned her?» «Ja, eg skal sy her.» svarar ho. Ho bekreftar for meg at ho veit kvar ho skal sy. Eg hjelper ho med å komme i gang og overlèt til elev 15, som er på same gruppe, å hjelpe elev 19 vidare. Elev 19 smiler breitt og er svært konsentrert når ho syr.

Når elevane syr kjem dei opp i situasjonar som dei ikkje har tenkt over før. Dette er eit døme på ein slik situasjon der ei av symaskinene har gått tom for undertråd. Situasjonen er den at elev 5 har gått tom for undertråd og assistenten hjelper han med å spole ny tråd på undertrådssnella. Elev 5 reagerer med eit overraskande «Åj!» når assistenten

begynner å spole på tråd. Elev 9 kjem bort til dei for å sjå. Elev 5 peikar entusiastisk på spolen og smiler breitt. Elev 9 ser på med undring og spør «Kva gjer du?» Assistenten svarar: «Har på spolen. Den som skal være nedi her» og peikar på spolehuset til undertråden. Assistenten avsluttar spolinga og elev 5 meiner ho må spole meir. Elev 5 og elev 9 står og snakkar saman og elev 5 viser med heile kroppen korleis tråden vart spola på strådsnella.

Enkelte situasjonar kan tolkast på ulikt vis, men ut frå kjennskap til elevane kan eg tolke situasjonen til å gjelde bruken av symaskina. Dette gjeld til døme når elev 9 sitt ved symaskina og ordnar symaskina klar til å sy. Eleven sitt og syng imens ho arbeider. Når elev 9 begynner å sy, kjem elev 18 bort til ho og påpeiker at ho sy for fort, men elev 9 viser at ho er fornøyd med farten og syr vidare. Seinare er det elev 9 som hjelper elev 18 med å vise kva han skal gjere og da sitt begge to etter ei stund og prøvar ut ulik fart. Dei smiler og ler saman.

Det å spole undertråd er igjen fokus for interesse og når elev 18 syr og oppdagar at det ikkje blir sydd i stoffet er det fleire som kjem til for å sjå kva som er feil. Når eg seier at han er tom for undertråd, roper elev 9: «Han e tom for undertråd!» Når eg da spør om kva som må gjerast for å ordne dette svarar elev 9: «Vi må fyll på meir undertråd.» Interessa har altså ført til større kunnskap om symaskina. Responsen på dette blir av elev 9: «Kan e få kjø i full gass?» Dette tolkar eg til at ho ønsker å teste ut kva symaskina kan gjere. Seinare i prosjektet er spoling av undertråd nok ein gong fokus for interesse. Elev 9 har i førre time litt problem med saumen sin og når ho kjem inn til neste time sett ho seg ved symaskina og syng. Når eg går bort til ho og fortel at grunnen til problemet var at ho var tom for undertråd spør elev 9: «Kan eg få fyll på tråd etterpå?». Når eg da seier at det kan ho få, svarar ho med knyttte hender framfor seg i jubel, eit stort «YES!». Elev 9 fortsett med å sy og viser til elev 3 kor fort ho kan sy. Ho smiler og ler høgt. Litt seinare ser elev 9 at undertråden snart er tom igjen. Da seier ho «No skal eg fyll på tråden!» Eg hører ikkje kva ho seier og spør «Hæ?» Da seier ho opp at det ho sa tidlegare. På det svarar eg «snart». Det er ho ikkje fornøyd med og uttrykkjer det med «Uæhhh...». Elev 9 sett seg ved symaskina igjen og sjekkar undertråden. Ho uttrykkjer at spolen snart er tom. Eg spør «er den snart tom?». Elev 9 svarar «ja, nære på. Sjå!». Eg går for å sjå og gir ho

lov til å spole på meir undertråd. Elev 3 sjekkar og om symaskina si er tom for undertråd. Eg sett elev 9 i gang med å spole undertråd og elev 3 tek ein pause med det han arbeider med og kjem for å sjå på når elev 9 spolar. Når dei spolar oppdagar dei at om farta blir for stor sprett overtrådsspolen, den som matar tråd til spoling av undertråd, av symaskina. Dei smiler og ler av oppdaginga. Når elev 3 er ferdig uttrykkjer han ønske om å få sy meir.

3: «kan e få sy meir?»

L7: «he du løst te å sy meir?»

Elev 3 nikkar.

L7: «å, så bra. Vi får ikkje te de akkurat no, men seinare kanskje.»

Ut i frå kjennskapen til eleven tolkar eg denne situasjonen til å handle om det tekniske aspektet i handverket saum. Han har rett og slett lyst til å bruke symaskina meir.

Det er ikkje berre symaskina som verktøy som gjer elevar oppglødde. Strykjarnet, å få lov til å stryke sjølv har og litt den same effekten på enkelte elevar, men og ulik reaksjon frå elevane. Her er ein situasjon der elev 9 og elev 18 skal stryke ned kanten på veska for å få eit fint resultat.

Elev 18: «Skal vi stryk der og?»

Lærer: «Ja.»

Elev 9: «Yes!!»

Elev 18: «Åååå...»

Her er det tydeleg at elevane opplever det å styrke ulikt. Den eine eleven uttrykkje glede, mens den andre uttrykkjer misnøye.

5.-7. trinn

Når elevane kjem inn til første time er det ei som går bort til symaskinene og seier: «Det e nye symaskinå. Berre sjå...» (HI). Løfter litt på lokket til ei av dei og peiker bort på symaskina utan lokk for å vise til medelev. Ingen direkte glede å observere, men ho viser interesse. Seinare, under syng av prøvelappar er gleda over symaskinene tydeleg å observere på enkelte elevar og da spesielt elev 22 som uttrykkjer ønskje om å kjøpe seg symaskin.

Elev 22: «E vil kjøp me.. E he løst te å sparra te en slik en her.»

30: «Ja, det va skikkeleg gøyt.»

Dette er etter at dei har prøvd ut ulike stingtypar på symaskina. Elev syr lenge på prøvelappen sin og utforskar symaskina, han finn fram ein lapp til for å sy litt til seinare. Dei fleste elevane er nysgjerrige på symaskina og kva den kan gjere. Dei testar ut meir enn det eg har satt dei til å gjere. Sjølv elev 23, som tidlegare uttrykte misnøye ved å skulle bruke symaskin, som han repeterte da han skulle sy prøvelapp:

L7: «No kan du ta med de 23 før å sy.»

23: «Hæ? E hata å sy!»

22: «e kan sy istan fær 23»

Det går litt tid og 22 er ferdig med prøvelappen sin og seier:

22: «Kem e neste? 23, no ska e fer de å sy!»

23: «Nei.»

22: «Jo, prøv! Det e ganske artig!»

23: « hata å sy...»

Når elev 22 og 23 sitt og syr, testar dei ut ulike sting og begge smiler godt fornøyd. Elev 23 har fått ei positiv oppleving av å bruke symaskin, saman med ein medelev, seinare er han ikkje så negativ til å bruke symaskina.

Likt som for 1.-4. trinn er det stor oppstandelse og glede når noko uventa skjer med det symaskinene. For 1.-4- trinn var det når maskinene gjekk tom for undertråd og elevane viste stor glede i å sjå korleis ein spolar undertråd. For 5.-7. trinn er ikkje dette like nytt og spennande, men når elev 29 oppdagar at det går å sy utan pedal, da oppstår noko av den same responsen. Elev 30 sitt og ser på, elev 24 sitt ved eiga maskin, men kjem bort til elev 29 for å sjå, saman med elev 28.

30: «Marit, man treng ikkje pedal for å sy.»

24: «Ho berre trykkje på na der start/stopp å så... Kos i huleste ha ho fått te det?!»

24 prøvar sjølv.

24: «Å, Å, Å den bynna å sy!»

Oppdaginga av noko nytt ved det tekniske skapar nysgjerrig utforsking og glede.

Sett ut ifrå funna er det det å få bruke symaskin som reiskap som elevane i 1.-4. trinn fokuserer på, mens i 5.-7. trinn er det i større grad kva symaskinene kan gjere som er interessant.

5.1.4 Vise fram kunnskap

Her vil eg presentere funn som viser elevar som ytrar ønskje om eller viser interesse for å vise fram og lære bort det dei har lært eller kan frå før i ein saumprosess. Dette kan gå på førebuing av tekstil før sying, sying og alt anna som inngår i prosessen. Hendingar er merka med [lys lilla](#) i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

I oppstartinga av prosjektet, under syinga av prøvelappar, er det enkelte som viser større ønske, eller glede i å få vist fram det dei kan. Slik som elev 9 som er på så fort som ho har sjansen for å spørje om å få hjelpe elev 16 med å sy prøvelapp. Det er usikkert, ut frå opptaka, akkurat korleis elev 9 spør, men elev 10 heng seg på og spør «Kan vi?». Litt seinare er elev 9 igjen ivrig til å vise fram og spør igjen lærar om lov «Eg vil hjelp 16 å sy! Kan eg og 10 lære 16 å sy?». Eg gir dei lov så snart dei andre, som alt syr, er ferdige.

Neste situasjon er litt annleis. 5. og 7. trinn er med 3. og 4. trinn på undervisninga og er fordelt på dei andre gruppene. 5.-7. trinn skal hjelpe til, men og arbeide med si oppgåve. I denne situasjonen er det to elevar som arbeider med to lange remser med stoff som skal brettast saman med retta av stoffet inn for å lage handtak. Dei har bretta den eine remsa med rettsida ut og lærar spør om kva som er feil. Dette er to vidt forskjellige elevar. Den eine, forstår eg som ein som ønskjer å gjere alt rett og gjere det slik lærar har sagt det skal gjerast. Han viser og glede ved prosessen han er i, men forståinga gjer at han ikkje alltid er fornøyd. Den andre eleven har lite lyst til å sy sjølv, som eg tolkar til å komme frå hans mangel på sjølvtilitt til kva han sjølv kan få til. Derimot er han ein av dei første som hjelper andre elevar med problem dei har. I situasjonen er det sistnemte elev som plutseleg skjønner kva det er som er problemet og forklarar svært ivrig til medeleven sin.

Elev 23: «Åååå, utsia, utsia, utsia! Skjønner du 18? Den skal være sånn og så brettar vi den sånn her. Utsia skal være...».

Elev 18: «men da er ikkje den rett da?»

L7 «Jo».

Elev 23 «jo, den er rett! Det var denne her som er feil.»

Her tar elev 23 over kontrollen og forklarar elev 18 kva som var feil. Han viser fram kunnskap og forståing han nettopp erverva.

Siste situasjon har eg skreve om tidlegar i presentasjonen av funn, men her er det litt anna vinkling på situasjonen. Situasjonen er når elev 18 går tom for undertråd og han forstår ikkje kva det er som har skjedd. Eg spør da «kva må vi gjere da?», elev 9 viser sin tillærte kunnskap med å komme med svar «Vi må fyll på meir undertråd.» Sjølv om det er eigentleg elev 18 eg spør, så er det elev 9 som kjem med svar og får vist det ho har lært.

5.-7. trinn

Også for 5.-7. trinn viser elevane glede i å kunne vise til andre kva dei kan. Dette vises først under syng av prøvelappar. Her er det elev 22 som viser initiativ til å ville lære elev 23 å sy. Han seier med ivrig stemme; «Kem e neste? 23, no ska e ler de å sy!» Han viser tydeleg ønskje om å lære bort det han kan til elev 23 og sjølv om elev 23 ikkje har lyst til å sy, blir han med. Elev 22 viser ivrig fram det dei skal kunne på symaskina og litt til. Seinare er det elev 29 som viser fram det ho kan. Da elev 27 skal vrenge handtaket sitt og treng å bruke ein rundpinne for å gjere jobben. Elev 29 går da bort til elev 27 og seier fornøyd at; «Da må du bruk na her.» og peiker på pinnen.

Frå funn ovanfor ser det ut som om elevar i begge gruppene av trinn ønsker å vise fram og hjelpe medelevar med kunnskapen dei sjølv har.

5.1.5 Lage

Her presenterer eg funn der elevar har uttrykt glede over korleis det dei skal lage blir sjåande ut. Dei gleder seg over produktet og kva material dei kan bruke. Hendingar er merka med grøn i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Tidleg i prosessen er det stoff som gjer at elevar viser glede, slik som når elev 15 og 19 skal sy prøvelapp og elev 19 seier: «stoffet e så fint det!». Seinare når elev 19 har valt ut stoff til veska si sitt ho og ordnar stoffet sitt og ser godt fornøyd ut over vala sine. Elles kan det oppstå situasjonar der gleda i det å lage noko ikkje direkte er retta mot oppgåva men at elevar finn andre måtar å bruke stoff på. Ein elev har funne seg eit stykke stoff som er forma som ein trekant. Han utnyttar forma på stoffet og knyter det over ansiktet som ein banditt. Eleven har laga seg eit kostyme som han deretter går rundt i klasserommet og viser fram til medelevane. Dette er utanfor oppgåva, men det er kanskje hans måte å bli kjent med stoff på, i leik. Dette kan være ein måte for han å bruke tida på noko anna enn oppgåva og det kan igjen være fordi han ikkje veit eller forstår kva det er som krevst av han for å kome vidare med arbeidet sitt. Seinare sitt same elev med stofftrekanten på hovudet som eit skaut.

Gleda over å lage noko kan og komme av at elevar finn stoff eller tråd som dei syns er fine og vil bruke dei i produktet. Ein elev i 2. trinn har funne seg ei trådsnelle som tydeleg fell i smak. Når ho hentar tråden og viser den til læraren held ho trådsnella forsiktig i begge hendene, som om den er laga av noko verdigfullt, og smiler.



Bilde 24: Elev med rosa trådsnelle.

Bilde 25: Rosa tråd.

Bilde 26: Elev sy med rosa tråd.

Eleven skal no sy saumen på innsida av veska og saumen blir ikkje visande utifrå, så ho får ikkje bytte tråd. Når eleven oppdagar at symaskina har svart tråd på, så seier ho: «Ååå, eg elsker svart!». Dette viser berre at eleven ikkje mistar glede sjølv om ho ikkje får første ønsket oppfylt. Seinare, når ho skal sy løpegangen på gymposen sin får ho bytte til rosa tråd og da smiler ho breitt.

Elevane viser og glede eller pågangsmot til å gjere det dei lagar fint. Eit døme er der ein elev i 2. trinn observerer at andre brukar ein mal for å klippe etter. Dette vil han og bruke og forhører seg med ein medelev kvar han kan finne ein mal. Han får ikkje noko svar, men når han oppdagar malane på bordet bak seg, tek han ein og smiler fornøyd.



Bilde 27: Elev fornøyd med å finne ein mal.

5.-7. trinn

Første teikn eg har registrert på det at elevane viser glede ved å lage er at elevar ikkje vil ut til friminutt og når dei får være inne er det ein elev som vel å ta ein liten seiersdans og seier: «No ska e finn me stoff». Litt seinare kjem han til meg og lurar på korleis han skal gå fram for å lage eit snekkerbelte. Han har gått litt bort frå oppgåvetekst, men han får lov til dette fordi han viser genuin interesse for å lage dette produktet. Det er fremdeles eit berereiskap og han er heller typen til å sjå nytte i å lage snekkerbelte enn ei veske eller gympose. Han har klare tankar om korleis snekkerbelte skal sjå ut og saman finn vi ei løysing for korleis han skal gå fram.

Ei anna hending er når elev 29 leitar etter nokre tal som ho har klipt ut for å bruke som dekor. Desse tala har kome bort og når ho endeleg finn det att hoppar ho glad og fornøyd tilbake til plassen sin. Seinare finn same elev eit stykke stoff og seier: «E ska lagga en telefonlomme!». Dette viser at ho har tankar om korleis ho kan lage produktet sitt betre

og med fleire kvalitetar. Ho arbeider konsentrert og målbevisst med veska si. Elev 28 er og fokusert på å dekorerer veska si. Ho syr bokstavar med ulike sting med symaskina.

Elevane i 5.-7. trinn viser at dei har litt erfaring i sjølve handverket å sy og nokre begynner, etter å ha gjort seg litt ferdig med sjølve oppgåva, å eksperimentere med andre produkt. Eleven som begynte med å sy seg snekkerbelte var den eleven som først viste interesse for å eksperimentere. Han er ferdig med snekkerbeltet sitt og får beskjed om å finne nytt stoff for å eventuelt sy ei veske som han kan ha snekkerbeltet og reiskap i. Han finn seg eit lite stoffstykk som er klipt av ei anna veske av ein annan elev tidlegare. Den er dermed sydd i sidene og elev 24 syr igjen botn, på same måte som veske/snekkerbelte. Elev 25 kjem med inspirasjonen om at det liknar ei lue. Eg blandar meg litt inn og seier:

L7: «Såg ut som ei trus»

Mange ler.

L7: «sy de ei trus du.»

26: «JA! Og så har du slik strekk oppi.»

30: «Ja gjer det!»

Så klipper han og elev 26 hol i to av hjørna og prøver den på som truse. Mange elevar fattar interesse og samlar seg rundt. Hola er for små og må justerast. Dei smiler og ler over situasjonen. Omtrent heile klassen observerer denne situasjonen og dei syns det heile er festeleg.



Bilde 28: Elevane lagar truse.

Etter at elev 24 har prøvd på seg «trusa» blir elev 30 og elev 22 med på å finne ut korleis dei kan få plagget meir rett. Dei vurderer korleis dei kan feste på ein strikk for at «trusa skal sitte betre på. Det kjem forslag til å bruke stiftmaskin, men dei bestemmer seg for å



Bilde 29: Elevane festar strikk i truse.

bruke symaskina. Eg fortsette med å hjelpe dei elevane som framleis held på med berereiskap, så her måtte elevane sjølv finne ut løysingar for utfordringane med «trusa». Det blir mange høglytte utrop som «JA!», «gjør slik» og liknande. Dei er tydeleg ivrige og oppglødde. Elevane har aldri sydd strikk i eit plagg før. Det at fleire av elevane har eller skal sy løpegang i saumprosjektet er det ingen som reflekterer over og «trusa» sin strikk blir punktvis sydd fast i stoffet.

Vurdering av resultat kjem i produktanalyse(vedlegg 4). Etter saum av trusa finn elev 24 på fleire idear for klesplagg han vil lage. Det er t-skjorte og hettegenser. T-skjorta blir til ein singlet der han brukar noko eg trur er eit putetrek, som han klipper ut hol for hovudet og armane.

Seinare står elev 24 og elev 26 ved eit bord der elev 24 har lagt ut eit dynetrek som han vil bruke. Dei vurderer korleis dei skal få til å lage ein hettegenser. Elev 24 går inn i dynetrekket og dei vurderer fram og tilbake kva dei skal gjere. Elev 25 har eit forslag til kva dei kan gjere

25: «Kaffer laga de ikkje en heldress ått han?»

24: «for da vises ikkje truså.»

L7: «Onesie. Onepiece.»

24: «Men truså vises.»

Eg foreslår at dei skal leggje trekket på golvet for å få betre plass. Elev 24 legg seg ned på dynetrekket. Elev 22 brukar bredda på foten sin som «saummonn» og elev 26 teiknar med kritt rundt kroppen til elev 24. Elev 25 blir og litt med. Dei arbeider konsentrert og målretta. Idear kjem etter kvart og alle er med å diskutere kva dei skal gjere.



Bilde 30: Oppteikning av onepiece.

Etterpå klipper dei ut etter krittstrekken og oppdagar at dei har klipt med rettsida ut. Eg lurar da på kva dei vil gjer før dei kan sy. Elev 24 går da inn i stoffet, som er sydd saman i enden av armane, for at dei kan arbeide med stoffet. Eg foreslår og hjelper dei med å leggje det ned på golvet igjen for å sette på nåler.



Bilde 31: Sette nåler i onepiece.

Elev 22, elev 24 og elev 26 blir inne i friminuttet for å fortsette å sette nåler.



Bilde 32: Nåling på golvet.

Neste time syr elev 26 onepiecen imens elev 22 tar ut nåler og elev 24 trykker på pedalen. Dei er engasjerte og konsentrerte på oppgåva dei sjølv har valt å gjere. Elev 22 og elev 26 er ikkje ferdig med produkta sine, men dette skapar større engasjement og iver, så eg lar dei fortsette. Dei fortsett med å sy i glidelås, klippe av lengda på fotane og elev 24 prøvar den stolt på.



Bilde 33: Finne rett lengde på beina.



Bilde 34: Prøver onepiecen. Fornøyd.

Etter som at elevar blir ferdig med produkta sine i oppgåva frå meg er det fleire som blir med på å lage «kostymer» av ulike slag. Elev 29 lagar seg «brudekjole» med god hjelp av elev 24 og viser glede i å nynne på ein brudemarsj imens dei arbeider (bilde 35-37). Elev 22 og elev 26 prøvar ulike stoffbitar for å sjå kva som kan passe som deler av klede (bilde 39). Og elev 27 syr seg eit panneband med netting (bilde 38). Alt dette er sjølvdrevet og svært engasjerande.



Bilde 35: Arbeid med kjole.



Bilde 36: Festing av skulderstropp.



Bilde 37: "Brud"



Bilde 38: Panneband med netting.



Bilde 39: Utprøving av stoff som deler av klede.

For dei yngste elevane er desse opplevingane av glede for å lage oftast der dei likar stoffet eller materiala som dei skal bruke. For elevane i dei eldste klassane er det meir teikn på at dei tek kunnskapen dei har og vidareutviklar ideane sine og produkta.

5.1.6 Vise fram det dei har laga

Ofte, når elevane har laga ein del av veska eller gymposen, har dei lyst til å vise fram det dei har fått til. Det kan være ein saum, dekor eller ferdige delar av produktet. Dei viser at dei er stolte over det dei har oppnådd. Hendingar er merka med **turkis** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Når elevar som kjem bort til meg for å vise fram er det ofte fordi dei er ferdige med ein del av produktet sitt, slik som når elev 5 har klipt eit av handtaka sine og ivrig viser det fram til meg eller når elev 9 er ferdig med å sy sitt handtak og ropar: «L7, L7, ferdig!» og går bort til meg for å vise fram. Dei fleste gongane er det lærar eller assistent dei vil vise fram til, men også til medelevar.



Bilde 40: Elev viser stolt fram det han har sydd til ein medelev.

19 går rundt i klasserommet og prøver å vise fram prøvelappen ho har sydd til nokon på trinnet sitt. Sjå bilde 41 neste side.



Bilde 41: Elev 19 viser fram prøvelapp.

5.-7. trinn

I 5.-7. trinn har dei fleste elevane prøvd å sy med symaskin før, men det er ved sying av prøvelappar at den første registrerte hendinga på glede over å vise fram det dei har laga kjem. Elev 26 syr på prøvelappen sin og utbryt plutselig: «Wow, min sin vart jo litt fin!». Ho snur seg til ei anna gruppe, der hennar beste ven i klassen sitt, og viser fram prøvelappen og seier: «Sjå min lapp da!». Reaksjonen av dei som ser den lar seg ikkje vente på og elev 30 reagerer med eit høgt: «WOW! Åååå, kolles fikk du te.. Ka va, ka va ta der?..» Elev 30 lurar på kva for sting som har blitt brukt. Dette påverkar nok elev 30 og elev 24, for dei syr lenge på prøvelappar og dei testar ut ulike stingtypar dei og. Seinare er det elev 30 som viser fram det ho har laga til elev 26 med eit høgt «Sjå!».

Sjølv om elevane på mellomtrinnet har meir erfaring med saum er det uansett lærar dei oftast vel å vise fram det dei har laga til. Ikkje berre for å få bekrefta at dei har gjort rett og gå vidare med prosjektet, men og berre for å vise fram. Ofte er det når elevar er ferdige med ein del eller heile produktet. Slik som når elev 29 er ferdig, henger veska på skuldra og seier fornøyd: «Tada! Ei fin veske!» og går og viser lærar, eller når elev 27 er ferdig og seier til lærar:

Elev 27: «Du vil gjerne ta bilde av me, koss e ha lagd den her. Woh, Woh... Når ska e gi den her te morra mi da?».

Det er tydeleg at han er svært lyst til å vise fram heime og er godt fornøyd. Sjå bilde 42 neste side.



Bilde 42: Elev 27 viser fornøyd fram produktet sitt.

Når elev 22 og elev 26 er ferdige med produkta sine tar dei og viser dei til kvarandre. Dei poserer og ser fornøyde ut.



Bilde 43: Elev 22 og elev 26 viser fram produkta sine til kvarandre.

Når elevane som har starta med å eksperimentere med ulike klede er dei og ivrige etter å få vist fram det dei lagar. Det er da meir visning til alle i rommet og ikkje nødvendigvis berre til lærar. Det kan være fordi dette ikkje er ei oppgåve eg har gjeve dei og dei treng da ikkje «godkjenning» av meg for å fortsette med det dei lagar. Dette er tydeleg når elev 24 prøver på seg onepiecen dei lagar. Da hoppar han rundt og viser fram til alle som ser på. På same viset er det når elev 29 har laga seg «brudekjole» og kjem inn som om ho går på catwalken, med utslått hår og poserar villig for alle i klassen. Det er og fleire som ser på når desse visar fram det som er laga.



Bilde 44: Brura poser.

Det er tydeleg å sjå gleda som elevane opplever over å kunne vise fram det dei har laga. Både elevane i 1.-4.trinn og elevane i 5.-7. trinn vel å vise fram til både lærar og medelevar.

5.1.7 Forståing

Med forståing for handverket og prosessen meiner eg at elevane forstår kva dei skal gjere for å kome vidare i prosjektet. Hendingar er merka med *lys grøn* i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Det kan være når ein elev plutselig forstår og viser begeistring over å kunne forklare ein medelev kva dei må gjere eller når dei veit kva som skal gjerast av seg sjølv og tar fatt på oppgåva med eit smil om munnen. Dette er eit døme når elevane i 5. og 7. trinn er med dei i 3.-4. trinn for å hjelpe til. Elev 18 har satt i nåler langs kanten på handtaket sitt, klar for å sy, men eg kjem bort og oppdagar at den eine reima er bretta med retta ut før den skal vrengast. Den ville da blitt med vranga ut etter sauminga. Eg spør elev 18 og elev 23,

som går i 5. trinn om kva som er feil. Elev 18 og elev 23 forstår ikkje kva eg meiner først, og blir både forvirra og litt irritert, men så går det plutselig opp eit lys for elev 23.

23: «Åååå, utsiå, utsiå, utsiå!» «Skjønna du 18, den ska varra sånn. Og så bretta vi den sånn her. Utsiå ska varra...»

18: «men da e ikkje den rett da.» (siktar til den eine handtaket som er bretta rett.)

L7: «jo.»

23: «jo den e rett! Det va na her så e fæl.»

Elev 23 forklarar oppøst og ivrig og etter kvart arbeider begge to vidare med handtaka.

Dei yngre elevane opplever og glede i forståing. Slik som denne 1. klassingen som er ferdig med å sette nåler i eit av handtaka sine og som seier muntert og litt lurt: «No er eg ferdig med den [...] må sett nåler, igjen...» Det er ikkje ein situasjon med store ord, men ein kan tydeleg sjå at eleven er fornøyd med seg sjølv og det han forstår og får til.

5.-7. trinn

I 5.-7. trinn er det ikkje så mange observasjonar på glede over å forstå, men eg har ein situasjon der eg fortel til elevane kva det er dei skal gjennomgå på symaskina og på prøvelappen. Det er rettsaum, sikksakk, retur og nål ned. Da utbryt elev 29: «Det vet e... E vet kossen alt det der gjer!» Ho er tydeleg fornøyd over å ha forståing for kva det er vi skal kunne.

Det er ikkje så mange observasjonar på glede over å forstå, men dei observasjonane eg har gjort er tydelege teikn på at elevane viser glede når dei opplever forståing.

5.1.8 Meistring

Med kategorien meistring meiner eg når elevane føler glede over handverksmessige prosessar dei får til. Hendingar er merka med **gul** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

For elevane i 1.-4. trinn kjem slik glede litt ut i prosessen. Dette kan være plutselig oppleving av å sjå kva ein meistarar, slik som når elev 2 oppdagar kor langt han har kome

med å tre snor gjennom løpegang og han seier: «Åj, e ha komme hit e.» Slik glede over meistring kan og komme etter at elevane har løyst oppgåver som dei slit litt med, slik som når elev 9 ikkje skjønner korleis ho skal få ut stoffet frå symaskina, men oppdagar etter kvart at nåla står i ned-posisjon og seier: «E klart det! Nåla låg neppå.» Eller slik som elev 4, etter å ha slitt med å tre snor i løpegang over lang tid, men gir ikkje opp og kan etter kvart sjå at han får det til. Dette uttrykkjer han med å seie: «No bynna e å kom langt.» Opplevinga kan og komme i etterkant av oppgåva, slik som når elev 10 er ferdig med å tre sin snor og konstaterer at: «Det va ganske enkelt.»

5.-7. trinn

I 5.-7. trinn viser dei og glede over å kunne meistre oppgåver dei skal gjere. Det kan være når dei får til å klippe stoff, noko som elev 27 ikkje var heilt sikker på om han skulle klare, men når han har gjort det utbryt han: «E klart det L7!» Likt som når elev 23 greier å sette nåler i stoffet sitt utan å stikke seg. Da seier han: «No fekk e det te.» Begge godt fornøyd over å få det til. Glede over meistring kan og observerast som verbale utsegn som ikkje er tilsikta enkeltpersonar eller forventa å få respons på, slik som når elev 27 er ferdig med å sy handtaka sine og heisar handtaka i lufta og dansar litt og roper: «WOW!» eller når elev 26 er ferdig med å sy på lommer på si veske og seier: «Å e e ferdig med ein lomme!». Dette er meir ei stadfesting for seg sjølv om at dette meistra dei.

Følelse over å meistre kan og være uttrykt i litt overdriven grad, slik som når elev 27 er ferdig med å sy og seier til meg: «E e proff!». Sjølvfølelsen er på topp.

I 1.-4.trinn er observasjonar på glede over meistring å finne når elevane undervegs i prosessen meistrar oppgåva dei har å gjere. Det er plutselige oppdagingar av meistring, meistring etter å slitt med oppgåva og refleksjon over eiga meistring etter ferdig utført oppgåve. For elevar i 5.-7.trinn er det og funn på meistring over oppgåver som elevane slit litt med og når elevane stadfestar etter at oppgåve er ferdig at dette fekk dei til.

5.1.9 Være ferdig

Kategorien «være ferdig» er den der elevane viser glede over å være ferdig med deler eller heile produktet. Hendingar er merka med **lys rosa** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Naturleg nok er det å vise glede over å være ferdig med eit produkt mest synleg mot slutten av prosjektet, men det er og tilfelle når elevar har vorte ferdige med enkelte deler av produktet. Dette viser ein elev i 4. trinn når ho er ferdig med å sy handtaka sine. Ho viftar da med handtaka og seier fornøyd «L7, eg er ferdig!».



Bilde 45: Elev viser fornøyd fram sine ferdigsydde handtak.

Enkelte elevar, er og godt fornøyd med både å være ferdig med å sette i nåler og å sy ein saum. Slik som ein elev i 2. trinn som kvar gong han meinte han var ferdig med noko, sa «Ferdig, ferdig!».

Andre har stort behov for å uttrykkje at dei er ferdige med prosjektet, slik som elev 9 som fleire gonger påpeiker at ho snart er ferdig og når ho er ferdig seier: «Yeah! E e ferdig med hele!» og elev 15 som ropar høgt «JA!» når eg seier til ho at ho er ferdig. Andre kjem bort til meg og fortel at no er dei ferdige, slik som elev 10 som seier: «L7, e e ferdig.» og når eg bekreftar dette er ho godt fornøyd.

5.-7. trinn

For 5.-7. trinn viser og glede over å være ferdig med deler av prosjektet. Nokon viser glede over å snart være ferdig med å rette opp i feil dei har gjort, slik som elev 29 som måtte rekkje opp att ein saum. Når ho ser at ho snart er ferdig ropar ho: «Åhhh, sjå kor lite e har igjen!! liiii» (med pipestemme). Andre viser glede når dei ser enden i prosjektet,

som elev 26 som fortel til meg at: «L7, det kan hende at e bli ferdig neste time.» Ho seier dette med fornøyd stemme.

Glede over å være ferdig blir uttrykt under prosjektet, når elevane er ferdig med deler av produktet, men og når elevane er ferdige med heile produktet. Dette er det evidens for i både 1.-4.trinn og 5.-7.trinn.

5.1.10 Resultat

Glede over resultat kva være undervegs i prosessen og når produktet er ferdig. Eg har tolka teikn på der elevane ser fornøyde ut, eller uttrykkjer dette verbalt, når dei vurderer resultatet.

1.-4. trinn

Situasjonar kan tolkas på fleire måtar, men kan og være teikn på fleire kategoriar samtidig. Dette gjeld når elev 9 er ferdig med å sy handtaka sine. Ho viftar med handtaka i lufta og syng når ho seier: «Eg er ferdig!». Dette har eg med som teikn på glede over å være ferdig, men måten ho snakkar på og viftar med handtaka tolkar eg dit hen at ho er og svært fornøyd med det ho lagar. Seinare vil same elev stryke handtaka sine og det tolkar eg som at ho vil at resultatet skal bli bra.

5.-7. trinn

Elev 24 er ferdig med å sy noko av snekkarbeltet sitt, han vrenger stoffet og vurderer korleis det ser ut. Han smiler og ser fornøyd ut. Seinare same dagen prøver han på snekkarbeltet på beltet sitt og legg ting oppi det og bekreftar til meg at han er fornøyd. Det same skjer når elev 25 er ferdig sydd sjølvve veska. Han vrenger stoffet og vurderer resultatet og ser fornøyd ut.

Andre teikn til glede over resultat er mindre tydeleg, slik som når elev 27 stryker handtaket sitt. Han går etterpå bort til ein pult og legg det fint frå seg, som om han er redd for å øydelegge resultatet av strykinga med å berre slengje det frå seg.

Elevane viser og glede over resultatet når dei nærmar seg slutten, eller det dei trur er slutten. Elev 29 meiner ho er ferdig med å sy veska si og vrenger den, ser på den og seier: «Tada! Ei fin veske!». Ho er ferdig med sjølve veska, men vel seinare å fortsette med detaljar, som lomme, og dekor. Det same skjer når elev 27 er ferdig med å sy veska si. Han tar ein liten seiersdans med veska på skuldra og viser den fram til meg og seier: «L7! Wo! Wo!» og er tydeleg fornøyd med korleis resultatet vart.

Meir inngåande refleksjon over resultatet har elev 25 og elev 26 over ein liten samtale om veska til elev 25. Når elev 25 er ferdig går han forbi elev 26 og ho ser veska og seier: «Få sjå! Na e nå fin!» Elev 25 hører ikkje og går vidare, men elev 26 går etter og ser på veska. Dei snakkar litt om den (HI), men dei er tydeleg fornøyde under samtalen. Dette vises på kroppsspråket deira. Etterpå kjem elev 25 bort til meg og viser fornøyd fram resultatet.

Det er tydeleg at elevar finn glede i resultata sine og at det er ein viktig del at andre og er deltakande i denne gleda. Eg har ikkje opptak av siste innspurt frå 1.-4.trinn, på grunn av tekniske problem med opptak, og det er kanskje difor ikkje så mange observasjonar av glede over resultat når produktet vart ferdig, men det er heller ikkje så mange observasjonar på dette undervegs i prosessen med dei minste elevane.

5.2 Manglande skaparglede

Kategoriar for manglande skaparglede er ofte det motsette av kategoriane for skaparglede, men i tillegg fant eg nokre fleire kategoriar slik som feil, ting (som stoff eller dekor) er borte, forstår ikkje korleis prosessen er eller kor dei er i prosessen, manglande interesserese for handverket.

5.2.1 Manglande forventning

Misnøye over forventning er der elevane uttrykkjer negativ innstilling til forventning dei har til oppgåva.

1.-4.trinn

Eg har ingen observasjonar på dette i 1.-4.trinn.

5.-7. trinn

I starten av første time gjennomgår vi kva som kan være eit berereiskap. Dette gjer vi som ein introduksjon til saumprosjektet. Ein elev seier plutselig: «Sy, eg er så dårleg til å sy.» Dette blir sagt utan at vi har snakka om å sy og det vart heller ikkje teke opp som eit tema da eleven sa det.

Dette er ein liten kategori, men funnet er tydeleg og går direkte på kva elevens forventning til den kommande prosessen og difor relevant å ta med.

5.2.2 Manglande forståing

Manglande forståing går på observasjonar over hendingar der elevar opplever misnøye fordi dei ikkje forstår kva det er dei skal gjere. Hendingar er merka med **lys grøn** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Når eg gjennomgår korleis elevane kan sjekke om dei har stort nok stoff og forklarar at dei kan brette eit stoff i to og lage ei litt mindre veske eller gympose om ikkje stoffet er stort nok for å bruke malen. Eg viser på elev 18 sitt stoff korleis dei kan brette stoffet i to. Da blir elev 18 litt lei seg og spør om stoffet hans ikkje er stort nok. Han spør fleire gonger og forstår ikkje kva eg har gjennomgått. Etter kvart begynner han slik eg har forklart og forsett med veska si.

Manglande forståing kan gå på sjølve prosessen i den grad at elevar ikkje kjem i gang med oppgåva før langt ut i prosjektet. Dette er tilfelle for elev 1, som går i 4.trinn og elev 2, som går i 1.trinn som er på same gruppe. Dei sitt med skissene sine og leiker krig eller latar som om dei les avis. Sjølv om eg har gjennomgått prosessen fleire gonger verkar det som om det ikkje angår dei. Dette kan og gå på manglande interesse for oppgåva, som eg kjem tilbake til seinare under «manglande interesse for oppgåva».

Manglande forståing kan og gå på deler av prosessen, som eg har observert når elev 9 har sydd igjen begge endane av handtaket sitt og får difor problem med å vrenge handtaket. Ho forstår med ein gong at ho må rekkje opp at i den eine enden, men elev 18 blir fortvila og spør om dei må øydelegge handtaka. Seinare går elev 18 tom for undertråd og igjen blir han forvirra og trur at det han lagar er øydelagt. Han seier:

Elev 18: «men ka må vi gjer no da?»

L7: «ja, ka må vi gjer da?»

Elev 18: «E den ødelagt no da?»

Han forstår ikkje at det er berre å spole på ny tråd og sy igjen.

Manglande forståing viser seg også når elev 4 skal tre snora i løpegangen til gymposen sin. Eg viser han teknikken med å bruke sikkerheitsnål for å få snora igjennom løpegangen. Han arbeider lenge med dette, men snora går litt inn og så er den litt ut igjen. Han drar snora både inn og ut av løpegangen. Han uttrykkje ofte fortvileles over å ikkje få det til og på eit tidspunkt spør han: «Hvilken veg ska e?». Dette er ein stor halvtime ut i arbeidet med snora og han han enda ikkje forstått kva for veg han arbeider snora inn.

5.-7. trinn

Manglande forståing for kva det er dei skal gjere er og ein grunn for misnøye for 5.-7. trinn. Slik som når elev 22 ikkje veit kva han skal gjere. Han har akkurat funne stoffet sitt, men hugsar ikkje får sist time kva det var han skulle gjere. Han trur han veit, men sidan han ikkje er heilt sikker så tørr han ikkje starte. Seinare snakkar eg igjen med han og da er han usikker på om han har rett stoff og i staden for å finne det andre stoffet har han valt å ikkje gjere noko. Eg gir han beskjed om å finne rett stoff og han gjer det. Etterpå klargjer han stoffet og sett nåler. Seinare sitt han ved symaskina, men syr ikkje. Elev 25 kjem bort til han og lurar på kva han kan hjelpe han med.

Elev 25: «Kaffer tek du ikkje å sy her da?»

Elev 22: « i tilfelle ikkje ska sy.. Ok, e ska bynn å sy.»

Elev 25: « e sitt å venta.»

Elev 22: «den vegen, eller den vegen?»

Elev 25: «du ska sy der du har nålinj din.»

Det er tydeleg at elev 22 framleis ikkje heilt forstår kva det er han skal gjere og han er difor redd for å gjere feil, men med litt hjelp frå elev 25 greier han å kome i gang. Misnøya kjem her i uttrykk av usikkerheit.

Manglande forståing er og problemet som elev 27 har da han skal brette handtaket med retta mot kvarandre før han sett nåler. Han spør meg om hjelp, men eg seier han må spørje andre som har gjort dette alt. Han får hjelp av elev 30, men sjølv om elev 30 forklarar korleis han skal brette stoffet og han ser i oppskrifta kva som står der forstår han ikkje korleis han skal brette stoffet. Sjølv etter at han og elev 30 begynner med å sette nåler forstår han ikkje og verbalt uttrykkje misnøye med å seie: «Nei, e e dom i hodet. E skjønna ikkje.» Hans manglande forståing gjer at han ikkje føler glede eller meistring over arbeide. Det er ganske sterke reaksjonar som kjem når elevane ikkje føler dei forstår det dei skal gjere. Slik som elev 23 som skal sy i ein knapp i eit stoff. I staden for å føre nåla ned i same side som han har nåla på stoffet har han tatt tråden rundt stoffet og nåla opp frå andre sida. Tråden blir da ikkje på rett side og eleven ser kva som er feil med forstår ikkje korleis han har fått det til eller korleis han kan rette på dette. Han utbryter dermed høgt:

Elev 23: «Ka e det så skjer? E hata livet mitt!»

Dette er ein svært sterk reaksjon og tydeleg teikn på misnøye over arbeidet. Sjølv om han seier han ser kva som er feil, ser han ikkje løysinga og uttrykkjer at han forstår ikkje og at han ikkje er god på å sy. Eg hjelper han med å rette opp i tråden og han fortsett med arbeidet.

Manglande forståing kjem til uttrykk med forvirring og ineffektiv framgang i arbeidet. Dette gjer at elevane står fast og brukar lengre tid til å bli ferdig. Forskjellen mellom 1.-4. trinn og 5.-7. trinn vises mest på korleis elevane reagerer verbalt. I 1.-4. trinn blir det stilt spørsmål for å forstå, mens i 5.-7. går meir på utsags om personlege eigenskapar.

5.2.3 Manglande meistring

Det at elevar ikkje føler meistring i arbeidsoppgåver er grunn til både glede og misnøye. Her presenterer eg funn på manglande meistring. Hendingar er merka med gul i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Når elev 17 har klipt ut handtaka sine ser han at han ikkje har fått til å klippe beint. Han blir da irritert og seier surt: «Å, e får ikkje te å kløpp bent!» ... «E kjem alder te å grei å kløpp bent.» Han har ikkje følelsen av å meistre og har heller ikkje trua på at han kan få det til.

Det å tre snor gjennom løpegang er og grunn til at elevar ikkje opplever meistring. Særleg to elevar uttrykkjer dette verbalt. Elev 2: «No he e så mykju att å ha inni. Uff!» Han refererer til at han har mykje av snora som skal inn i løpegangen. Det same gjeld elev 4: «E får det ikkje te. L7, den fer fæl veg.» Han opplever ikkje meistring fordi tråden ikkje kjem lengre inn i løpegangen.

5.-7. trinn

Manglande meistring uttrykkas av elevane med verbale uttrykk som «e vil ikkje hald på me nåle. E stakk me hele tia», «Å dumme ugle!» eller «Nei. E e ikkje go te det.» Det kjem og til uttrykk i korleis dei oppfører seg med å slenge frå seg stoffet eller at dei ikkje gjer noko med stoffet sitt slik som elev 30. Ho skal sy, men føler at det ikkje blir bra nok og sitt difor heller og ser på dei andre.

Manglande meistring er tydeleg faktor for misnøye og elevane uttrykkjer dette verbalt og med kroppsspråk.

5.2.4 Manglande glede i å lage

Det å lage noko er ikkje alltid noko som elevane finn glede i å gjere. Her presenterer eg funn på manglande glede ved å lage. Hendingar er merka med grøn i transkripsjonsskjema. Forskjellen på denne og manglande interesse for handverket er at

desse elevane ikkje viser misnøye over det å sy, men over kva dei skal sy og korleis dei skal lage det.

1.-4. trinn

Her har eg ein observasjon av manglande glede over å lage og det er når elev 1 har sydd skeivt og eg forslår at han skal rekkje opp saumen og sy den på nytt. Det er han ikkje særleg ikkje ivrig på å gjere og han seier: «Det e en gymbag. Ka så?»

5.-7. trinn

Det at elevar ligg framover på pulten sin eller står å dansar og vel å ikkje starte med oppgåva og ikkje viser engasjement seier meg at dei ikkje er særleg lyst til å lage. Dette er det eit døme på i 5.-7. trinn. Der elevar vandrar rundt i klasserommet i staden for å arbeide med oppgåva.

Andre teikn på manglande glede over å lage er når elevane uttrykkjer at dei ikkje bryr seg om korleis produktet blir. Slik som når elev 27 skal velje produkt og seier: «ja e berre tar veske, e bry me ikkje.» eller seinare når han seier: «e berre gjør det beste e kan. Så bli det så stygt.» Dette vises og når elev 22, elev 23 og elev 25 sitt og snakkar om kva dei skal lage og elev 25 seier: «... konkurranse om å laga den støggast veskå.» Det er tydeleg at dei ikkje uttrykkjer glede over det å lage veske eller gympose.

Manglande glede i å lage kan og kome av at elevar syns det er lite inspirerende det dei gjer. Dette kjem til uttrykk når elev 28 seier til elev 27: «e å, for da ha e slåppe å gjort nå meir. For ta her e kjedele!» Eller når elev 26 seier til elev 29: «e anbefale de å ikkje lag lomme, for det tek tid.» Seinare kjem elev 28 inn og snakkar med meg og uttrykkje at ho er lei av prosjektet og seier: «E vil ikkje sy meir.» Dette tolker eg til at ho er lei av prosessen fordi ho har måtte rekkje opp ein del av veska og prosessen har tatt lengre tid enn ho forventa.

Å ikkje finne glede i å lage er synleg ved at elevar ikkje bryr seg om kva det er dei lagar eller korleis resultatet blir. Det at elevar ikkje sett i gang tolkar eg som teikn på manglande glede i å lage, men og når elevar uttrykkje keisemd over arbeidet.

5.2.5 Feil

Kategorien «Feil» er det elevane har gjort noko feil med produktet sitt og viser misnøye over feilen eller for å måtte rette opp igjen feilen. Hendingar er merka med mørk blå i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Når ting blir feil for elevene er det ofte at misnøye oppstår. Dei har lite lyst til å rette på feilen og dette blir både verbalt uttrykt, med «Neil!», «Åååå» og «uehh», og med kroppsspråk. Slik som når elev 17 ikkje har klipt alle delane, men trur han er ferdig:

L7: «Ja, så må du kløpp en te.»

17: «Åååå»

Det at nokon må rekkje opp att ein saum kan og være til moro for andre, slik som når elev 5 har sydd for nært kanten av stoffet og når eg oppdagar dette ler elev 3 av at elev 5 må rett opp. Elev 5 ser ikkje ut til å bli særleg fornærma av dette, men meir overraska over at han må rekke opp alt.

Det er ikkje alltid at elevane rettar opp i feil dei har gjort. Dette er tilfelle for elev 9 når ho har sydd det eine handtaket med vranga ut. Ho orkar ikkje å gjere opp att feilen og eg lett det gå fordi stoffet er einsfarga og feilen vises ikkje så godt. Seinare syr ho feil på nedbretten på veska og da blir ho med på å gjere opp att feilen:

9: «L7, foten e ikkje helt ve kanten... L7.»

L7: «Åj, no ha du spøla tå ja. Helt herifrå faktisk.»

9: «Må e rekk opp?»

L7: «vess du vil gjer det fint så.»

9: «mmmm, ja.»

L7: «Da gjer vi det.»

9: «Men e vil ikkje rekk opp.»

L7: «Jau, ska vis de e.»

9: «men e bli alder ferdig.»

Eg hjelper ho med å sprette opp att saumen og ho arbeider sjølv etter kvart. Sjølv om elev 9 ikkje ville rette på handtaket, så skjønner ho at saumen på veska blir meir synleg og at det vil gjere resultatet mindre fint.

5.-7. trinn

For elevane i 5.-7. trinn blir misnøye over feil dei har gjort også uttrykt verbalt og med kroppsspråk. Det blir blant anna uttrykt med «Å nei!», «Ååå» og «Uff». Dei heng med skuldene og ser lei ut. Her er det også som oftast det at elevane har sydd feil som er gjenstand for manglande glede.

Sjølv om ein gjer feil og det er noko som må rettast på, er det forskjell på korleis elevane opplever og lar feilen påverke seg. Det er spesielt ein elev som skjel seg ut frå resten og det er elev 29. Sjølv om ho gjer feil og syns ikkje det er særleg moro, så mistar ho ikkje motet. Ho klagar litt, sett seg ned, rettar feilen og er raskt på rett kjøll igjen.

Å gjere feil er heilt tydeleg ein grunn til misnøye, både for elevane i 1.-4.trinn og 5.-7.trinn og oftast har feilen med sjølve synga å gjere, slik som skeiv saum.

5.2.6 Ting blir borte

Denne kategorien viser til hendingar der stoff eller liknande kjem bort. Hendingar er merka med [lys blå](#) i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Når stoff eller andre ting som elevane har tenkt å bruke på veska eller gymposen blir borte er det teikn på at det påverkar gleda for elevane. Dette skjer med elev 15 da eit stoff med kattermotiv som ho har tenkt å bruke som dekor er borte. Etter dette mistar ho litt motivasjon og sett seg ned og ser på stoffet ho alt har. Ho ser misfornøgd ut. To undervisningstimar seinare leitar ho igjen etter stoffet og eg hjelper ho, men ho finn det ikkje.

5.-7. trinn

Det same situasjon skjer og for ei i 5. trinn. Ho har klipt ut dekor og den er plutselig borte ein time. Ho og fleire leitar etter dekoren og ho ser litt lei seg ut, men hennar dekor dukkar opp etter litt leiting og humøret endrar seg betrakteleg.

Det er tydeleg at når elevane har ein ide om korleis veska skal sjå ut er påverknaden over at desse planane blir endra av at noko blir borte er stor. Når endringa skjer av utanforståande orsakar mistar dei litt av motivasjonen til å fortsette.

5.2.7 Prosess

Kategorien er for elevane som ikkje heilt forstår korleis prosessen for ein saumprosess er eller dei ikkje forstår kor langt dei er komen i prosessen. Hendingar er merka med **mørk gul** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Det skjer at elevar trur dei er klare for å skulle sy, men får ikkje begynne fordi dei ikkje har satt nåler, eller anna som ikkje er gjort. Elevane blir skuffa fordi dei ikkje får lov. Dette har eg to observasjonar på, begge i undervisning med 1.-4. trinn, men den eine handlar om ein elev i 5. trinn som er med som hjelpar. Ein elev i 2. trinn har klipt stoffet sitt og får hjelp av ein elev i 3. trinn. Dei er usikker på kva dei skal gjere og spør meg om hjelp. Eg ser da at eleven i 2. trinn ikkje har satt nåler i stoffa sine og gir ho beskjed om at ho ikkje er klar for å sy. Ho uttrykkjer skuffelse med eit: «Ååww.» og går tilbake til plassen sin og startar med å sette nåler. Den andre observasjonen er når ein elev i 5. trinn skal hjelpe ein elev i 3. trinn med å klippe ut stoff etter ein mal. Han har på førehand sett seg ut ei symaskin som han har tenkt å bruke etterpå. Ein annan elev i 7. trinn kjem og tar den «ledige» symaskina og da seier eleven i 5. trinn:

Elev 23: «Hei. 26, den ha e!»

Elev 22: «men du ska ikkje ha den ilen (aleine).»

Elev 23 mistar heilt motivasjonen og går og sett seg på ein stol med hendene i lomma og luta skuldre.

Observasjonane viser at det er elevar som ikkje har sydd tidlegare i skulesamanheng som føler på misnøye over å ikkje forstå prosessens gang i saumprosjektet, da dette berre blir observert for enkelte elevar i 1.-5.trinn.

5.2.8 Manglande interesse for handverket

Manglande interesse for oppgåva i undervisninga er ein kategori der eg tolkar elevane sin mangel på framgang til å være at dei ikkje er interessert i å lære seg å sy. Hendingar er merka med **oransje** i transkripsjonsskjema.

1.-4. trinn

Denne kategorien har eg berre funn frå 1.-4. trinn da det er spesielt ei gruppe som eg observerer viser teikn til at dei ikkje er interessert i å lære handverket. Det er som om undervisninga ikkje vedgår dei. Denne gruppa består av ein elev frå 1. trinn og ein frå 4. trinn. Dei brukar store delar av timane til å leike krig eller å late som om dei les i avis. Etter felles gjennomgangar av kva dei skal gjere så startar dei ikkje på arbeidet og om eg spesifikt viser gruppa kva som skal gjerast er ikkje fokuset retta mot oppgåva. Dei gjer kanskje litt, så er dei over på leiken igjen. Dei viser tydelege teikn på å ikkje være interessert. Når eg kjem for å hjelpe dei og peikar på stoffet der dei skal sjå, seier elev 2: «E stirra på kamera.» og seinare spør han om dei ikkje kan få teikne.

Sjølv med begrensa funn vel eg å ta med kategorien. Funnet viser elevar i 1.-4.trinn som vel å leike i staden for å arbeide med oppgåva dei har fått utdelt.

5.2.9 Produktanalyse av elevarbeid

Her vil eg presentere ei oversikt over produkta som elevane laga ut frå ei produktanalyse. Ut av 26 elevar er det 16 gutar og 10 jenter på skulen der undersøkinga går føre seg. Ut av desse var det 10 elevar som laga gympose, 14 elevar som laga veske og 2 som gjekk utanom oppgåva og laga snekkerbelte. 7 gutar og 3 jenter laga gympose. 7 gutar og 7 jenter laga veske. 2 gutar laga snekkerbelte.

Ut av dei som laga veske var berre to grupper der alle laga vesker og av dei som laga gympose var det berre ei gruppe der alle laga gympose. På dei gruppene med tre personar var det ei gruppe som berre laga vesker, to grupper der to av dei laga det same (ei med to gymposar og ei med to vesker). Siste treargruppe laga alle ulike produkt.

Trinnvis var det to elevar frå 1. trinn som laga gympose og ein laga veske. I 2. trinn laga to elevar veske og tre elevar gympose. Elevane i 3. trinn laga to veske og ein gympose. I 4. trinn laga tre elevar vesker og tre elevar gympose. 5. trinn laga ein elev veske og to laga snekkerbelte. I 6. trinn laga alle tre elevane veske og i 7. trinn laga ein elev vanleg veske, ein elev veske med eit handtak og ein elev laga gympose.

Etter avslutta prosjekt har eg vurdert elevane sitt arbeid etter kva for kriterier elevane har utført og vurdering av ferdig utsjånad av produkt.

Ikkje tilfredstillande viser til at produktet har feil som går på bruk, slik som hol i veska.

Uryddig viser til fleire av kriteria er utelatt og eit uryddig resultat.

Ok resultat er tre av kriteria er gjennomført og utsjånad er ok.

Bra viser til at 4 av kriteria er gjennomført og utsjånad er bra.

Godt resultat viser til at alle kriteria er gjennomført og utsjånad er godt.

Svært godt resultat viser til at alle kriteria er gjennomført og utsjånad og gjennomføring er svært godt. Vist i figur 11.

Vurdering	1.trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn	5.trinn	6.trinn	7.trinn
Ikkje tilfredstillande		I					
Uryddig og manglande				I	I		
ok	I				I		II
bra	I	III	II	I		I	
godt	I		I	III	I	II	
Svært godt.				I			I

Figur 11: Vurdering av produkt. Her med trinnvis inndeling.

Ut i frå produktanalysen ser eg at elevane i 1.trinn oppnår ok og bra resultat. I 2. trinn er det eit resultat som ikkje er tilfredstillande, da gymposen har hol i botn av ein sidesaum. Elles har dei andre elevane i 2.trinn oppnådd bra resultat. Elevane i 3.trinn har oppnådd ein bra og to godt som vurdering av sine resultat og i 4.trinn er det eit produkt som er uryddig og manglande elles er det eit som er bra, tre som får godt og ein som oppnår svært godt resultat.

I 5. trinn er det ein elev som oppnår uryddig resultat, ein som oppnår ok resultat og den tredje har eg ikkje produktet for vurdering. For 6. trinn har er resultata slik at ein elev har oppnådd bra resultat og to har oppnådd godt resultat. I 7. trinn er det to elevar på ok resultat og den siste eleven fekk svært godt som vurdering på sitt resultat.

5.2.10 Oppsummering av funn


Her presenterer eg ei oppsummering av funn ovanfor. Eg har samla alle funn i eit skjema der eg har sett inn klassetrinn, kva slags reaksjon som er observert og kva som utløyste reaksjonen (vedlegg 2). Observasjonane er fargekoda etter kva som viser teikn til skaparglede. Eg har delt dei inn i verbale utsegn, mimikk og kroppsspråk. Først presenterer eg kor mange observasjonar eg har på dei ulike trinna og kva som er orsaka for reaksjonen.

Ut av dette skjemaet kan eg sjå fire observasjonar av skaparglede av elevar i 1. trinn. Ein går på forventning, to på bruk av symaskin og ein på forståing. I 2. trinn har eg ti observasjonar av skaparglede der tre av dei går på bruk av symaskin, fem på å lage, ein for å vise fram det som er laga og ein for å være ferdig. For 3. trinn har eg tjuette observasjonar der ein går på forventning til å sy, seksten på bruk av symaskin, to på å vise fram kunnskap, tre for å vise fram det dei har laga, tre på meistring, to på å være ferdig og ein på resultat. I 4. trinn er det sju observasjonar på skaparglede. Fire av dei går på bruk av symaskina, ein på meistring og to med å være ferdig.

På mellomtrinnet, 5.-7., er det for 5. trinn tjuei observasjonar på skaparglede. Der ein av dei går på forventning, fem på inspirasjon, tre på bruk av symaskin, to med å vise kunnskap, åtte på å lage, tre for å vise fram det dei har laga, to på forståing, ein på meistring, ein på å være ferdig og tre på resultat. I 6. trinn er det registrert fjorten observasjonar på skaparglede, der to går på forventning, to på bruk av symaskin, tre på å lage, to på å vise fram det dei har laga, tre på meistring og to på resultat. Til sist er det 7.trinn og der er det tjue observasjonar på skaparglede. Det er to på inspirasjon, fem på

bruk av symaskin, ein for å vise fram kunnskap, fem på å lage, tre på å vise fram det dei har laga, ein på meistring, ein på å være ferdig og to på resultat.

Her er resultata vist som graf.



Figur 12: Graf over skaparglede.


Grafen viser ein tendens at det å få bruke symaskin er det som gir mest skaparglede og som har treff på alle trinn.

Funn på manglande skaparglede har eg for 1. trinn tre observasjonar. Det er ein på forståing, ein på det å lage og ein på interesse for handverket. I 2. trinn er det to observasjonar på manglande skaparglede. Det er ein på å gjere feil og ein på prosess. For 3. trinn er det ni observasjonar på skaparglede. Ein på manglande meistring, fire på å ikkje forstå og fire på å gjere feil. I 4. trinn er det seks observasjonar på skaparglede. Det er to på manglande meistring, ein på manglande forståing, ein på å gjere feil, ein for at ting er blitt borte og ein for manglande interesse for handverket.

I 5. trinn er det ti observasjonar for skaparglede. Ein for manglande forventning, tre på manglande meistring, ein på manglande forståing, to på å lage, to på å gjere feil, ein for at ting er blitt borte og ein på prosess. For 6. trinn er det åtte observasjonar på

skaparglede. Det er to for manglande meistring, ein for manglande forståing, fire på å lage og ein på å gjere feil. I 7. trinn er det observasjonar på skaparglede. Ein på manglande meistring, to på manglande forståing, tre på å lage og to på å gjere feil.

Her er resultatata vist som graf



Figur 13: Graf over manglande skaparglede.

Her er det fire kategoriar som gir minst skaparglede og det er manglande meistring, manglande forståing, å lage og å gjere feil.

6 Drøfting

For å belyse oppgåvas problemstilling «*Korleis kan eit prosjekt i saum, med berekraft som ein rammefaktor, for elevar i grunnskulen, 1.-7. trinn, resultere i skaparglede?*» har eg valt å dele forskinga inn i tre forskarspørsmål. «*Korleis uttrykkjer elevane glede i ein skapande prosess?*», «*Kva er det i ein saumprosess som gir skaparglede?*» og «*Kan elevar heilt ned i 1. trinn bruke symaskin og oppleve skaparglede i eit saumprosjekt?*». Dette har eg gjort for å kunne samanfatte funna frå elevundersøkinga og svare på problemstillinga. Her vil eg presentere drøfting av funn satt opp mot eige skapande arbeid og teori.

6.1 Uttrykkje skaparglede

«Korleis uttrykkjer elevane glede i ein skapande prosess?»

Ut frå funn kan eg sjå kva for reaksjonar elevane uttrykkjer når dei opplever skaparglede eller i motsett retning opplever misnøye med ein skapande prosess. Eg meiner eg kan dekode elevane sine uttrykk ut frå forståing av situasjonar og språk, slik som Sperber meiner er grunnlaget for kommunikasjon (Brockman, J & Matson, K. 1995). Elevane uttrykkjer seg gjennom ulike typar språk. Det er verbalt språk, som går på kva dei faktisk seier. Mimikk som vises som ansiktsuttrykk og kroppsspråk på måten elevane beveger seg. Eg skil mellom mimikk og kroppsspråk fordi det ofte kan være at elevar uttrykkjer seg gjennom det eine eller det andre, alt etter situasjonen. Sitt dei konsentrert ved symaskina kan ansiktsuttrykkjet fortelje om korleis dei opplever situasjonen, sjølv om dei ikkje flyttar på kroppen.

6.1.1 Verbalt

Enkelte elevane uttrykkjer glede ved å komme med utrop som til døme «Åjjjjiii!» eller «Yay!». Andre elevar bryt ut i song slik som ein elev i 1.trinn som, framfor symaskina, syng «-sy, sy, sy, sy, sy...» Andre viser glede gjennom engasjert stemmebruk og rask tale, som ein elev i 6. trinn som oppdagar at oppgåva er å sy eit berereiskap og seier fort: «Da vil e sy ei rompetaske, som e ska ha med meg på ...(HI)». Glede kan og komme i litt rolegare

former der elevar ytrar ønskje om å få sy meir. Eleven i 4.trinn fant handverket motiverande og spør: «kan e få sy meir?» eller eleven i 7.trinn som ytrar ønske om å kjøpe seg si eiga symaskin: «E vil kjøp me.. E he løst te å sparra te en slik en her.» Eg har og observert misnøye gjennom verbale utsegn frå elevane. Her er det og utrop som «Uff!», «Ååå!» og «Nei!». Eller meir nedtona reaksjonar som: «E får det ikkje te» eller «Sy, eg er så dårleg til å sy.» Ein litt anna reaksjon enn det som går på sjølve handverket er når elevar uttrykkje misnøye over sin eigen person, slik som dette dømet viser: «Nei, e e dom i hodet. E skjønna ikkje.». Her verkar det som om eleven legg problemet over på eigen evne. Enda verre er dette dømet: «Ka e det så skjer? E hata livet mitt!». Der eleven viser misnøye til det som skjer til å omfatte livet hans.

Elevane sine verbale uttrykk stemmer overeins med mitt ESA der eg og har mange spontane positive og negative kommentarar til mitt arbeid. Eg ser at eg og uttrykkjer meg med kommentarar som går på prosess og produkt, men og på personlege evner med utsegn som viser at eg ikkje forstår arbeidsoppgåva, likt som for elevane.

Verbale utsegn som er uttrykt med høg lyd er det som kjem best til syne under observasjon av skaparglede. Dette er kanskje den største bakdelen med videoobservasjon i klasse med mykje lyd, da det er vanskeleg å oppfatte alt som blir sagt, men på tross av dette meiner eg å kunne vise noko om tendensane av korleis elevane uttrykkjer seg verbalt.

6.1.2 Mimikk

Ein måte eg har observert skaparglede på er kva elevane sitt ansikt fortel, altså mimikken dei har. Her har elevane uttrykt, etter det eg har observert, glede ved å smile i ulik grad. Misnøye har eg observert at elevane uttrykkjer med å sjå irritert ut, lei seg eller misfornøgd.

Sjølv om observasjon av ansiktsuttrykk ser ut som ein liten del av resultata er det mange treff på dette. Eit smil kan være alt frå eit lite glimt til eit breitt smil som breier seg over heile ansiktet når elevane opplever glede og det same er det med dei negative

ansiktsuttrykka. Enkelte elevar er og meir uttrykksfulle enn andre igjen, men resultatane viser tydeleg at elevane uttrykkjer glede gjennom mimikk. Dette viser seg og i ESA og eg kan relatere til elevane sine opplevingar gjennom mimikk.


6.1.3 Kroppsspråk

Elevane uttrykkjer glede eller misnøye også med kroppsspråk. Dette vises ved elevar som rettar seg opp når dei får ein ide, ser engasjerte og ivrige ut i kroppen sin når dei utforskar løysingar. Denne gleda vises og når elevar knyter hendene framfor seg i jubel, nikkar bekriftande eller arbeider konsentrert med oppgåva. Andre elevar viser glede i måten dei behandlar materiala på, slik som ein elev i 2. trinn som held forsiktig ei trådsnelle som om den var laga av gull eller når ein elev i 3. trinn viftar fornøyd med handtaka sine høgt i lufta. Elevane viser og glede når dei poserer med produkta sine og viser stoltheit i bevegelsane sine. Teikna til skaparglede uttrykt gjennom kroppsspråk finn eg og igjen i ESA der eg ser tydeleg på korleis eg sitt eller står om eg uttrykkjer at eg er fornøyd eller ikkje.

Ut ifrå Opplæringslova sin formålsparagrafs tanke om at skulen skal stimulere elevanes kraft til å skape og utfolde seg og kjenne på oppleving av skaparglede viser undersøkinga tendensar til at elevane gir uttrykk for skaparglede i eit saumprosjekt (Opplæringslova, 2016, § 1-1). Opplevinga av manglande skaparglede, meiner eg, er og ein naturleg del av eit praktisk skapande prosjekt. Ein møter motgang og føler på misnøye når prosessen ikkje går som forventa, men krafta til å skape kan gjere at elevane kjem over punktet der motgang opplevast og det kan i neste forsøk ende i skaparglede når eleven lykkast i arbeidet.

6.2 Kva gir skaparglede

«Kva er det i ein saumprosess som gir skaparglede?»



Figur 14: Skaparglede samansett av alle trinn.

Figuren over viser eit diagram som er ei samanfatning av kategoriane som elevane finn skaparglede i. Det skal seiast at det er til dels enkeltelevar som utgjer utslaget av resultatet på kategoriane, men det viser at elevar kjenner glede i meir eller mindre grad på dei ulike kategoriane. Ut frå undersøkinga er det tydeleg å sjå at bruken av teknisk reiskap er ein stor kategori, noko eg meiner hadde vore annleis hadde vi ikkje investert i nye symaskiner. Dette meiner eg ut frå tidlegare erfaringar med liknande oppgåver i saum, der symaskinene var til meir bry enn nytte. Om ein ser på funn av manglande skaparglede er ikkje tekniske reiskap ein eigen kategori, altså har eg ingen funn på dette. Derimot har eg funn på elevar som har manglande forventning til eigen evne til å sy, slik som elev 23 uttrykkjer det før han skal sy prøvelapp: «Sy, eg er så dårleg til å sy.» Eleven har ikkje særleg erfaring med symaskina, men han har sydd for hand i tidlegare oppgåver på skulen. Det kan difor være at det er denne erfaringa han tek med seg vidare inn i dette prosjektet. Den same eleven sitt, etter kvart, lenge å syr på prøvelappen sin og er godt

fornøyd, dermed har manglende forventning gått til glede over teknisk reiskap. Bruken av teknisk reiskap summerast fint av ein elev i 4.trinn. Han er svært ivrig på å få bruke symaskina og finn stor glede i det.

«Det som er artig er å sy.»

(sitat frå gut i 4.trinn)

Når elevane, i dei to klassane, sin oppleving av skaparglede og mi oppleving av skaparglede i ESA ses i samanheng, ser det ut til at elevane i 1.-4.trinn har størst glede i kategoriane som handlar om prosessen, og da i størst grad bruken av symaskina. Dette er og tilfelle for elevane i 5.-7.trinn, men dei har og ei større oppleving av skaparglede i andre delar av prosessen, som går på det å lage, finne inspirasjon og resultat av det dei har laga (sjå figur 15). Det kan sjå ut til at dei yngste elevane har størst glede av prosessrelaterte opplevingar, mens elevane i 5.-7.trinn er i ein overgang til meir produktrelatert opplevingar. Dette er meir likt mitt ESA, men mi skaparglede er i størst grad på produktet eg lagar. Dette kan igjen være på grunn av at eg i enda større grad, enn elevane, lausreve frå den tekniske prosessen det er å sy. Ut i frå mi undersøking kan det sjå ut til at skapargleda endrar fokus frå bruken av teknisk verktøy til prosess og til slutt å handle meir om produktet, etter som ein får større kunnskap innan handverket. Dette er i samsvar med det Norsk institusjon for kreativitet seier, om at når ein som har prøvd noko fleire gonger, ikkje kjenner på same skaparglede som ein som prøver noko for første gong (Norsk institutt for kreativitet, u.å.). Når det i St.meld 28, står at dybdelæring er viktig for alle fag og at, gradvis og over tid, skal elevane oppnå forståing av begrep og samanhengar innan faget (kunnskapsdepartementet, 2016, s. 14), meiner eg å sjå ut frå mi undersøking at elevane med fordel kan starte med symaskiner frå tidlegare alder enn det som kjem til orde i læreplana. Dagens læreplan har kompetansemål som seier at elevar i 7.trinn skal kunne bruke symaskin, men at elevane i tidlegare trinn skal lære seg handverktøy innan saum (Utdanningsdirektoratet, 2006, s. 6). Altså vil ikkje opplæringa av å bruke symaskiner starte før i 5.trinn. Ut i frå læreplana som no er ute på høring ser det ut til at dette synspunktet ikkje er endra (Utdanningsdirektoratet, 2019, s.7). Denne gleda i å nytte seg av tekniske reiskap burde vært meir utnytta og kan gjere faget meir

framtidretta. I finsk (Studieinfo, 2014) og svensk (Skoleverket, u.å) skule er bruken av tekniske reiskap inne i lågare trinn enn i Noreg og ut frå undersøkinga mi ser det ut til at dette er noko vi kan ta til oss og endre i norsk skule.

Eg har og sett på om det er forskjellar mellom kjønn på kategorien teknisk reiskap og det viser ikkje funna i nokon særleg grad. Det er jamt fordelt mellom kjønna om oppleving av skaparglede over bruken på teknisk reiskap.

	1.trinn	2.trinn	3.trinn	4.trinn	5.trinn	6.trinn	7.trinn	sum
Forventing	1			1		1	2	
Teknisk reiska	2		3	16	4	3	2	5
Vise kunnskap				2		2		1
Forståing	1					2		
Meistring				3	1	1	3	1
Være ferdig			1	2	2	1		1
Lage			5			8	3	5
Vise fram			1	3		3	2	3
Inspirasjon						5		2
Resultat				1		3	2	2
sum	4	10	28	7	29	14	20	

Figur 15: Skaparglede satt inn i tabell.

Det er og ein faktor at det i 1.-4.trinn er 17 elevlar og i 5.-7.trinn er det 9 elevlar. Resultata i figur 15 viser at sjølv om elevane i 5.-7.trinn er færre har dei ei større oppleving av skaparglede enn elevane i 1.-4.trinn. Det kan og seiast, ut frå resultata av undersøkinga, at skaparglede blir meir tydeleg jo eldre elevane blir. Dette kan være på grunn av at eldre elevlar heller uttrykkjer seg verbalt og kroppsleg, men det kan og være teikn til at elevlar med meir erfaring har større grunnlag for skaparglede. Truleg er dette fordi dei har kunnskap som gjer at dei kan lausrive seg frå det tekniske og utforske designprosessen i større grad. Når elevane i 5.-7.trinn startar å utforske andre produkt som dei kan lage, ser eg ut frå observasjonane at dei opplevast som konsentrerte og oppslukte av arbeidet dei utfører. Samanlikna med min ESA ser eg at eg opplever prosessen med å sy skjorte som tung og at den ikkje har den same skaparglede som eg meiner eg vanlegvis opplever når eg syr og som eg opplevde i forundersøkinga ved syng av hatt. Dette kan være fordi eg syr skjorte som ein del av min master og føler på tanken om at eg gjer dette berre fordi eg må. Eg opplevde ikkje at tid og sted forsvann, eller at eg var oppslukt av arbeidet. Eg

opplevde heller det stikk motsette, at tid og sted var svært gjeldande. Dette meiner eg å kunne sjå igjen i elevane sin prosess, då det er først når elevane i 5.-7.trinn lausriv seg frå oppgåveteksten at eg kan sjå teikn til at dei blir oppslukte i produktet dei arbeider med. Dette er ei oppleving av flyt og i følgje Olafsson og Gulliksen er det da elevane opplever glede (Olafsson & Gulliksen, 2019, s. 260). Ein kan seie at dei eldre elevane har større grad av flyt i sine opplevingar. Undersøkinga viser teikn til at elevar kan oppleve glede i ein saumprosess, sjølv om elevane ikkje kan seiast å oppleve flyt. Ein må skilje mellom glede oppnådd av små delar av ein prosess og glede som oppstår som følgje av prosessen. Eg meiner begge kan tolkast som skaparglede.

Skaparglede, i følgje Schumpeter, er noko ein opplever når ein går inn i ein skapande prosess av eigen trong til å skape (Sou 2003:90, s. 112). Dette er ofte ikkje tilfelle i ein skulesituasjon fordi elevane får i undervisninga oppgåver dei må løyse, men på tross av dette viser undersøkinga at elevane opplever skaparglede.

Saum i skulen har eit godt utgangspunkt for å arbeide med samarbeid og spesielt der det er aldersblanda undervisning. Dette gir store områder for elevar å lære av kvarandre og samarbeide om å løyse oppgåver. Undersøkinga viser at elevar har glede i å arbeide saman med andre. Dette vises i at elevane ønskjer å vise fram det dei lagar til andre og at dei ønsker å hjelpe kvarandre, spesielt ved å lære opp andre i bruken av symaskina. Glede over samarbeid kjem og fram når elevane idemyldra over ulike løysingar på produktet. Dette kjem tydeleg fram ved dei elevane i 5.-7.trinn, når dei får gå vekk frå oppgåva og lagar andre produkt.

Eg ser i etterkant at samarbeid ikkje fungerte i alle gruppene, men dei som mangla kompetanse søkte, eller forsøkte å finne hjelp utanfor gruppa. Nokre grupper mangla innsikt i kva dei mangla av kompetanse og såg ikkje kva dei trengte hjelp til og desse hadde vanskar med å hjelpe kvarandre. Dette kan være av interesse for handverket, men det kan og være fordi dei ikkje forstod korleis dei skulle dra nytte av kvarandre i samarbeid. Her har med andre ord gruppesamansetninga ikkje hjelpe gruppa til å dra kvarander opp slik Kandal (Melheim, 2009) skriv som viktig faktor for at ei gruppe skal fungere.

Elevane sine små opplevingar av forståing og meistring er i samsvar med tanken om oppnådd mini-C nivå på kreativitet (Olafsson & Gulliksen, 2019, s. 252), då dei tileignar seg ny kunnskap. I observasjonane ser eg at samarbeid, med andre, viser teikn på at elevane hjelper kvarandre til større forståing og meistring. Det vises og i samarbeidssituasjonar at elevane uttrykkjer glede.

6.3 Saum frå 1.trinn

«Kan elevar heilt ned i 1. trinn bruke symaskin og oppleve skaparglede i eit saumprosjekt?»

Dette spørsmålet er todelt og eg vil først gå inn på om elevar i 1.trinn kan meistre bruk av symaskina, for så å sjå om dei opplever skaparglede.

Sett ut frå resultata i produktanalysen av elevarbeida (sjå vedlegg 4) vises det at elevane i 1.trinn har meistra saumoppgåva på ein god måte. Elevane har oppnådd ok og bra resultat på vurdering av produkta opp mot kriteria som dei fekk i oppgåva. Kriteria er i samsvar med det som Melilot skriv som nødvendig kunnskap, slik som rettsaum, sikksakk og retursaum (Merlilot, 2017, s. 18-19). Dette viser igjen teikn til at elevane kan meistre å bruke symaskina i eit saumprosjekt, heilt ned i 1.trinn. I følgje Forsström og Larsson (2008) si forskning, seier pedagogar at eit argument imot å starte så tidleg er fare for ulykker, noko mi undersøking ikkje byggjer opp under, da ingen av elevane skada seg ved bruk av symaskinene (Forsström & Larsson, 2008. s. 29-30). Dette kan så klart være tilfeldig, men det kan også være fordi symaskinene vi brukte var spesielt egna for bruk i skulen. Dette viser teikn til at om reiskapen elevane har til råde er ordentleg og tilstrekkeleg trygge, kan yngre elevar bruke dei. Ved observasjon av elevane som bruker symaskiner kan det sjå ut til at bruken skjerper konsentrasjonen, dette er i motsetning til det Forsström og Larsson fant som argument mot å starte med sløyd frå 1.trinn (Forsström & Larsson, 2008. s. 29-30). Dette vises i at elevane, som får lov til å sy, sit lenge ved symaskina og at dei fokuserer på arbeidet dei har framfor seg når dei syr, i motsetning til når dei gjer andre oppgåver. Dette kan være fordi symaskinene er plassert slik at dei som syr ikkje sitt ved andre elevar, men det kan og tolkast til at elevane finn dette så interessant og spennande at dei har meir lyst til å fokusere på symaskina enn alt anna

som skjer rundt dei. Dette kan og være teikn til at elevane opplever flyt, da enkelte av dei blir oppslukt i bruken av symaskina. Dette gjeld ikkje berre elevane i 1.trinn, men og dei som er eldre.

Når ein ser på oppleving av skaparglede er det ikkje mange treff på elevane i 1.trinn. Det sagt så er dei ikkje fleire enn tre elevar og, tatt i betraktning av at elevane i 1.trinn naturleg nok ikkje er dei som uttrykkjer seg mest i ein klasse med ulike aldrar inn i same undervisning. Det kan difor være at elevane har opplevd både skaparglede og misnøye som ikkje er blitt observert. Undersøkinga viser teikn til at elevar heilt ned i 1.trinn kan oppleve skaparglede i ein saumprosess. Det elevane i 1.trinn opplever skaparglede på er i størst grad symaskina, der elevane opplever forventning til å få bruke symaskina og kva symaskina har av tekniske høve.

6.4 Berekraft som rammefaktor

Eg spør i mi problemstilling «*Korleis kan eit prosjekt, med berekraft som ein rammefaktor, i saum for elevar i grunnskulen, 1.-7. trinn, resultere i skaparglede?*». Her ser eg på korleis rammefaktoren berekraft har innverka på elevane si oppleving av skaparglede.

Når ein samlar inn stoff for å bruke i ei oppgåve gjer dette noko med prosessen, då elevane ikkje får det store utval av nye stoff som ein kan finne å velje mellom. Det ville og kunne seiast at denne avgrensinga kan ha positiv påverking, utanom å være gjenbruk, og det er at utveljinga av stoff kan være enklare for elevane. Bruken av gamalt tøy kan og gjere det enklare for elevane å ta tak i stoffet og bruke det. Av eiga erfaring kan det å nytte seg av fint og kanskje dyrt stoff være vanskeleg fordi ein kan være redd for å gjere feil og at det vil være kostbart å rette på. Denne avgrensinga kjem elevane utanom då det er meir stoff å ta av. Det er og nyttig å la elevane lære seg å sy ved å bruke gjenbruksstoff, då det ikkje i same grad er ei økonomisk belastning for skulane. Det elevane lagar av stoff som kanskje er tenkt for avfallssortering bør i utgangspunktet ikkje bli til nytt avfall, men dette kan ikkje nødvendigvis være fokuset under opplæring av handverket. Dermed vil det å lære elevane å bruke symaskiner og bruke gjenbruksmaterial være berekraftig og gir elevane mulegheit for å øve handverket utan

for store miljømessige konsekvensar. Kompetansen dei byggjer kan seinare bli nytta i større oppgåver. Når eg ser på korleis elevane angrip haugen med stoff som dei har til rådde, ser det ikkje ut til at dei reflekterer i særleg negativ grad over at dette er brukte stoff. Dei syns det er festeleg at dei kan ta dukar, sengetøy og anna stoff og lage noko anna av det. Fleire av elevane i 5.-7.trinn ser på stoffa og ser for seg kva dei kan lage av dei, ting som er utanom oppgåva. Ved ei anledning seier ein av elevane: «Ta her ser litt ut som ein kjole.» Stoffa som er samla inn er av ulike størrelsar og dette kan være grunnen til at elevar kan lettare sjå for seg mulegheiter for kva dei kan lage.

Å leggje til rette for avfallshandtering og å vise elevane korleis dei kan nytte seg av stoff utan å øydeleggje for mykje av det ved å klippe midt i stoffet, slik som erfaringsvis elevar ofte gjer, kan ein gi elevar haldingar og kunnskap om korleis dei kan gjere sitt for å ta berekraftige val i kvardagen. Dette stemmer over eins med kompetansemåla som er ute på høring, der det står at elevane skal lære seg å bruke material på ein miljøbevisst måte (Utdanningsdirektoratet, 2019, s. 5-7). Ut frå observasjon av undervisninga kan eg sjå at elevane lett tar til seg nye måtar å handtere avfall på. Det er i stor grad bruk av eigne avfallsdunkar for stoffavfall som blir implementert i undervisninga. Det er tilfelle der elevar legg stoff i feil avfallsdunk, men det blir ofte fort oppdaga og elevane passar på slik at stoffrestane kjem på rett plass. Dei lærer av kvarandre.

Dersom kunnskapen elevane får om saum og berekraft, kan bidra til at elevane tenkjer seg om før dei kjøper nye klede, leverer inn klede til gjenbruk eller resirkulering eller reparere klede dei alt har, vil eg seie at å lære elevar å sy heilt klart er eit prosjekt som fører til berekraftige handlingar og igjen til berekraftig utvikling.

7 Avsluttande refleksjonar

Innleiingsvis nemner eg lærarane sitt ansvar for å passe på at alle elevane skal oppleve skaparglede i skulen. For å kunne gi elevane opplevinga av skaparglede må vi (lærarane) ha ei forståing om kva det er som gir elevane skaparglede og korleis dei uttrykkjer det. Dette meiner eg å ha fått eit lite innblikk i gjennom undersøkinga.

7.1 Metodekritisk blikk

Undersøking med videoopptak kan være utfordrande og undersøkinga ville sikkert fått fleire observasjonar om det hadde vært opptak frå fleire vinklar i klasserommet. Dette kan være ein tanke å ta med seg om ein skal gjennomføre klasseromforskning seinare.

Eg ser i ettertid at innsamling av datamateriale kunne vore supplert med samtalar eller liknande for å få elevanes sitt syn og tankar på korleis dei har oppfatta prosessen og om korleis dei sjølv har opplevd skaparglede. Dette ville gitt eit meir nyansert svar på problemstillinga.

Gruppesamansetningane kunne etter vurdering av samarbeid vore endra på i løpet av undersøkinga, da eg såg at enkelte grupper ikkje fungerte slik eg tenkte dei ville i utgangspunktet. Dette kan være vanskeleg å endre på i eit prosjekt, då det vil gå ut over andre grupper, som kanskje fungerte godt. Det kan være fin lærdom å ha med seg til seinare prosjekt.

I undervisninga mi kan eg nok seie at elevane ikkje hadde nytta seg av konkretiseringsmaterial i særleg grad. Dette kan bety at dei ikkje har forstått korleis eller kvifor dei skal bruke modellane eg hadde laga, som igjen kan bety at eg ikkje hadde forklart nytta av dette godt nok til elevane. Dette gjeld og til dels elevane som fekk utdelt oppskrift. Oppskrifta vart delvis nytta av enkelte elevar. Meir fokus på dette ville ha hjulpet fleire elever i prosessen.

7.2 Didaktiske implikasjonar

Kva vil det seie –å kunne sy. Saum er både handsaum og saum med symaskiner. Ut frå undersøkinga ser det ut som det å få lov til å bruke symaskin gir stor fasinasjon og kan være ein motivasjonsfaktor for elevar til å lære seg nettopp det å sy. Undersøkinga viser tendensar til at elevar heilt ned i 1.trinn kan ha glede av, og nyttegjere seg, bruken av symaskin. Kanskje kunne det ha vore enklare for elevar å begynne med symaskin for så å lære handsaum parallelt eller seinare i skulen.

Om elevane startar med symaskin alt frå 1. årstrinn kan dei tileigne seg slik kunnskap og kompetanse at dei i eldre trinn kan utfolde seg kreativt i større grad i eit saumprosjekt. Dei kan då løysrive seg frå dei tekniske «vanskane» dei hadde tidlegare og bruken av symaskina blir eit reiskap for å skape. Det er ikkje nødvendigvis at dei i 1. trinn skal lage det same som dei eldste, slik som i denne avhandlinga, men at dei får begynne med å bli kjent med verktøy og utstyr som trengs for å sjå heilheita i ein saumprosess. Dette kan gi elevane dybdelæring i handveket saum og ein kan kanskje seie at dybdelæring fremmar skaparglede.

Eg meiner å sjå i mi undersøking at ein kan arbeide med berekraftig utvikling på ein måta der handlingar og holdningar kjem naturleg inn i undervisningar og at fokuset ikkje er direkte på temaet berekraft men at det blir ein del av kvardagen. Vi må vise, gjennom handling, korleis ein kan ta omsyn til miljøet og ikkje berre snakke om det.

Ut frå funn i mi undersøking vil eg prøve å forklare skaparglede slik;

Skaparglede er ein indre glede, ofte spontan, som kjem til uttrykk på ulikt vis og av ulik art i ein skapande prosess. Skaparglede kan komme av dei små erkjenningane av oppnådd kunnskap og/eller av opplevinga av ein prosess, men og av produktet ein skapar. Ein må skilje mellom glede oppnådd av små delar av ein prosess og glede som oppstår som følge av prosessen. Begge gir skaparglede.

7.3 Vidare forskning

Da denne undersøkinga er gjennomført i ein liten fådelt skule, ville det vært nyttig å sjå om større skular hadde underbygd funna, eller om det ville vist seg annleis der. Eit lengre studie ville kunne sjå meir på dybdelæring og progresjon i saum.

Eit anna aspekt som ville vært nyttig å gå inn på er korleis assistentar og lærarar kan påvirke elevane si oppleving av skaparglede. Korleis kan vi oppdage og forsterke elevar sitt område som dei kan oppleve skaparglede i? Kva vi som vaksenpersonar kan gjer og korleis vi kan oppføre oss for å auke skaparglede i staden for å kvele den?

7.4 Avsluttande kommentar

I ein skapande prosess vil det alltid være både positive og negative opplevingar og dette kjem til uttrykk på mange forskjellig vis. Når ein er pålagt av styringsdokument at elevar skal oppleve skaparglede i undervisning må ein i oppgåver til elevane nå eit breitt spekter av interesse. Saum med symaskin har eit slikt stort spekter av område der elevane opplever skaparglede. Det er det prosessrelaterte området som omhandlar inspirasjon, forståing, meistring og det å lære bort til andre. Det er det tekniske området ved å bruke symaskiner som og er prosessrelatert, men eg tek det med som eit eige punkt fordi det i undersøkinga utpeikar seg som eit stort område for elevane. Til slutt det produktrelaterte området der fokuset litt meir på produktet. Eg tør å påstå at å lære elevane å sy med symaskin gir fleire elevar skaparglede, enn om ein lærer dei handsaum fordi undersøkinga viser at saum med symaskin treff ulike elevar på ulike områder.

Skaparglede er for enkelte elevar oppleving av å få ny innsikt i områder dei tidlegare ikkje hadde kunnskap i og for andre er det opplevinga av å bli oppslukt av ein prosess, det være seg deler av ein større prosess eller prosessen som ein heilheit.

8 Kjeldeliste

Allott, N. (2018). Kommunikasjon. Henta 20. april 2019 frå

<https://snl.no/kommunikasjon>

Baltzersen, R. K (2014) Praksisveilederen i skolen Didaktisk veiledningsstrategi. Henta

06. mai 2019 frå <https://praksisveilederen.pressbooks.com/chapter/kapittel-16-didaktisk-veiledningsstrategi/>

Baylay, J. (u.å). 1940s Society, French, American & British Wartime Fashion. Henta 28.

april 2019 frå <http://www.1940.co.uk/acatalog/french-american-and-british-wartime-fashion.html>

Bergström, E og Hallenberg, E (2014). *Laborativt material och taluppfattning, eng*

litteraturstudie med fokus på de tidliga skolåren. Henta 27.04.2019 frå <http://liu.diva-portal.org/smash/get/diva2:709932/FULLTEXT01.pdf>

Bolstad, Bjørn. (2019). Fagfornyelsen og dybdelæring –Kva med kunstfagene? *Form fagdidaktisk tidsskrift for kunst og design*, 53(1/2019), 25.

Brockman, J og Matson, K. (1995) *How things are: A sciens toolkit for the mind*. Henta

22. april 2019 frå <http://www.dan.sperber.fr/?p=21>

Burda. (1978) *Moden macht Mode zum Mitmachen*. Offenburg: Verlag Aenne Burda.

Drew, Debroah og Reichart, Elizabeth. (2019) *These are the economic, sosial and environmental impacts of fast fashion*. Henta 07. Mars 2019 frå

<https://www.weforum.org/agenda/2019/01/by-the-numbers-the-economic-social-and-environmental-impacts-of-fast-fashion/>

Elliott, M. 2013. *What is Creative Joy? Does it matter?* Henta 20. Februar 2019 frå

<https://marianne-elliott.com/2013/02/creative-joy-2013/>

ElseWhenMillnery (2019). Sewing Pattern – Penny. Henta 12. september 2018 frå https://www.etsy.com/no-en/listing/151507120/sewing-pattern-penny-1920s-twenties?ref=shop_home_active_44&pro=1

FN-sambandet. (2019). Bærekraftig Utvikling. Henta 22. mars 2019 frå <https://www.fn.no/Tema/Fattigdom/Baerekraftig-utvikling>

Haug, Peder (2011). *Klasseromforskning – kunnskapsstatus og konsekvensar for lærarrolla og lærarutdanning*. Rapport 21.

Janome. (2019) Janome Decor 4030. Henta 08. mai 2019 frå <https://www.janome.no/p/decor-computer-4030/>

Karlsen, K. H og Bjørnstad, G.B. (Red.). (2019). *Skaperglede, engasjement og utforskertrang: Nye perspektiver på estetiske og tverrfaglige undervisningsmetoder som redskap i pedagogisk virksomhet*. Oslo: Universitetsforlaget.

Kangas, K. Seitamaa-Hakkarainen, P. og Hakkarinen, K. (2013). *Design Thinking in Elementary Students Collaborative Design Proses*. Henta 23. april 2019 frå https://helda.helsinki.fi/bitstream/handle/10138/231401/document_1_.pdf?sequence=5&isAllowed=y

Kjellberg, A, (2009). Søm: nålearbeid. I Store norske leksikon. Henta 24. februar 2019 frå <https://snl.no/s%C3%B8m - n%C3%A5learbeid>

Kreativitet. (2009, 14. februar). I Store norske leksikon. Henta 22.mars 2019 frå <https://snl.no/kreativitet>

Kreativt Norge. (u.å). *Definisjoner på kreativitet*. Henta 19. februar 2019 frå http://www.kreativtnorge.no/Kreativitet/Definisjoner_kreativitet.htm

Krumsvik, R. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode –ei innføring*. Bergen: Fagbokforlaget

Kunnskapsdepartementet (2016). *Fag – Fordypning –Forståelse En fornyelse av Kunnskapsløftet*. (Meld. St. 28 2015-2016). Henta 12. april 2019 frå <https://www.regjeringen.no/contentassets/e8e1f41732ca4a64b003fca213ae663b/no/pdfs/stm201520160028000dddpdfs.pdf>

Lerdahl, Erik. (2011). *Slagkraft, Håndbok i idéutvikling* (1. utg.). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag

Matre, S. (2000). *Samtaler mellom barn om utforskning, formidling og lek i dialogar*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Melilot, M. (2017). *Alle kan sy*. Latvia: Cappelen Damm AS.

Mulder, P. (2012). *Flow model by Mihaly Csikszentmihalyi*. Henta 04. mai 2019 frå <https://www.toolshero.com/psychology/personal-happiness/flow-model-csikszentmihalyi/>

Opplæringslova. (2016). *Lov om grunnskolen og den vidaregåande opplæringa* (Lov-1998-07-17-61). Henta 17.01.19 frå https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61/KAPITTEL_1#%C2%A71-1

OsloMet. (u.å). *Forside*. Henta 1. mai 2019 frå <https://www.oslomet.no/>

Skaperglede. (u.å) I *Det norske akademis ordbok*. Henta 20. februar 2019 frå <https://www.naob.no/ordbok/skaperglede>

Skolverket (u.å). *Läroplan och kursplaner för grundskolan Slöyd*. Henta 06. mai 2019 frå <https://www.skolverket.se/undervisning/grundskolan/laroplan-och-kursplaner-for-grundskolan/laroplan-lgr11-for-grundskolan-samt-for-forskoleklassen-och-fritidshemmet?url=1530314731%2Fcompulsorycw%2Fjsp%2Fsubject.htm%3FsubjectCode%3DGRGRSLJ01%26tos%3Dgr&sv.url=12.5dfce44715d35a5cdfa219f#anchor3>

Snyder. C.R. og Lopez. Shane J. (Red.) (2009). *Oxford Handbook og Positive Psychology* (2. utg.). New York: Oxford University Press. Henta 17.03.19 frå https://books.google.no/books?hl=no&lr=&id=6lyqCNBD6oIC&oi=fnd&pg=PA195&dq=flow+csikszentmihalyi&ots=IMH6VE2hyB&sig=gHzgIHMiJphCNGiUXmg1mOj_P50&redir_esc=y#v=onepage&q&f=false

SOU 2003:90. (2003) , *Innovative processer*. Henta 20. april 2019 frå <https://books.google.fi/books?id=LYRBH0kYDxcC&printsec=frontcover&dq=inauthor:%22Sverige+Utredningen+om+innovativa+processer%22&hl=sv&sa=X&ved=0ahUKEwius9KVqJfAhUDCywKHfc9CMIQ6AEIzAA#v=onepage&q=skapargl%C3%A4dje&f=false>

Studieinfo (2014). *Grunderna för läroplanen för den grundläggande utbildningen 2014 Slöyd*. Henta 06. mai 2019 frå <https://eperusteet.opintopolku.fi/#/sv/perusopetus/419550/sisallot/530524?valittu=428781>

Utdanningsdirektoratet (2019). *Høring –læreplaner i kunst og håndverk og duodji*. Henta 2. mai 2019 frå <https://hoering-publisering.udir.no/341>

Utdanningsdirektoratet (2006). *Læreplan I kunst og håndverk* (KHV1-01). Henta 26. april 2019 frå <http://data.udir.no/kl06/KHV1-01.pdf>

Utdanningsdirektoratet. (2017). *Overordna del –verdier og prinsipper for grunnopplæringen*. Hentet frå [file:///C:/Users/66ledmar/Downloads/overordnet-del%20\(1\).pdf](file:///C:/Users/66ledmar/Downloads/overordnet-del%20(1).pdf)

Utfalde. (u.å) *I Språkrådets nynorskordbok*. henta 17.03.19 frå <https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=utfolde>

4H Møre og Romsdal (u.å). *Om 4H*. Henta 06.04.19 frå <https://www.4h.no/moreogromsdal/Om-4H.aspx>

9 Bildeliste

Bilde 1: Organisering av klasserom.	37
Bilde 2: Innsamla stoff frå foreldra.	38
Bilde 3: Foto av symaskin Janome DC 4030	39
Bilde 4: Handtak i ulik grad av ferdigstilling.	41
Bilde 5: Handtak delvis ferdig festa(nederst) og ferdig festa (øvers).	41
Bilde 6: Konkretiseringsmateriale veske, med og utan ferdig handtak.	41
Bilde 7: Mønster "Penny".	47
Bilde 8: Bukse til gjenbruk.	47
Bilde 9: Hatt, for stor.	48
Bilde 10: Bilder av ferdig hatt.	48
Bilde 11: Burda mønsterblad frå 1978(Burda)	50
Bilde 12: Bilde av skjorta vist i Burda 4 april 1978 (s.48).	50
Bilde 13: 1940-talls mote (Baylay, u.å.).	50
Bilde 14:Før val av mønster.	51
Bilde 15: Etter val av mønster.	51
Bilde 16: Forklaring av skjortemønster og samansying (Burda 4. 1978, s 49).....	52
Bilde 17: Klipping med venstre hand. Uvandt handling.....	53
Bilde 18: Klipping med venstre hand. Tommel i stressposisjon.	53
Bilde 19: Mønsterdelane til skjorta ferdig klipt ut.	54
Bilde 20: Saum av bakstykke. Rynkinga blir ikkje bra.....	55
Bilde 21: Nytt forsøk med betre resultat.	56
Bilde 22: Sying av prøvelapp for knapphol.	57
Bilde 23: Ferdig skjorte.	58
Bilde 24: Elev med rosa trådsnelle.....	75
Bilde 25: Rosa tråd.	75
Bilde 26: Elev sy med rosa tråd.	75
Bilde 27: Elev fornøyd med å finne ein mal.....	76
Bilde 28: Elevane lagar truse.	77
Bilde 29: Elevane festar strikk i truse.....	78
Bilde 30: Oppteikning av onespiece.....	79

Bilde 31: Sette nåler i onepiece.	79
Bilde 32: Nåling på golvet.	80
Bilde 33: Finne rett lengde på beina.	80
Bilde 34: Prøver onepiecen. Fornøyd.	80
Bilde 35: Arbeid med kjole.	81
Bilde 36: Festing av skulderstropp.	81
Bilde 37: "Brud"	81
Bilde 38: Panneband med netting.	81
Bilde 39: Utprøving av stoff som deler av klede.	81
Bilde 40: Elev viser stolt fram det han har sydd til ein medelev.	82
Bilde 41: Elev 19 viser fram prøvelapp.	83
Bilde 42: Elev 27 viser fornøyd fram produktet sitt.	84
Bilde 43: Elev 22 og elev 26 viser fram produkta sine til kvarandre.	84
Bilde 44: Brura poser.	85
Bilde 45: Elev viser fornøyd fram sine ferdigsydde handtak.	88

10 Figurliste

Figur 1: Visualisering av undervisning av ein saumprosess.	18
Figur 2: FN-sambandets tre dimensjonar for berekraft (FN-sambandet, 2019).	20
Figur 3:Modell over avhandling.	21
Figur 4: Csikszentmihalyi illustrasjon av "Flow" (Mulder, P. 2012)	26
Figur 5: Fargekoding av transkripsjon.....	35
Figur 6: Modell over drøfting.	36
Figur 7: Graf over skaparglede ESA.....	59
Figur 8: Graf over manglande skaparglede ESA.	60
Figur 9: Skaparglede i mitt ESA.	62
Figur 10: Skjema for koding av Skaparglede.....	65
Figur 11: Vurdering av produkt. Her med trinnvis inndeling.....	100
Figur 12: Graf over skaparglede.....	102
Figur 13: Graf over manglande skaparglede.	103
Figur 14: Skaparglede samansett av alle trinn.	108
Figur 15: Skaparglede satt inn i tabell.....	110

11 Vedlegg

11.1 Vedlegg 1: Transkripsjonsskjema

Tid/ opptak id	Kven	kontekst	Kva skjer	Kva blir sagt	Kategori (koding)	Analyse

11.2 Vedlegg 2: Samanfatning Funn

Verbalt
Mimikk
